



UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

Masteroppgåve

AORG 350

Middelvegen til det ideelle universitet?

**Politiske endringar og internasjonalisering ved Fudan universitet,
Shanghai**

Aina Isdal Haugland

Haust 2012

FORORD

Kinesisk kunnskapspolitikk har etter kvart vorte ein fast følgjesvenn, men i kombinasjon med jobb har det siste året blitt i overkant ambisiøst. Det er eit spanande tema som eg gjerne skulle brukt meir tid på. Likevel ser eg fram til å kunne ta fatt på andre prosjekt.

Eg er utruleg takksam for råd og støtte frå Ivar Bleiklie, som har vore hovudveileidar gjennom heile prosessen. Det har vore utruleg lærerikt, og alltid like inspirerande å gå på veiledning! Deltaking på forskargruppa KPO har gitt meg innsikt i fagfeltet utdanningspolitikk, noko som heilt klart har hjelpt meg i skriveprosessen. Eg har òg vore med på ei rekkje seminar med forskargruppa PGI og er glad for entusiasmen og engasjementet som alltid er der.

Tusen takk til Cecilie F. Bakke, Yi Wang og Anne Kari Johansen ved Norsk senter for menneskerettigheter (NCHR) ved Universitetet i Oslo for gode og viktige innspel om Kina og om koplinga mellom menneskerettar og akademisk fridom. Frå NCHR har eg mottatt stipend for 4,5 månader og eg har i ein kortare periode hausten 2011 hatt arbeidsplass der.

Nordisk senter ved Fudan har vore til stor hjelp både med det praktiske og med forståinga for kinesiske kultur og livet ved Fudan. Tusen takk for all den gode hjelpa! Eg er òg takksam for alle som har stilt opp til intervju eller på andre måtar gitt meg eit innblikk i kinesisk kultur og samfunn.

Til slutt vil eg takke alle på Sofie Lindstrøms for faglege innspel og gode kaffipausar i ein tidleg fase og tolmodige kollegaer for at dei heldt ut med eit noko fråverande sinn på jobb. Ikkje minst er eg veldig glad for støtte frå vener og familie som sikkert opplever meg som minst like fråverande; eg lovar bot og betring!

Aina Isdal Haugland 02.12.12

Forord.....	2
1 Innleiing.....	5
1.1 Problemstilling.....	9
2 Historie.....	10
2.1 Europeisk historie.....	10
2.2 Kinesisk historie.....	13
2.2.1 Det kinesiske utdanningssystemet.....	18
2.2.2 Prosjekt 211.....	20
2.2.3 Prosjekt 985.....	21
2.2.4 Sosiale nettverk og indirekte makt.....	22
2.2.5 Academic Ranking of World Universities.....	24
3 Teori.....	25
3.1 Normative ideal.....	26
3.2 Konfutsianismen som normativt ideal.....	29
3.3 Organisatoriske ideal.....	33
3.3.1 Universitetet som verktøy for staten.....	34
3.3.2 Universitetet som autonom kulturell institusjon.....	34
3.3.3 Universitetet som bedrift.....	35
3.3.4 Heteronom kulturell organisasjon.....	36
4 Metode.....	38
4.1 Case.....	38
4.1.1 Ulike tilnærmingar.....	41
4.2 Datakjelder og innsamlingsmetodar.....	44
4.2.1 Dokumentasjon.....	45
4.2.2 Arkiv.....	46
4.2.3 Intervju.....	46

4.2.4 Deltakande observasjon	48
4.2.5 Fysiske gjenstandar	51
4.3 Gjennomføring av studien	51
4.4 Reliabilitet og validitet	52
4.5 Mine val	54
5 Fudan.....	57
5.1 Historie og struktur	57
5.2 Internasjonalisering	67
5.3 Finansiering.....	72
6 Analyse	76
6.1 Normative ideal	76
6.1.1 Rasjonalisme.....	77
6.1.2 Funksjonalisme	78
6.1.3 Idealisme	79
6.1.4 Konfutsianisme	81
6.2 Organisatoriske ideal	85
6.2.1 Fudan som verktøy for staten	85
6.2.2 Fudan som autonom kulturell institusjon	87
6.2.3 Fudan som bedrift	89
6.2.4 Fudan som heteronom kulturell organisasjon	92
7 Konklusjon.....	95
7.1 Svar på problemstilling	95
7.1.1 Kva verdiar og organisasjonsformer kjenneteiknar Fudan?	95
7.1.2 Korleis påverkar politiske endringar Fudan?	97
7.1.3 Kvifor ønskjer Fudan å konkurrere på verdsbasis og auke internasjonaliseringa?	99
7.2 Avslutning	101
8 Litteraturliste.....	103

Høgare utdanningsinstitusjonar i Kina tradisjonelt vore forvaltningsskular der kunnskap og makt har vore tett knytt saman i eit sterkt meritokrati. I dag er målsetjingane for universiteta å verte konkurransedyktige internasjonalt, noko som kan innebere større akademisk fridom og meir internasjonalt samarbeid. Det kinesiske programmet 211 der ein freistar å løfte 100 kinesiske universitet til internasjonal standard (Law, 1996) viser at Kina har ambisjonar om endringar i universitetssystemet og ein kan sjå på prosjekt 211 og prosjekt 985 som døme på at Kina tek opp i seg internasjonale tendensar og lærer av industrialiserte land (Yoder, 2011). Det at Kina ønskjer større innverknad kan få konsekvensar for akademia verda over, særskilt om kinesiske kriterium skal kunne setje standarden for kva som er det ideelle universitet. Ulikt land som India som legg stor vekt på grunnskule, har Kina konsentrert seg om høgare utdanning i utviklinga si. Dette fokuset kan på sikt endre korleis ein tenkjer om samanhengen mellom utdanning og økonomisk vekst, der satsing på primær og sekundær utdanning ikkje har gitt ønskt økonomisk vekst (Li, Walley, Zhang og Zhao, 2008). Ser ein ut over kinesiske landegrensar kan eit resultat av kinesisk utdanningspolitikk vere aukande internasjonal konkurranse i universitetssektoren (Li, et al., 2008).

Kina har gått gjennom eit turbulent hundreår med revolusjon, 4. mai-rørsla, japansk invasjon, oppretting av Folkerepublikken, Det store spranget, Kulturrevolusjonen og open dørs politikk på slutten av 70-talet. Også universiteta har vortne påverka av både nasjonalistar og sosialistar i denne perioden (Hayhoe, 1996) og endringane som har skjedd innan kinesisk universitetssektor fram til no har vore enorme. Kinesiske styresmakter arbeider i dag for å utvikle universitet som kan konkurrere internasjonalt og forskingssenter som kan kategoriserast som eksellente (Wang, Wang & Liu, 2011). Dei to store prosjekta 211 og 985 med tilhøyrande finansiering skal heve kvaliteten og gjere kinesiske universitet konkurransedyktige internasjonalt (Wang, et al., 2011). Ein del av satsinga kjem frå målet om å auke internasjonal utveksling og samarbeid ved kinesiske universitet og styrke påverknaden kinesisk høgare utdanning har globalt (Zhou, 2006).

Men kva er konsekvensane av dette for kinesiske akademia? Kan dette påverke verdigrunnlaget til kinesiske akademia og kan det gjere at verdigrunnlaget i kinesisk akademia på sikt fell saman? Kva er det som pregar endringane og kvifor er dei så viktige for Kina? Korleis passar dei inn i ein større samanheng innanfor den globale utviklinga av universiteta, gjerne det ”globale universitetet” (Nelson, 2012)? Korleis pregar desse

endringane kjerneverdiane til universitetet, både med tanke på kva forventningar samfunnet har til dei og kva verdiar akademikarane sjølve legg mest vekt på (Nelson, 2012)? Dei universiteta som har hatt internasjonal kontakt lengst, er dei som i størst grad inkorporerer globale verdiar og som vert rekna som dei beste, er bygd på modellar inspirert av Vesten og har lengst erfaring med forskning (Yoder, 2006). Eg ønskjer å studere nokre av desse endringane og korleis dei påverkar eit kinesisk universitet. Kan endringane påverke verdigrunlaget og er det ein skilnad mellom det som skjer i den offentlege politikken og det som skjer ved universitetet?

For å forklare endringane i universitetssektoren vil eg bruke fire teoretiske tilnærmingar. Bleiklie (1998) drøftar i sin artikkel "Justifying the evaluative state" normative og organisatoriske ideal som er dominerande i forskinga på akademia. Dette har vore det teoretiske utgangspunktet for oppgåva mi. Han trekkjer fram to sentrale spørsmål for endringar i universitetssektoren: kva skal eit universitet gjere og korleis skal det styrast? Ulike teoretiske retningar prøver å svare på dette gjennom normative og organisatoriske ideal. Dei tre normative ideala idealismen, funksjonalismen og rasjonalismen har alle ulike syn og forklaringsmåtar for kva eit universitet skal gjere, noko som samsvarar med dei tre organisatoriske ideala han skisserer. Dei organisatoriske ideala svarar på ulike måtar å organisere eller styre universitetet på og ser på universitetet som eit verktøy for staten, som autonom kulturell institusjon og som bedrift. Undervegs i arbeidet mitt har eg støtt på vanskar med å bruke delar av det teoretiske utgangspunktet, fordi eg meiner det ikkje tek omsyn til kollektivistiske samfunn og delar av den kinesiske historia. Difor kjem eg med innspel til ei fjerde teoretisk retning som kan vere til nytte i forståinga for det kinesiske universitetet og som eg meiner vert brukt i forskinga på kinesisk akademia.

At kulturelle og historiske så vel som økonomiske og internasjonale tendensar påverkar det kinesiske universitetssystemet slik Law (1996) skriv er noko av det eg har sett nærare på. Korleis er det ved eit kinesisk universitetet i dag og korleis tek det opp i seg ulike element både frå omverda og eiga historiske og kulturelle utvikling. Ulikt endringane som skjedde i Europa der små, fragmenterte statar og kamp mellom stat og kyrkje gjorde at universitetet oppnådde ein viss fridom midt mellom stat og kyrkje, har kinesiske dynasti vore både langvarige og stabile. Det at verdigrunlaget og samfunnet er annleis pregar forholdet mellom stat og universitet. Det kollektive er langt viktigare i Kina og Asia enn det er i Europa og USA der fridom og individet står sterkare. I Kina har ein brukt høgare utdanningsinstitusjonar til å

lære opp dei styrande og det har vore keisaren som har sett eksamen og dermed kunne avgjere kva eigenskapar som skulle vere avgjerande for kandidatane, noko som igjen kan prege verdiane deira.

For å gjere dette vil eg først presentere problemstillinga. Universiteta har ei viktig rolle som kunnskapsprodusent for staten og samfunnet rundt. Utfordringar med internasjonal påverknad er ikkje unike for Kina, og både staten og internasjonale aktørar spelar inn på korleis universitetet fungerer. I den europeiske tradisjonen må universitetet vere fritt og dels skilt frå staten, samstundes som mange av dei viktigaste oppgåvene er å tene nettopp denne. Først skal eg sjå nærare på den historiske utviklinga av det europeiske universitetet og det kinesiske universitetet. Dette for å kunne trekkje linjer til dagens kunnskapsproduksjon i Kina. Programma 211 og 985 er særskilt viktige i dagens kinesisk kunnskapspolitik og Fudan er med i begge. I kapittel to gjer eg greie for desse og andre sentrale omgrep som eg kjem til å ha nytte av i analysen min.

I tredje kapittel vil eg presentere dei normative og organisatoriske ideala eg skal bruke til å analysere funna mine. Forholdet mellom nytte og kultur (kva eit universitet skal gjere) og graden av autonomi plasserer dei tre normative ideala ulike stader. Dei organisatoriske ideala (korleis eit universitet skal styrast) svarer på ein del av dei praktiske spørsmåla om korleis strukturen og finansieringa påverkar organisasjonsforma og om det er som verktøy for staten, som bedrift eller autonom kulturell organisasjon det er lettast å skildre Fudan.

I fjerde kapittel vil eg presentere metoden eg har brukt for å samle inn data og gå gjennom nokre av utfordringane eg har støtt på undervegs. Eg har gjort ein casestudie av Fudan universitet i Shanghai. Dette vert rekna for å vere blant dei beste i Kina og kan svare på spørsmåla mine. Fudan har lang historie med internasjonal utveksling særskilt mot Vesten. Det er med i både prosjekt 211 og 985 og kom både i 2011 og 2012 i bolken mellom 201.-300. plass på Academic Ranking of World Universities (ARWU) si kåring. Eg vil sjå nærare på kva som ligg i den kinesiske politikken og korleis Fudan organiserer universitetet i tråd med, eller i motsetning til dette. Eg vil sjå på korleis Fudan er bygd opp og korleis universitetet vert finansiert. I tillegg vil eg gå inn på korleis møtet mellom aust og vest er ved Fudan.

Det at Fudan er eit av dei få universiteta som overlevde revolusjonen i 1911, tilpassa seg det offentlege systemet i 1929, satsa sterkt på tilknytning til Kommunistpartiet frå 1949 og

framleis i dag er eit av dei viktigaste universiteta i Kina kan vise at viljen til kamp og forståinga av kva som trengs av tilpassing for å overleve. Alternativt kan det vise at staten har overkøyrt og tvinga fram endringar eller at krefter ved universitetet har sett nytten av det.

Deltakande observasjon, intervju og dokumentanalyse har vore dei mest brukte metodane mine. I tillegg har eg hatt stor nytte av observasjon og gjenstandar på universitetsområda. I metodekapittelet legg eg vekt på kulturell forståing og forskaren si rolle og definisjonsmakt. Metoden har vore til stor nytte i samspel med teorien og gjort at eg har kunne gått langt inn i casen og oppnådd ei større forståing for Fudan og kinesisk universitetspolitikk.

Funna mine vert presenterte i kapittel 5. Kapittelet er delt inn i tre delar; historie og struktur, internasjonalisering og finansiering. Det første delkapittelet referer i stor grad til den historiske framveksten og mange av endringane som har skjedd sidan grunnlegginga for litt over 100 år sidan, samt den formelle organisasjonen. Grunnen til det er at eg ønskjer å sjå analysere Fudan ut frå dei organisatoriske ideala og difor vil ha fram endringar. Gjennom dokumentanalysen har eg fått fram ein del trekk ved verdigrunnlaget som var sentralt ved grunnlegginga av Fudan. Eg har ei forventninga om at det er eit visst samsvar mellom verdigrunnlaget og måten ein organiserer universitetet på. Delkapittel 5.2 tek opp utfordringar og påverknad og krav som kjem med større internasjonalisering, noko som igjen kan påverke eller vere påverka av normative ideal for kva eit universitet skal gjere. Delkapittelet om finansiering får fram trekk som er viktige for Fudan som bedrift og kvar Fudan får midlane til å produsere kunnskap. Finansieringa er ein særskild viktig del av korleis Fudan kan operere som eit offentleg kinesisk eliteuniversitet i ein internasjonal marknad. Dette er ein del av dei store endringane i kinesisk politikk og difor legg eg vekt på dette. Fudan universitet er direkte styrt av Kommunistpartiet og dette er det øvste organet ved universitetet. Samstundes har universitetet lange tradisjonar med internasjonal påverknad og i dag kjem mykje av finansieringa frå andre aktørar enn staten. Eg vil prøve å forklare korleis dette påverkar universitetet. I kapittel 6 vil eg drøfte korleis dei ulike teoriane fungerer som forklaringsmodell for Fudan og korleis ulike retningar vil leggje vekt på ulike trekk. Til sist vil eg svare på problemstillinga og oppsummere dei mest sentrale funna i oppgåva.

1.1 PROBLEMSTILLING

Kva verdiar og organisasjonsformer kjenneteiknar Fudan? Korleis påverkar politiske endringar Fudan? Kvifor ønskjer Fudan å konkurrere på verdsbasis og auke internasjonaliseringa?

Ideen om eit universitet kan definerast som forståinga sentrale grupper har av framveksten av den formelle organisasjonen. Denne må skape normative band både innanfor og utanfor universitetet. Desse felles forståingane vert skapt gjennom tre hovudgrupper av aktørar; personale, særskilt dei vitenskapleg tilsette med mest erfaring, studentane og tidlegare studentar (alumni) (Clark, 1972). I denne oppgåva vil eg definere Fudan til å vere dei akademisk tilsette og toppleiinga. Sjølv om sistnemnde jobbar med administrasjon (og politikk) har dei fleste akademisk bakgrunn, gjerne frå Fudan. Toppleiinga er i stor grad medlemmer i Kommunistpartiet som er ein sentral aktør som har sterke formelle føringar for korleis Fudan vert styrt, altså er dei ein del av staten på universitetet og dei som er viktige for at politiske endringar skal kunne gjennomførast. Studentane har gjennom heile historia til Fudan vore engasjerte og dyktige. Nettverka til tidlegare studentar har vore viktig og satsinga på alumninettverk er ein del av Fudan sitt daglege virke. Eg har gjort få intervju med kinesiske studentar (men fleire med internasjonale studentar) og ingen alumni, og sjølv om eg tek omsyn til deira syn og både studentar og alumniar er viktige for Fudan har eg ikkje tatt utgangspunkt i desse gjennom analysen.

Med internasjonalisering meiner eg påverknad frå og samarbeid med land utanfor Kina og har ikkje lagt vekt på maktforholdet og i kva grad endringar eventuelt er påtvinga Kina som utviklingsland. Politisk endring kan vere både regimeskifte (som revolusjonen i 1911) og politiske endringar internt i Kommunistpartiet, som til dømes overgangen frå Kulturrevolusjonen til opne dørs politikk der ulike fraksjonar av partiet er dominerande.

Med verdiar meiner eg her normative ideal, som eg vil forklare i kapittel 3.

2 HISTORIE

I dette kapitlet skal eg gå gjennom framveksten av det europeiske universitetet for å kunne ha eit samanlikningsgrunnlag med det kinesiske systemet. Deretter skal eg gjere greie for kinesisk historie, med vekt på høgare utdanningsinstitusjonar og konfutsianismen som filosofi, då denne tradisjonelt har blitt tett knytt til høgare utdanning i Kina. Deretter vil eg gå nærare inn på dagens system og prosjekta 211 og 985 som representerer hovudinnhaldet i utdanningspolitikken som er gjeldande for Fudan. Mot slutten av kapitlet vil eg forklare nokre sentrale omgrep som eg meiner er særskilt interessante om ein skal sjå ut over kinesiske landegrensar og Fudan sin motivasjon for å auke internasjonaliseringa.

2.1 EUROPEISK HISTORIE

Utviklinga av det europeiske universitetet kan delast inn i det moderne og det tradisjonelle (Clark, 2006). Det tradisjonelle universitetet hadde gjerne religiøse overtonar og i byrjinga hadde academia sterk tilknytning til kyrkja. Universitetet vaks fram som eit tilfeldig resultat av omgjevnadene på 1200-talet og har etter kvart vorte ein sær sars tilpassingsdyktig organisasjon med store evne til å overleve (Perkin, 2006).

På 1200-talet var Europa fragmentert og desentralisert. Kyrkja og staten var dei to sterkaste aktørane, men det var i tillegg ei rekkje mindre autoritetar som baronar og biskopar, der alle kjempa for makt. Dette gjorde at samfunnet hadde både sivile og religiøse lover. Samstundes var både paven og sekulære makthavarar avhengige av universiteta og såg på dei som nyttige talerøyr for sine interesser. Universiteta hadde difor stor innverknad på politikken i mellomalderen og var heller ikkje underlagde den einskilte stat, men oppnådde ei rekkje fordelar og ein ganske stor fridom mellom stat og kyrkje (Perkin, 2006).

Mykje av det religiøse aspektet forsvann i tida frå reformasjonen på 1500-talet og fram mot opplysningstida (Clark, 2006). Reformasjonen førte til ei splitting av kyrkja og markerte eit tidskille. Luther var sjølv eit resultat av universitetet, slik universitetet svekka kyrkja. Konsekvensane av dette var at universitetet vart meir avhengig av godvilje frå staten, noko som sette den akademiske fridomen i fare (Perkin, 2006). Studenttala var likevel høge fram til midten av 1600-talet, mest på grunn av religionskrigane som på den tida prega samfunnet og trengte ideologisk støtte frå universiteta. Samstundes svekka det universitetet og tala på studentar gjekk kraftig ned i løpet av opplysningstida på 1700-talet (Perkin, 2006). Sterke

konfliktar og fragmentering gav heilt spesielle vilkår for framveksten av universitetet. Det var heile tida sterke spenningar mellom ei rekkje små statar og kyrkja. Dette gjorde at universitetet fekk ei sjølvstendig rolle og oppnådde institusjonell autonomi og bytteforholdet med eit autonomt universitet som kan tilby undervisning og forskning i bytte mot vern og finansiering frå staten vaks fram i denne perioden (Perkin, 2006).

Etter syttenhundretalet var høgare utdanning endra frå ei meir generell allmenndanning til ei spesialisert utdanning. Årsakene til dette var teknologisk utvikling og profesjonalisering av moderne vitskap (Chen, et al., 2012). Under opplysningstida meinte dei ivrigaste forkjemparane for reform at universiteta burde avskaffast fordi dei ikkje var til nytte for samfunnet. Dei oppretta spesialiserte utdanningsinstitusjonar der vitskap og læring var kjernen som ei motvekt til det dåverande universitet (Ben-David, 1991). Johann Justi som var sentral innan politisk økonomi og administrasjon i Tyskland på 1700-talet la sterk vekt på at studentar skulle vere nyttige verktøy. Sanninga for sanninga si skuld var mindre interessant fordi staten hadde lite å hente i nettopp dette. Ved å gje akademikarane rimeleg fridom ville dei kome fram til nyttige idear og tankar, samstundes som det var i staten si interesse å ha ein viss kontroll over universiteta (Clark, 2006).

Wilhelm von Humboldt var ein av dei som arbeidde for at endringar i haldningane til regjeringa ville opne for nye syn i akademia (Nakayama, 1984). Han vart peikt ut til å reformere det prøyssiske utdanningssystemet og såg på absolutt fridom i læring og undervisning, *lernfreiheit* og *lehrfreiheit* som dei viktigaste midla for å oppnå *wissenschaft*, som var rekna som den høgaste forma for kunnskap. For Humboldt var den langsiktige intellektuelle utviklinga langt viktigare enn kortsiktig politisk og økonomisk vinning (Xu & Xue, 2012) og bak ideen om *lernfreiheit* og *lehrfreiheit* var ikkje berre eit vern mot politiske interesser, men minst like viktig var det å sikre mot eigeninteressene til losjar og foreiningar internt i akademia. Humboldt meinte difor at staten burde peike ut professorane for å unngå at akademia berre styrte eigeninteressene sine og vart for snevre (Wittrock, 1993) og tyske professorar fekk status som høgare statstenestemenn for å sikre den akademiske fridomen deira (Xu & Xue, 2012). Likevel var staten sin påverknad heile tida sentral og den akademiske fridomen gjorde seg først og fremst utslag i forfremjingar og opprykk. Universitetet vart etter kvart avgrensa frå resten av samfunnet og frå praktiske oppgåver. Professorane vart rekna for statstenestemenn og forventa å vere lojale, noko som ikkje var eit

problem så lenge dei var einige med dei styrande. Så snart dette endra seg viste det seg av det likevel var sterke avgrensingar i den reelle fridomen (Ben-David, 1991).

På 1800-talet var Tyskland føregangsmodellen og låg lengst framme når det kom til forskning. Sjølve ideen om kva eit universitet skulle vere kan seiast å ha vorte utvikla her, men det var mange motstridande krefter og intensjonar i utviklinga av universitetet. Ei rekkje nye disiplinar vaks fram både innanfor og utanfor universiteta i løpet av hundreåret, men etter kvart byrja universitetet å vise motstand både mot disiplinær som vart utvikla internt og dei spesialiserte utdanningsinstitusjonane som hadde vakse fram utanfor universitetet. Difor fekk nye disiplinær no ein underordna status. Den interne organiseringa vart likevel sett på som kjernen til suksessen og vart kopiert av fleire andre land og tysk filosofi og litteratur vart styrka i denne perioden (Ben-David, 1991).

Dei tyske universiteta var desentraliserte einingar som konkurrerte mot kvarandre, ein faktor som var sterkt medverkande til suksessen. Dette var òg med på å skape ein systematisk disiplin frå tysk filosofi, men sjølv om filosofane ville ha det som ei dominerande retning, vart den berre ei av mange. Bakgrunnen for dette var klassesdelinga i det tyske samfunnet, som kom frå det prøyssiske. Statsleiarane der var ikkje intellektuelle og trengte spesialiserte utdanningar for å hjelpe seg i administrasjonen av staten. I tillegg såg dei nytten av filosofi fordi det fekk dei til å sjå ut som opplyste leiarar, slik at ideen om universiteta var i deira interesser deira (Ben-David, 1991).

Det at Tyskland var føregangsmodellen i samtida gjorde at for både amerikanske og britiske forskarar var opphald ved eit tysk universitet sett på som naudsynt for å fullføre utdanninga slik at mange vart påverka og inspirerte av dette systemet (Ben-David, 1991). Likevel var ikkje systema like og i England var den aristokratiske eliten og krav om at universiteta skulle vere til nytte for samfunnet sentrale for utviklinga. Slik vart praktisk retta undervisning vanleg. Systemet var heller ikkje sett på som så vellukka som det tyske. Mangelen på konkurranse gjorde at sjølv om det hadde tilgang til både ressursar og talent oppnådde dei ikkje same nivå og grad av innovasjon som i Tyskland. Engelske universitet er ikkje så opptekne av forskning, men godtek i langt større grad at dei oppfyller ein del funksjonar for staten. Dei utdannar nasjonale leiarar slik at desse har ei generell utdanning og middelklassen til meir spesialiserte yrke (Ben-David, 1991). Sentralisering og ein meir open klassestruktur gjorde at engelske universitet var svakare på forskning og innovasjon enn det tyske.

Utgangspunktet for det amerikanske universitetet var ganske likt det britiske, med ei todeling mellom religiøse institusjonar og profesjonsskular. Endringa som kom rundt 1860 held fram med ei todeling, men med yrkesretta fokus på den eine og forskning og vitskap for den andre (Ben-David, 1991). I USA vart forskingsuniversitetet sterkt i løpet av 1900-talet. Vektlegging av det praktiske saman med moralsk og intellektuell utvikling var sentralt. Inspirasjonen frå den tyske modellen, samstundes som ein hadde høg finansiering og store ressursar til å drive med forskning gjorde modellen særskilt vellukka. Av di det ikkje var avgrensingar i kven som kunne starte eit universitet, fekk ein eit breitt spekter av institusjonar spreidd over heile landet, noko som førte til stor konkurranse (Perkin, 2006). Den franske modellen skilte seg saman med den russiske ut frå dei andre. I Frankrike var forskingsuniversiteta forbodne i over 100 år og ein satsa på spesialiserte institusjonar. Resultatet var enorm vekst i den vitskaplege forskinga, der særskilt naturvitskapane stod sterkt. Først på slutten av 1800-talet opna ein for universiteta igjen, men det svekka i liten grad profesjonsskulane, som framleis står sterkt (Clark, 2006). I Russland er spesialiseringa endå sterkare (Clark, 2006). Wittrock (1993) meiner at ingen av endringane som skjedde i løpet av dei 200 første åra etter den franske revolusjon skjedde ut frå sosial utvikling i ulike retningar eller utdanningsbehova som kom med sekulariseringa. Heller kom endringane frå at dei styrande, lærde, vitskapsfolka stilte spørsmål til grunnleggjande trekk ved høgare utdanning.

2.2 KINESISK HISTORIE

Høgare utdanning i Kina går tilbake til 500 år før Kristus då Konfutse levde og skal ha hatt så mange som 3000 tilhengjarar. Konfutse vert rekna som den fremste læraren og pedagogen Kina har hatt, og utdanningssystemet tok etter kvart ei form som i Europa på 1200-talet (Chen, 2010). Behova i byråkratiet har vore sentrale for utviklinga av høgare utdanning i Kina, og utdanninga har vore retta mot keisaren sine behov for kandidatar til forvaltninga si. I år 622 etter Kristus byrja ein offentlege eksamineringar for å ta opp kandidatar til å arbeide i byråkratiet. Dette var oppstarten på meritokratiet (Nakayama, 1984), som sidan har stått sterkt i Kina og som passar inn med mykje av filosofien i konfutsianismen.

Konfutsianismen har danna grunnlaget for det kinesiske utdanningssystemet. Arbeidet med å verte eit edelt menneske er sentrale læresetningar i filosofien. Ein kan berre endre verda ved først å endre seg sjølv. Samstundes legg det opp til eit strengt hierarki der ein skal ha stor respekt for dei eldre og dei som er klokare enn seg sjølv. Ein skal heller ikkje prøve å endre

noko før ein kjenner det godt. Lærdomen var det viktigaste og sosial klasse var underordna. I staden var klassesdeling etter intellektuelle evner å føretrækje (Rongen, 1999). Sentralt i den kinesiske tenkinga står Konfutse og Mengzi som meinte at om ein forsto seg sjølv, ville ein forstå verda. Ein var altså ein del av den, ikkje utanfor den (Yang, 2011). Mykje av læra til Konfutse legg vekt på respekt for kunnskap og visdom, det moralsk riktige og at ein skal vere reflektert som menneske, men òg respekten for dei som innehar kunnskapen og som er høgare oppe på rangstigen. Det er heile tida middelvegen og det edle mennesket som er målet (Rongen, 1999). Respekten for læring var stor i det kinesiske systemet, noko som passa inn med dei konfutsianske dygdene. Dette var positivt for akademisk arbeid, men jo meir krevjande det vart, jo meir formalistisk vart det og systemet vart etter kvart prega av pugging og gjentaking. Eit viss spelrom for originalitet var likevel igjen i dei skriftlege eksamenane, fordi ein først og fremst skulle velje ut kandidatar til jobbar i byråkratiet, ikkje lære dei opp (Nakayama, 1984).

Eksamenssystemet har hatt høg status og vore vanskeleg å kome gjennom. Første del har dreidd seg om å kunne gjengi *Dei fire bøkene*, som er læra etter Konfutse. For å få ei stilling i regjeringa eller i byråkratiet, både sentralt og på fylkesplan var kunnskap om desse skriftene grunnleggjande (Rongen, 1999). Eksamineringane erstatta eit system der personlege tilrådingar tidlegare hadde vore dominerande og skapte ein klar samanheng mellom dei lærde innanfor academia og ein nasjonal karrierestige slik at kunnskap og makt var tett knytt til kvarandre (Nakayama, 1984).

Dei fire bøkene er arven etter Konfutse og er sett saman av *Middelvegen*, *Den store læra*, *Samtalar* og *Mengzi*. Dei er nedteikna av etterfølgjarane til Konfutse. *Middelvegen* omhandlar det å finne balansen og den rette sti og ikkje det ekstreme. Følgjer ein desse levereglane når ein ei av dei viktigaste konfutsianske dygdene og viser seg som eit edelt menneske. *Den store læra* kan omsetjast med vidfemnande lære eller lære for vaksne menneske (Rongen, 1999), det same ordet som for universitet. *Samtalar* omhandlar det moralske forfallet i samtida, hykleri og korleis menneske sviktar ideala sine. Boka inneheld korte dialogar og læresetningar, samt framstillingar av korleis Konfutse var (Rongen, 1999). Filosofen Mengzi meinte menneskenaturen var god. Han var oppteken av etikk og politikk og vidareutvikla læra etter Konfutse. Boka *Mengzi* er sett saman av dialogar mellom han og elevane hans, herskarane i ulike kinesiske statar og filosofiske motstandarar (Rongen, 1999).

Det moderne kinesiske universitetet har ei relativt kort historie. Først mot slutten av 1800-talet tok kinesiske universitet opp den vestlege forma, sjølv om forma heller ikkje var særskilt gamal i Europa. Etter opiumskrigen i 1840 såg kinesiske lærde at Europa hadde kome mykje lenger enn Kina innanfor realfag og teknologi (Min, 2004). Ved starten av 1900-talet var tendensen blant akademikarane sterk. Dei såg mot Vesten og skjønnte at om Kina skulle vekse måtte dei lære frå dei vestlege universiteta. Fokuset på høgare utdanning var naturleg ut frå samfunnsstrukturen i det kinesiske samfunnet. Samstundes var styresmaktene konservative og studentane hadde forbod mot å lese og debattere vestleg filosofi og politiske skrifter (Hayhoe, 1983). Ma Xiangbo (1840-1939) og Cai Yuanpei (1868-1940) var lærde og blant dei som var særskilt interesserte i å reformere systemet (Hayhoe, 1983). Begge var sentrale i mange av dei endringane som skjedde på starten av 1900-talet og begge hadde på gitte tidspunkt roller i det offentlege og ved spesifikke læreinstusjonar (Hayhoe, 1983).

Europeiske universitet byrja å påverke gjennom misjonærskular, utlandsstudiar for kinesiske studentar og til sist moderniseringsforsøka til kinesiske akademikarar (Min, 2004). I 1872 sende Kina 120 studentar til USA for å studere. Etter kvart vart studentar òg sende til Storbritannia og resten av Europa, samt meir enn 10 000 til Japan (Min, 2004). Ma Xiangbo, grunnleggjaren av Fudan, var fødd inn i ein katolsk familie og var lært opp i dei kinesiske klassikarane frå tidleg alder. Allereie som 11-åring reiste han til Shanghai for å få ei vestleg utdanning og fekk denne frå franske jesuittar ved Le College St. Ignace. Då han etter kvart vart rektor ved same læreinstusjon la han stor vekt på at studentane måtte kunne klassikarane før dei fekk studere vestlege fag. Fokuset på det kinesiske var upopulært blant prestane og Ma reiste vekk frå instusjonen, til fordel for ei rekkje moderniseringsprosjekt for regjeringa. Mot slutten av 1800-talet returnerte han til jesuittane i Shanghai, mellom anna med ein ide om å starte ein ny type universitet, inspirert av Vesten. Reiser i England og måten dei gjorde det der hadde gitt han ein endå sterkare inspirasjon om å leggje vekt på klassikarane. Delar av desse tankane hadde han diskutert med broren sin, som hadde returnert frå høgare utdanning i Frankrike. Prestane var på si side opptekne av katolisismen, og såg med uro på inspirasjonen frå protestantismen, som Ma hadde fått på reiser til USA, slik at det nok ein gong enda i konflikt (Hayhoe, 1983).

Cai får mykje av æra for å prøvd å innføre autonomi og akademisk fridom i Kina, sjølv om han aldri heilt nådde det målet. I 1917 starta han prosjektet med å reformere systemet etter inspirasjon frå Tyskland, som altså var føregangsmodellen i samtida. Han var overtydd om at

den tyske danninga var eit viktig trekk, og introduserte kurs om danning ved Peking universitet. Resten av systemet hans bygde på den spesialiserte franske modellen og han flytta tekniske fag til Beiyang universitet i Tianjin (Hayhoe, 1996). Ikkje ulikt Humboldt, møtte Cai motstand for sine syn og forsøk på endringar i retning av eit meir autonomt universitet der danning skulle vere eit grunnleggjande trekk, og då 4. mai-rørsle braut ut ved Peking universitet to år etter at han overtok leiinga vart Cai tvinga til å gå av fordi han støtta studentane (Chesneaux, Le Barbier & Bergère, 1977).

Forløparane til 4. mai-rørsle starta allereie i 1915 og var ei rørsle som i stor grad var politisk og intellektuell, og der nye sosiale krefter stod sterkt mot styresmaktene. Det gamle regimet var prega av ei tett kopling mellom kunnskap og makt. 4. mai-rørsle styrka dei kritiske røystene i samfunnet og utfordra det etablerte, der konfutsianismen var ein sentral del. 1919 vert sett på som det historiske vendepunktet mellom det som var moderne og det nye samtidige samfunnet. Fredstraktaten i Versailles vakte stor harme i Kina fordi Japan hadde vorte prioritert og Kina ikkje fekk tilbake fordelane dei vestlege stormaktene hadde vunne under opiumskrigen. Studentane i Beijing starta store demonstrasjonar mot Japan og dei av regjeringsmedlemmene som støtta Japan. 1150 menneske vart arresterte, noko som førte til aksjonar i Shanghai, der studentane oppmoda handelsmennene om å ta del, mellom anna ved å boikotte japanske varer. Slik vart rørsle kommersiell og fekk med seg arbeidarane. Det enda med at studentane som hadde vortne arresterte vart sleppte fri, statsrådene som støtta Japan tvinga til å gå av og Kina nekta å signere traktaten (Chesneaux, et al., 1977).

Unge intellektuelle, med Mao Zedong, var sentrale i rørsle som først og fremst var urban og spreidde seg til det meste av Kina. Grunnlegginga av Kommunistpartiet i 1921 var resultatet og den første kongressen vart halden i Shanghai i juli 1921, nettopp fordi det var den viktigaste industribyen og fordi målgruppa for arbeidet var arbeidarar i dei store byane. Kommunistpartiet var ulikt alle andre aktørar i det kinesiske politiske liv og påverknaden deira var ikkje frå Vesten, slik den var for mange andre. I staden var det oktoberrevolusjonen og marxismen som var inspirasjonskjeldene. Sjølv om ein braut med mykje av det tradisjonelle, var utnyttinga av bøndene framleis sentralt i det kinesiske samfunn (Chesneaux, et al., 1977).

Då Kommunistpartiet kom til makta i 1949 var systemet i stor grad basert på det amerikanske systemet, men dei omorganiserte det til å passe inn i ein sentralstyrt modell (Hayhoe & Zha, 2006) der det sovjetiske systemet vart malen. Det sovjetiske systemet hadde stor vekt på at

spesialiserte skular som det mest effektive, slik at ein delte inn i forskingsinstitusjonar og profesjonsskular (Ben-David, 1991). Frå 60-talet har kunnskapsproduksjon vore sterkt sentralisert og integrasjonen med byråkratiet dominerande (Hayhoe, 1989). Som i det keisarlege systemet var universiteta si oppgåve å setje i verk Kommunistpartiet sin politikk, òg etter revolusjonen. Pensum var sentralstyrt og det var eit sterkt prinsipp at det aller meste skulle sentraliserast, slik det òg var tilrådd av europeiske rådgjevarar på 30-talet. Absolutt politisk kontroll over kunnskapen var eit klart mål for kinesiske styresmakter (Hayhoe, 1989). Undervisning var den viktigaste oppgåva, læraren overførte først og fremst den kunnskapen andre hadde bestemt han skulle overføre og den faglege standarden var sikra av fagkomitear. Resultatet vart lite rom for tverrfagleg eller kritisk tenking både for studentar og lærarar (Hayhoe, 1989).

Like før Kulturrevolusjonen hadde dei kinesiske styresmaktene klart å få opp talet på studentar og lærarar. Juss og statsvitskap var likevel strengt avgrensa med låge studenttal fordi dei kunne vere farlege for Kommunistpartiet. Konfutsianismen vart brukt for å oppretthalde den sosiale kontrollen mellom autoritet og underordna, ikkje først og fremst for å få fram dei ideala som var meir sanningssøkjande (Hayhoe, 1989). Kulturrevolusjonen braut med dette og det var i denne perioden fritt fram å trakassere lærarar og eldre, som tradisjonelt skulle respekterast i Kina.

Jin, Li og Rousseau skriv om konsekvensane Kulturrevolusjonen hadde på universiteta. Under denne var universiteta stengde i 10 år og ein måtte starte om igjen og produsere nytt læremateriell då universiteta omsider opna igjen mot slutten av 70-talet. Kvaliteten på høgare utdanning var sterkt skadelidande og Kulturrevolusjonen skapte store tap for ein generasjon av akademikarar (Jin, et al., 2004). Det har tatt lang tid å byggje opp igjen systemet, men den nye leiinga som tok over etter at Mao døydde var oppteken av å få universiteta til å fungere. Ei rekkje endringar har vore naudsynte og kinesiske styresmakter har drive ein målretta politikk der universiteta var ein sentral del av den økonomiske og teknologiske utviklinga. Sidan 80-talet har kinesiske universitet gått frå å ha ein brei variasjon i spesialiserte utdanningsinstitusjonar på høgare nivå til å nærme seg ein meir allmenn modell, der ein utdannar menneske til meir generelle oppgåver (Chen, 2010), gjerne nærmare det ein ser på som mandarinar. I den konfutsianske tenkinga var det å spesialisere seg til dels unyttig, då ein kunne ha langt større bruk av generalistar (Chen, 2010).

2.2.1 DET KINESISKE UTDANNINGSSYSTEMET

Kinesiske universitet har vorte styrt på ulike måtar med ulike grader av sentralisering gjennom dei siste hundre åra. Tiaokuai er uttrykket som vert brukt om dette og det svarar til vertikale og horisontale strukturar. Tiao er regjeringa sine byråkratiske organisasjonar som er retta mot særskilde sektorar. Kuai er regionale styresmakter på ulike nivå (Gore, 1999), som til dømes byrådet i Shanghai som er med på å finansiere Fudan, men Fudan ligg under utdanningsdepartementet og er altså styrt av tiao. Mertha (2005) skriv om kuai som ei desentralisering og ein måte å oppnå lokalt sjølvstende frå ytre påverknad og for å tilpasse seg lokale forhold, der relasjonane er mellom ulike instansar på same nivå. Ein kan ha ein kuai-relasjon til ei rekkje ulike aktørar og forholda er først og fremst rådgivande, altså ikkje-bindande. Bindande ordrar kan bli gitt av den direkte overordna styresmakta (tiao) (Mertha, 2005). Akkurat her har det skjedd ei sentralisering sidan 1998, noko som inneber at sentrale styresmakte opprettheld mykje av makta si og kan gi direkte ordrar til dei ulike universiteta. Standardisering og enklare iverksetjing av sentral politikk vert oppgitt av offentlege tenestemenn som bakgrunnen for endringane. Dei seinare åra er det gjennomført endringar som gjer universiteta i Kina meir autonome og sjølvstyrte. Det har vore ei overføring frå sentrale styresmakter til lokale når det gjeld universitetspolitikk. Ein kan likevel stille spørsmål ved kor reelle endringane faktisk er (Mok, 2010).

Kina fekk først eit system med akademiske grader på 1980-talet. Dette gjer at berre 30% av akademikarane har ein grad som er høgare enn bachelornivå. Etter kvart har ein fått tilsette med internasjonale grader, noko som har heva nivået. I tillegg er mange kinesarar sendt til utlandet for å lære og studere ved utanlandske institusjonar (Min, 2004). Etter reformene på 90-talet gjekk staten sin del av finansieringa til kinesiske universitet ned. Prosentdelen av finansieringa som kjem frå styresmaktene har gått ned frå 1978 til 2004. I dag er semesteravgifter frå studentar ei sentral inntektskjelde for universiteta (Wang, 2010). Tidlegare utdanningsminister Zhou (2006) skriv at finansieringssystemet har hatt behov for endring frå å ha staten som den einaste som finansierer til å ha andre inntektskjelder i tillegg. Han listar opp ulike kjelder for finansiering. Staten har oppmoda private initiativ om å plassere pengar i utdanning, men står framleis for den største delen av finansieringa. Lønsskilnad mellom rurale og urbane strøk gjer at ein får auka skilnader i utdanning, slik at studentar frå rurale strøk har større vanskar med å finansiere studiane sine (Wang, 2010). Inntekter frå bedrifter drivne av universitetet og donasjonar frå kjelder i eller utanfor Kina,

ulike legat og stiftingar, oppdragsforskning, lån og renter frå oppsparte midlar er aktuelle inntektskjelder for kinesiske universitet (Zhou, 2006).

MOE sin handlingsplan (Action Plan for Rejuvenating Education 2003-2007) fastsette eit mål om å utforske nye måtar å byggje eit moderne universitetssystem, også med tanke på innovasjon i dei administrative systema, korleis får fram nye talent og dei tek inn akademiske leiarar i verdsklasse. Ein byggjer ulike nasjonale sentra for innovasjon, både innan realfag og tekniske fag, humaniora og samfunnsfag (Zhou, 2006). Handlingsplanen listar utviklinga for ei rekkje sentrale akademiske program. Allsidige universitet skal framhevast. Nasjonale program skal utviklast slik at universiteta kan bli sentra for opplæring av dei beste, samt handtere større problemstillingar vedrørende økonomisk utvikling og sosial framgang. Ein skal leggje til rette for utviklinga av akademiske program og danne eit system der ulike nivå skal støtte kvarandre. Metodar for å evaluere prosjekta skal vere straumlinjeforma, pragmatiske, vitskaplege og rettferdige. Dei skal òg lage rutinar for evaluering. Internasjonale tendensar er viktige og kinesiske universitet bør følge desse og lære av undervisningsmetodar, pensum, og undervisningsreformer og tilpasse seg dei og nasjonale sosioøkonomiske utviklingstendensar (Zhou, 2006).

For kinesiske styresmakter er kunnskapspolitikken ein viktig del av økonomisk og teknologisk utvikling og det å reise Kina som ei moderne stormakt (Zhou, 2006). Målet om å skape universitet i verdsklasse er høgt prioritert og det kinesiske utdanningsdepartementet, Ministry of Education (MOE) oppretta i 2005 eit forskingssenter ved Shanghai Jiaotong universitet. Forskingssenteret, Research Institute of Higher Education har som målsetjing å auke forskinga på universitet i verdsklasse og vite korleis ein kan skape desse (Ngok & Guo, 2008). Vidare trekkjer dei fram problematikken med kinesisk politikk og satsing på å skape universitet i verdsklasse og meiner mangel på akademisk fridom kan vere eit hinder for at kinesiske universitet kan verte rangerte i verdsklasse. I eit land som Kina kan ein akademikar reint faktisk risikere å miste jobben eller i verste fall bli forfølgd og fengsla. Særskilt gjeld dette sensitive område som er av politisk eller ideologisk art, først og fremst innanfor samfunnsfag, der avgrensingar av den politiske fridomen er ein sentral del av det akademiske liv. Internasjonalt samarbeid og akademiske nettverk gjer likevel at ein oppnår relativt stor fridom (Altbach, 2001).

2.2.2 PROSJEKT 211

Prosjekt 211 vart starta i 1995. Målet var å betre undervisning, forskning, administrasjon og effektivitet ved 100 universitet og innan særskilte felt. Desse universiteta skal så stå fram som drivkraft for å utdanne høgt kvalifisert personell og dei skal kunne takle sentrale problemstillingar vedrørande økonomisk utvikling og sosial framgang. Innanfor høgare utdanning i Kina er prosjekt 211 det største som nokon gong har blitt starta og det er sett opp eit panel som støttar departementa og ulike kommisjonar i å handsame problem som skulle dukke opp undervegs i implementeringa (Zhou, 2006).

Hovudoppgåvene for prosjekt 211 er å halde fram oppbygginga av sentrale universitet slik at dei vert leiande innanfor undervisning og forskning nasjonalt. Kapasiteten skal betrast gjennom å få fleire og meir kvalifisert arbeidskraft og ved å utvide infrastruktur og undervisnings- og forskingsmateriell. Dei skal utvikle nøkkeldisiplinar som kan handtere kompliserte problemstillingar som er sentrale for sosial og økonomisk utvikling nasjonalt og lokalt, vitskapleg og teknisk avansement og nasjonalt forsvar. Ein skal i tillegg byggje opp læreprogram med balansert samansetning, der somme skal kunne hevde seg internasjonalt. Til sist skal utviklinga innan IT aukast, ein skal auke kapasiteten til Chinese Education and Research Network (CERNET) og China Academic Library & Information System (CALIS), samt digitale bibliotekressursar og styrke nettverket og samarbeidet mellom desse institusjonane. Under dette kjem samkøying av tilgang til laboratorium og apparat og utstyr som er der, ei plattform for informasjonstenester, som skal nå alle universiteta i landet og ein skal skape nasjonal vekst innanfor høgare utdanning (Zhou, 2006) (Mok & Chan, 2008).

At kvaliteten på dei generelle tilhøva ved universiteta må betrast inneber at lærarstab og administrasjon jamt over må kunne yte prestasjonar av god kvalitet¹. Styrking av undervisningsreform og undervisning, betring av pensum og av studentane si moralske, intellektuelle og fysiske utvikling er ein annan del av politikken. Infrastruktur, lærestader, bygningar, laboratorium og bustader må pussast opp, mellom anna for å ta vare på dei menneskelege ressursane ein har. Skulesystemet skal endrast og ein skal fordjupe den interne administrative omstruktureringa (Zhou, 2006).

¹ Zhou Ji er tidlegare utdanningsminister i Kina. Boka dette er henta frå vart skriven då han var statsråd og målet var å skape ei større forståing for kinesisk kunnskapsproduksjon i utlandet. Den gjer greie for sentrale trekk ved kinesiske kunnskapspolitik, men er samstundes noko politisk i framstillinga si og har ikkje klare definisjonar av omgrep som effektivitet og kvalitet.

Utvikling av nøkkelområde for studiar er ei sentral målsetjing. Kinesiske universitet skal kunne produsere lærde og ekspertar på høgt nivå innan realfag og teknologi og forskingsinstitutt ved ulike universitet vil bli valt ut til å forske på kompliserte felt innan desse områda (Zhou, 2006). Meir og betre innovasjon har vore ei målsetjing for kinesiske styresmakter. Noko er gjort i form av artiklar og patenter, men forskingsmiljøa har vortne kritiserte for ikkje å leggje til rette for kreativitet. I staden er forskingsmiljøa for politiske og korrupte og kvaliteten på forskinga vert sett på som låg. Noko av årsaka til at realfag og teknologi vert sett på som viktige heng saman med trua på at dei er sentrale for å kunne auke bruttonasjonalproduktet, betre internasjonal prestisje og modernisere det militære (Jakobson, 2007).

Økonomisk og sosial utvikling skal vere ei drivkraft bak akademisk og teknisk framgang i Kina (Zhou, 2006). Forsvar, realfag og teknologi var ein del av dei utvalde felta som skulle skape økonomisk vekst allereie frå Deng Xiaoping kom til makta (Goodman, 1994). Dette er framleis prioriterte område og noko av tiltaka for å verte betre innanfor desse felta er å skape klynger av prestisjetunge academia og forskingsprogram som har tilgang til kvarandre sine ressursar. Universiteta vil på denne måten få betre utbytte av utstyret som finst og heller byggje senter der ulike universitet kan få tilgang. Det å byggje eit rammeverk av offentleg tenesteyting for høgare utdanning, med CERNET og CALIS og eit system der universiteta kan få tilgang til moderne laboratorium og utstyr er ein måte å byggje nettverk og styrke samarbeidet på (Zhou, 2006).

2.2.3 PROSJEKT 985

Prosjekt 985 dreiar seg om utvikling av verdskjende forskingsuniversitet. Å skape ei stor utvikling innan høgare utdanning er viktig og ein sentral del av strategien om å fornye landet og gjere det sterkt gjennom å dyrke talent. Prosjektet reduserer gapet mellom dei beste kinesiske universiteta og andre universitet i verdsklasse (Liu, et al., 2003).

Prosjektet vart starta i 1999, året etter at Peking universitet markerte 100-årsjubileet sitt. Peking og Tsinghua universitet var med i prosjektet frå starten av. Etter kvart har Fudan, Shanghai Jiaotong, Nanjing, Zhejiang og fleire andre kome til og eit av måla er at universiteta skal heve kvarande gjennom samarbeid. Dei har vorte meir konkurransedyktige gjennom prosjektet, som støttar opp om rekruttering både innanlands og utanlands. Det å skape danning

og innovativ tankegang har vore viktige mål og kvaliteten på utdanninga har gått opp. 1985 har vore vellukka som banebrytande prosjekt og det har gitt merkbare resultat. Omregulering og best mogleg utnytting av eksisterande akademiske strukturar har vore med på å styrke opplæring, rekruttering og forskingsresultat, noko infrastruktur har vore ein del av. Universiteta som er med i 1985 skal danne grunnlaget for at Kina skal kunne hevde seg internasjonalt (Zhou, 2006).

Kina skal utvikle sentrale akademiske program i universitet over heile landet. ”Akademiske nøkkelprogram” dreier seg om utvikling av sentrale akademiske undervisningsprogram som er spesielt utvalde. Regjeringa starta med dette i 1985, og har etter kvart utvida dette til å gjelde område som humaniora, realfag, ingeniørfag, agronomi og medisin. Desse områda vert sette på som særskilt viktige for den økonomiske og sosiale utviklinga i landet (Zhou, 2006).

Å auke farten på utviklinga av akademiske program, undervisnings- og forskingskapasitet har vore eit sentralt mål. Det same har tilpassinga av akademiske program til modernisering, samfunnsutvikling, økonomisk, realfagleg og teknologisk utvikling og nasjonalt forsvar. Tildelinga av ressursar både sentralt og lokalt skal skape eit strukturert system av sentrale akademiske program der det skal vere klare kjenneteikn og klare fordelar (Zhou, 2006). Realfag og teknologi skal vere sentralt på kjerneprogramma, slik at ein får økonomisk, sosial og kulturell framgang. Forsvaret skal styrkast. Å ha ein leiar som er hevdvunnen og velkjend, helst internasjonalt, i tillegg til eit lag av gode lærarar og forskarar er eit anna krav. Talet og kvaliteten på doktorgrader gjennomførte skal kunne konkurrere på eit høgt nivå, det same skal forskinga og det skal vere minst eit nasjonalt prosjekt av sentral teoretisk og praktisk innverknad. Samanlikna med andre kinesiske prosjekt skal nivået på forskning og undervisning vere sofistikert. Medlemmene skal ha ei sterk akademisk tilknytning og vere aktive både nasjonalt og internasjonalt (Zhou, 2006).

2.2.4 SOSIALE NETTVERK OG INDIREKTE MAKT

Guanxi er eit av dei kinesiske omgrepa som dei siste ti åra har vorte best kjend utanfor Kina. Det kan sjåast på som sosiale nettverk eller sosial kapital. Gjensidige forplikingar er sentralt i systemet, samstundes som nærleiken og maktforholdet varierer stort. Medan utanlandske forretningsmenn og forskning på forretningsrelasjonar gjerne oppfattar og vektlegg nytten, vektlegg kinesarar og sosialantropologar med fokus på små rurale samfunn at det må vere ein

form for kjensler involvert for at den sosiale relasjonen skal vere ekte. Resiprositet og forplikting er begge sentrale ord for å forklare innhaldet i nettverksrelasjonen. Guanxi kan vere eit sosialt svar på mangelen på eit legalt system som byggjer opp tillit (Evasdottir, 2004). Ein type guanxi-forhold som er særskilt viktige er forholdet mellom student og professor. Det kan karakteriserast som langvarig og er til fordel for begge partar og vert skildra gjennom det kinesiske uttrykket *shitu guanxi*, som tyder forhold mellom meister og disippel (Evasdottir, 2004).

Eit anna viktig omgrep når ein ser på internasjonalisering er indirekte makt. I kva grad eit land kan påverke eit anna kan målast gjennom økonomisk makt og militær makt som er direkte former for påverknad. Uttrykket ”soft power” vert gjerne brukt om indirekte måtar å påverke andre (Huang & Ding, 2006). Kultur, ideologi og institusjonar er vanskelegare å måle enn det økonomi er og Huang og Ding prøver å måle dette gjennom strukturerte og fokuserte undersøkingar, i tillegg til det dei meiner er gode indikatorar på indirekte påverknad. Talet på internasjonale studentar og turistar vert trekte fram som særskilt viktige. Når eliten i eit land sender borna sine til eit anna land for å ta høgare utdanning, kan ein seie at indirekte påverknad gjer seg gjeldande. Likevel er det viktig å skilje dette frå økonomisk oppgang og økonomisk heller enn kulturell motivasjon. Dette vil vise sterkest i tider med økonomisk nedgang (Huang & Ding, 2006).

Kina sine evner og intensjonar til å påverke andre land er ikkje berre avhengig av det militære og det økonomiske. Sidan 90-talet har landet klart å påverke politiske utfall i sin favør, og Kina har klart å utvikle direkte og indirekte former for påverknad parallelt (Huang & Ding, 2006). I staden for å vise stor grad av aggresjon og forsøk på bruk av fysisk makt, skriv dei at internasjonale politiske band har vorte ein viktig del av Kina sitt politiske arbeid utanfor egne grenser. Det er likevel store regionale skilnader på kor stort gjennomslag kinesisk politikk får, til dømes mellom Vesten og Latin- Amerika. Førebels er ikkje den organisatoriske innverknaden på store internasjonale organisasjonar i nærleiken av den påverknaden USA og EU har, slik at denne må betrast og Kina må styrke sine ressursar før dei kan utøve stor grad av indirekte påverknad (Huang & Ding, 2006).

2.2.5 ACADEMIC RANKING OF WORLD UNIVERSITIES

Internasjonale rangeringar har dei siste åra blitt viktigare. Dette er med å påverke styresmakter i Asia og strategiane dei fører i utdanningspolitikken (Mok, 2010). Så viktig er det å hevde seg internasjonalt at Shanghai Jiaotong universitet (SJTU) i 2003 starta målinga Academic Ranking of World Universities (ARWU) for å kunne vurdere korleis Kina hevdar seg samanlikna med dei beste universiteta i verda. Til trass for at intensjonen var å finne ut kvar Kina sin posisjon var, har rangeringa fått mykje merksemd internasjonalt og vert sett på som den rangeringa som har størst innverknad².

Over 1200 universitet vert vurderte av ARWU. Av desse vert dei 500 beste offentleggjorde. Særskilt seks indikatorar vert tillagt vekt i ARWU si rangering. Nobelprisar og Fieldsmedaljar vunne av tilsette eller tidlegare studentar, talet på ofte siterte forskarar, talet på artiklar publiserte i tidsskrift for naturvitskap, talet på artiklar i Science Citation Index – Expanded and Social Sciences Citation Index og gjennomsnittlege prestasjonar per tilsett. Senter for universitet i verdsklasse ved SJTU har kvart andre år sidan 2005 organisert ein internasjonal konferanse om nettopp universitet i verdsklasse. Denne har deltakarar frå meir enn 40 land, der ei blanding av universitetsrektorar, representantar for det offentlege og for akademia er representerte¹.

ARWU kan kritiseras, og Dehon, McCathie og Verardi (2009) legg vekt på at valet av variablar og korleis ein vektlegg desse har stor innverknad på resultata. Fordi engelsk er eit viktig akademisk språk og står for ein stor del av publikasjonane innanfor akademia, favoriserar ARWU engelskspråklege universitet. Rangeringa legg større vekt på realfag enn sosialfag, og den tek ikkje høgd for storleik då det er den totale produksjonen som vert målt, ikkje effektivitet. Dette vil gjere at store universitet generelt vil kome høgare enn eit lite universitet (Dehon, et al., 2009). Times Higher Education i London og ARWU vurderer universitet ulikt og i den europeiske undersøkinga er det større geografisk spreining enn i den kinesiske som jamt over vurderer amerikanske universitet høgast (Jamil, 2009).

3 TEORI

Til trass for felles påverknad og internasjonale tendensar er nasjonale variasjonar i forholdet mellom universitet og stat vanleg, slik at måten universiteta vert styrt på vil kunne ha nasjonale særpreg (Musselin, 1997). Til dømes kan internasjonale studiar av høgare utdanningsinstitusjonar ha så ulikt og mangslunge innhald av omgrepet vitskap at det i somme tilfelle kan vere vanskeleg og dels poenglaust å definere. Skilnaden mellom ulike tidsperiodar og stader er for stor til at det er nyttig å ha ein klar definisjon, særskilt når ein samanliknar på tvers av tid og stad (Nakayama, 1984). Det moderne universitetet og ideen om forskingsuniversitetet gjorde seg først gjeldande mot slutten av 18-hundretalet. Mange av universiteta både i mellomalderen og i dag kan gjerne sjå på seg sjølv som sjølvstendige og uavhengige juridiske einingar. Likevel er dei ein del av prosessane i samfunnet rundt, ikkje minst utviklinga av industriell økonomi og nasjonalstaten. Institusjonane er ei lagdeling av vidt ulike tendensar, men representerer samstundes kontinuitet. Difor har ein mellom anna store skilnader i korleis dei vert analyserte (Wittrock, 1993).

Wittrock kritiserer forskinga på akademia for å vere for snever og skriv at medan historikarar ser på universiteta som del av større endringar og sosiologar knapt nok ser på det som eit undertema, har statsvitskap det berre som del av fleire politikkområde og ikkje som det viktigaste. Systemfunksjonelle analysar er framleis den vanlegaste måten å sjå universiteta på innanfor sosialteori, medan Wittrock sjølv går nærare inn på det han kallar teoretisk informert empirisk forskning for å forklare endringar i akademia (Wittrock, 1993). Gjennom si drøfting av normative og organisatoriske ideal går Bleiklie (1998) inn på denne kritikken og presenterer sentrale teoretiske tilnærmingar innanfor forskning på akademia. Det teoretiske rammeverket han brukar for å forklare endringar i det norske systemet gir svar på to sentrale spørsmål: kva skal eit universitet gjere og korleis skal det skal styrast? Dei ulike retningane har ulike svar på desse to spørsmåla. Bleiklie tek opp to dimensjonar som vert brukt. Desse skisserer dei normative ideala for kva eit universitet skal gjere gjennom forholdet mellom nytte og kultur på den eine aksen og autonomi og heteronomi langs den andre (sjå tabell 1). For spørsmålet om korleis eit universitet skal styrast er desse delt inn i: universitetet som verktøy for staten (public agency), autonom kulturell institusjon og som bedrift (corporate agency). Kvar av desse samsvarar med dei normative ideala der rasjonalismen og universitetet som verktøy for staten høyrer saman, idealismen og universitetet som autonom kulturell institusjon og funksjonalismen og universitetet som bedrift, men handlar først og fremst om

korleis universiteta er organiserte. I denne delen av oppgåva vil eg sjå nærare desse og drøfte dei opp mot kvarandre og kome med innspel til ei teoretisk retning eg meiner ikkje er teke nok omsyn til blant vestlege forskarar og som gjer at vi mistar forståing for mange av nyansane i til dømes kinesisk akademia.

Det å bruke fleire ulike teoriar for å analysere Fudan kan vere med på å få klarare fram skilnader mellom aust og vest og nyansar ved kunnskapsproduksjonen ved Fudan. Dette kan vere interessant med tanke på internasjonalisering av utdanning og internasjonale rangeringar og for å gi djupare innblikk i kva som særpregar det kinesiske systemet. Bruken av ein casestudie med sine tallause variablar og store mengder data har saman med desse tre teoretiske tilnærmingane gjort at eg har fått vanskar med å skildre somme særtrekk. Dette vil eg kome nærare inn på seinare i kapittelet og eg vil diskutere forskaren si rolle og definisjonsmakt nærare i metodekapittelet. Teoriane ein brukar har innverknad på kva ein vektlegg og kva forståing ein har for det einskilde case. I dette kapittelet vil eg starte med å gjere greie for rasjonalisme, funksjonalisme og idealisme.

Det finst ei rekkje ulike dimensjonar som påverkar forholdet mellom stat og universitet, og ulike perspektiv og modellar ein kan plassere desse inn i. Ulike sosiale behov formar universitetsreformer, men den vestlege universitetsmodellen er den alle moderne universitetsmodellar byggjer på (Dill & Sporn, 1995). Som eg har gått nærare inn på i den historiske delen om Europa, er ikkje forholdet mellom stat og universitet uproblematisk og det finst mange måtar staten kan utøve makt over universiteta på. Staten har hatt nær kontakt med og kontroll over universiteta, slik at det ikkje berre er den idealistiske modellen Bleiklie skisserer som har gjort seg gjeldande, men eit langt meir pragmatisk forhold mellom stat og universitet.

3.1 NORMATIVE IDEAL

Den tyske idealistiske og den amerikanske funksjonalistiske tilnærminga er dei to dominerande tradisjonane innanfor forskning på høgare utdanning (Trow og Nybom, Rohtblatt og Wittrock i Bleiklie, 1998). Dette er ulike måtar å forklare universiteta på, korleis det er forventa at dei skal fungere og kva funksjon dei har. I det idealistiske perspektivet er institusjonell autonomi saman med den akademiske fridomen til å leite etter sanning for sanninga si skuld grunnleggjande. Akademisk fridom er ikkje berre viktig i seg sjølv, men òg

for samfunnet og til å setje søkelyset mot samfunnsproblem eller å kunne forske på saker og forhold som er øydeleggjande for ei gruppe menneske som til dømes har stor makt. Staten si rolle er å verne om desse rettane, gjerne det humboldtske idealet som Ben-David (1991) og Perkin (2006) skriv om, og som eg har gått nærare inn på under europeisk historie. Retninga er kritisert for ikkje å vere realistisk nok i tilnærminga og for å ikkje gjere eit klart skilje mellom det som er det tenkte idealet og korleis dette reint faktisk kan fungere.

Funksjonalismen har sitt utspring i USA og ser på universitetet som ein del av samfunnet sitt kulturelle undersystem. Korleis universitetet er utforma er avhengig av dei behova som eksisterer i samfunnet rundt. Konkurransen er ein av dei drivande faktorane i retninga. Den funksjonalistiske tradisjonen kan såleis vere nyttig til å forklare funksjonen universitetet har i ulike land. Her kan ein forklare leiting etter sanning med at kunnskap og sanning er forventa å gi utbytte og betre forskingsresultat, som igjen har nytte for samfunnet. Universitetet og strukturane som styrer det vert meir og meir kompliserte i takt med samfunnsutviklinga elles (Bleiklie, 1998). Både funksjonalismen og idealismen har autonomi som eit sentralt premiss. Wittrock (1993) kritiserer funksjonalismen for å utelate menneska, medan idealismen gjerne vert for abstrakt og frittflytande. I staden forsøker han å ta både idealismen og institusjonelle settingar på alvor utan å gløyme situasjonen universitetet og samfunnet rundt er i og redusere oppfatninga om at dei verken har kropp eller sjel. Å redusere universitetet og alle dei funksjonane som finst der til ein einskild idé er nesten utenkjeleg. Det vil ikkje seie at ideane ikkje eksisterer og eit kvart forsøk på å reformere eller endre systemet byggjer på ein eller annan visjon.

Den tredje kategorien som vert brukt er rasjonalismen. Denne retninga prøver å forklare staten si interesse for kunnskapsproduksjon, at staten ønskjer kunnskapsproduksjon for å styrke eigen posisjon og å få gjennomført større prosjekt og endringar i samfunnet. Det rasjonalistiske argumentet rettferdiggjør at staten utnyttar både rutinar og nyskaping betre enn ein marknad, som ikkje vil tene eller vere til like stor nytte for fellesskapet (Bleiklie, 1998). Blant andre som var inne på at staten burde ta seg nytte av universiteta og kunnskapsproduksjonen var kameralistane (Ben-David, 1991). Eg oppfattar deira syn som mindre interessert i fellesskapstanken og meir retta mot makthavaren si interesse for å styrke eigen posisjon. Bleiklie (1998) skriv likevel om idealisme og rasjonalisme som motstykke til kvarandre. Skilnaden ligg i fokuset på det autonome universitet med fokus på danning og leiting etter sanning for sanninga si skuld i den første og universitetet som eit heteronomt

nytteverktøy, der banda til staten er tette, i den andre tradisjonen. Rasjonalismen har ein fellesnemnar med funksjonalismen i synet på nytte, men retningane har ulike syn på forholdet til staten.

Ein viktig skilnad mellom vestlege og kinesiske universitet er bruken av omgrepet autonomi, som er sentralt i forholdet mellom stat og universitet. Det at idealismen og funksjonalismen er dominerande retningar innan forskning på academia forklarar fokuset på autonomi, der idealet er at universitetet er fritt frå ei overordna makt og sjølv kan avgjere kva type forskning det vil drive med. Dette er noko problematisk sett frå ein kinesisk ståstad, der definisjon av omgrepet er ein annan. Autonomi har to ulike tydingar på kinesisk. I den kinesiske tradisjonen handlar autonomi om refleksjon og det å vere meister over seg sjølv. Autonomi i tydinga sjølvstende, som ligg nærare den vestlege forma, referer til den politiske bruken og dels til vestlege universitet med behovet for å unngå ekstern innblanding i deira kunnskapsproduksjon og med det vestlege idealet om autonomi som mål i seg sjølv. Det illustrerer dels ulike måtar å tenkje på og understrekar fokuset kinesarane har på eigen refleksjon. Autonomi som sjølvrefleksjon omgår den politiske faren ved autonome universitet i vestleg forstand, men fokuserer på frigjering av sinnet til universitetsmedlemmer og det å våge å tenkje og å utføre (Zhong & Hayhoe, 2001). «Intellectual freedom» og «academic self-mastery» er meir passande omgrep på kinesiske akademikarar som ei skildring av institusjonell kultur enn det institusjonell autonomi og akademisk fridom er (Hayhoe & Liu, 2011).

Dette gjer at eg meiner rasjonalistisk teori med heteronomi som ytterpunkt for å skildre forholdet mellom stat og universitet er det mest aktuelle i tilfellet Kina. Samstundes kan det vere nyttig å sjå litt nærare på konfutsianismen som ideal og som ein heteronom filosofi der omsynet til kollektivet og respekten for visdom er stor og der ein har ein moral eller filosofi som ligg utanfor ein sjølv og påverkar, gjerne religiøst. Dei teoretiske retningane som set autonomi som premiss er ikkje utan vidare dei mest relevante for å analysere det kinesiske samfunn.

Funksjonalismen vil kunne forklare at ikkje alle endringar som skjer i universitetssektoren er eit resultat av offentleg medviten politikk verken frå staten eller universitetet. Den vil òg få fram noko av autonomien som finst ved universitetet, medan idealismen vil setje kunnskapen i fokus i større grad enn dei to andre. For å kunne plassere Fudan og Kina i ein internasjonal samanheng kan det vere nyttig å bruke alle dei tre for å gi ei meir nyansert skildring av kunnskapsproduksjonen. Dette kan sjåast i samanheng med korleis universiteta er styrte, slik

at det er samsvar mellom kva eit universitet er meint å gjere og korleis det er organisert, sjølv om dette ikkje er ein automatisk samanheng her.

Tabell 1: Dominerande retningar i forskinga på akademia

Kultur		Nytte
Autonomi	Idealisme <ul style="list-style-type: none"> - Leihfreiheit, lernfreiheit, wissenschaft - Leiting etter sanning for sanninga si skuld - Fri - Uavhengige faglege prosessar - Fragmentert og desentralisert - Kunnskapen ein finn er tilfeldig - Ein del av eit ope samfunn - Autonom kulturell institusjon 	Funksjonalisme <ul style="list-style-type: none"> - Underkultur av dominerande kultur - Samfunnet skal ha utbytte av kunnskapen - Konkurransen - Ope - Bedrift
Heteronomi		Rasjonalisme <ul style="list-style-type: none"> - Kunnskap til nytte for samfunnet - Staten utnyttar kunnskap best - Styrkar staten sin posisjon - Kunnskapsproduksjon skjer som resultat av medvitne val og kan påverkast - Pådrivar for endring i samfunnet - Verktøy for staten

3.2 KONFUTSIANISMEN SOM NORMATIVT IDEAL

Når ein reiser i tid og stad med omgrepa sine, må ein tøye dei. Dette gjer at det mister presisjon fordi ein strekkjer dei utanfor den normale konteksten deira. To objekt må ha tilstrekkeleg med fellestrekk for at det skal vere tenleg å samanlikne dei (Sartori, 1970). Dette er ei av utfordringane ved å bruke vestlege teoriar i Kina og noko eg kjem tilbake til i metodekapitlet. Dei moderne kinesiske universiteta som dukka opp frå slutten av 1800-talet

fekk ein vestleg struktur og er inspirert av det vestlege universitetet. Likskapen er altså stor nok til at det kan vere tenleg å samanlikne på tvers av kulturar.

Til trass for store omveltingar i Kina etter starten av 1900-talet er det fellestrekk ved oppbygginga til organisasjonane. Pan (Pan, 2007) skriv i sitt case om Tsinghua universitet at det trass nære band mellom akademikarar og offentlege tenestemenn på høgare nivå er fullt mogleg å oppnå autonomi på visse område, slik Humboldt òg meinte at staten burde peike ut professorane. Etter kvart som eg har gått nærare inn i den historiske utviklinga og starta datainnsamlinga har særskilt idealismen skapt ein del problem. Tema som sjølvensur og mangel på akademisk fridom er særskilt aktuelle for Kina og det teoretiske utgangspunktet for studien min har lenge vore nærare idealismen, at ein viss akademisk fridom må eksistere til og med i totalitære regime, noko som gjer at eg har tatt dette nesten for gitt. Så er som nemnt idealisme og funksjonalisme dei to tilnærmingane som er mest nytta i forskning. Det er altså dei to retningane som tek utgangspunkt i universitetet som ein autonom organisasjon som er dominerande, kan hende fordi den europeiske særstillinga som oppstod frå 1200-talet og utover pregar måten vi forskar på akademia og at dette er nærast idealet til Humboldt.

Men den kinesiske historia stemmer ikkje heilt med denne versjonen. Høgare utdanning i Kina har vore tett knytt til keisaren og det er dei lærde, i meritokratiet, som er dei styrande. På aksene autonomi- heteronomi er det autonomi som er gjeldande i mykje av det teoretiske grunnlaget eg har lese frå vestlege forskarar. Som Law og Pan påpeikar og som nemnt av Zhong og Hayhoe er ikkje autonomi eit passende omgrep innan kinesisk akademia. Trekkjer ein derimot linja frå autonomi til heteronomi (sjå tabell 2), men heldt seg på aksene for kultur, kan ein lettare skildre trekk ved det kinesiske universitetet. Det vil ikkje seie at ein utan vidare kan fjerne autonomi som omgrep og at det ikkje er gyldig for Kina, men at ein kan finne trekk av både autonomi og heteronomi i Kina så vel som i Europa. Skilnaden ligg i hovudvekta på verdiar og forventningar og korleis dei dominerande handlingsmønstra og tenkesetta er kopla saman.

Ikkje alle kinesiske forskarar innanfor fagfeltet høgare utdanning er einige i at fokuset på heteronomi utan vidare gjer at kunnskapsproduksjonen passar inn i rasjonalismen. Eit dilemma i kinesisk kunnskapsproduksjon har vore skilnaden mellom det å lære for moralen, som Law skriv ein har gjort i Kina og nytte, som ein har gjort i Vesten (Zhang i Law, 1996) og at dette ikkje utan vidare kan sameinast (Law, 1996). Kinesiske styresmakter har brukt høgare utdanningsinstitusjonar til å overføre sosialpolitiske ideal og verdiar som dei meiner

studentane bør ha, medan realfag og teknologisk kunnskap har vorte importert for å skape økonomisk vekst (Law, 1996). Den sosialpolitiske kulturen med persondyrking vart ikkje avslutta ved overgangen frå keisardømet, men det kinesiske regimet legg framleis vekt på ideane og talane til dei politiske leiarane og det byggjer opp under det sentralstyrte verdssystemet. Den viktigaste motivasjonen for endringar i universitetssektoren er modernisering og økonomisk utvikling, men både i Kina og Taiwan er sosialpolitiske målsetjingar sidestilt med økonomiske målsetjingar (Law, 1996). Taiwan er ikkje vektlagt i min studie, men kunne vore naturleg for å samanlikne med Kina, då mykje av den kulturelle bakgrunnen er lik, men det politiske regimet er ulikt.

Tabell 2: Konfutsianismen som teoretisk retning

Kultur		Nytte
Autonomi	Idealisme	Funksjonalisme
Heteronomi	Konfutsianisme <ul style="list-style-type: none"> - Respekt for visdom og lære - Sanning og vegen til eit betre samfunn startar med ein sjølv - Til beste for kollektivet - Introvert - Unngå det ekstreme - Ein skal ikkje endre det ein ikkje har prøvd eller har god kunnskap om sjølv. - Moral - Heteronom kulturell organisasjon 	Rasjonalisme

Både Law (1996) og Pan (2006) tek opp problemstillinga med ei vestleg tolking av det kinesiske systemet, der særskilt autonomi vert vektlagt. Som eg kom inn på i den historiske delen har staten og høgare utdanningsinstitusjonar i Kina vore tett knytt til kvarandre. Rasjonalismen svarar på og skildrar universiteta og kunnskapsproduksjon som noko som skal

vere til nytte for staten og for fellesskapet. Kinesisk politikk legg heller ikkje skjul på dette. Eg har heile tida hatt ei forventning om at Kina ut frå historia og som ein sterk sentralstyrt stat vil ha klare trekk av og godt kunne forklarast gjennom det rasjonalistiske idealet og Fudan som verktøy for staten. Som institusjon er eit universitet og særskilt dei akademisk tilsette likevel venta å ha klare interesser i og identiteten sin knytt nærare til det idealistiske perspektivet. Innvendingar til denne tilnærminga kan vere at idealismen er tufta på den tyske tradisjonen og at denne kulturelt er langt frå det som er reelt for Kina. Idealismen legg heller ikkje vekt på indre maktkamp og eigeninteresse, som sjølvsagt kan finnast ved universiteta uavhengig av forholdet til staten. Som eg har vore inne på under den politiske og historiske utviklinga av dei europeiske og kinesiske universiteta finst det likevel fellestrekk mellom Konfutse og Humboldt som gjer at dette kan vere tenleg å samanlikne. I så måte er både idealismen og den absolutte akademiske fridom som ligg i det teoretiske ytterpunktet nettopp ideal og ikkje ei forventning om at det er nøyaktig slik det vil vere.

Fellesnemnaren mellom Humboldt og Konfutse ligg ikkje først og fremst i det autonome universitetet, men i vektlegginga av kultur heller enn nytte. Medan Humboldt søker sanning i verda utanfor seg sjølv, søker Konfutse den i sitt indre. Difor vil eg sjå nærare på aksen autonomi – heteronomi for å kunne gje eit betre innblikk i dei normative ideala i Kina. Nettopp det å skildre korleis akademikarar og studentar ved Fudan opplever kvardagen sin og analysere det ved hjelp av eit organisatorisk ideal som heteronom kulturell organisasjon kan vere med på å gje eit betre innsikt i dette. Med organisatorisk ideal er meint korleis det er forventa at organisasjonen skal styrast, gjerne sett i samanheng med forventningane til kva den skal gjere, slik at organisasjonsform er venta å endre seg når ein til dømes får eit regimeskifte med andre forventningar til korleis kunnskapsproduksjonen skal skje (normative ideal i Bleiklie si framstilling). Sjølv om rasjonalismen kan vere minst like nyttig, meiner eg ei kulturell tilnærming kan vere med på å forklare og gi ei betre forståing av kinesisk akademia som ein ikkje får gjennom dei andre normative ideala for kva eit universitet skal vere.

For forskning på akademia i samfunn som har større vekt på kollektivet enn individet kan det difor vere tenleg å fylle ut den siste ruta i firefeltstabellen. Sjølv om eg heile tida har hatt forventningar om at ein best kan forklare Fudan og kinesisk kunnskapspolitikk ut frå eit rasjonalistisk perspektiv, gir ikkje det heile biletet. Mykje av det Hayhoe skriv og som eg har referert nærare til andre stader vil eg òg meine er naturleg å plassere under rasjonalismen,

men ho går i tillegg inn på kulturelle trekk ved kinesisk academia. Det manglar ei betre kulturell forståing for korleis kinesisk academia har fungert. Dei same veikskapane som idealismen har vil kunne dukke opp her, men det skapar ei nyttig kulturell motvekt til rasjonalismen og eit ikkje-autonom motvekt til idealismen, ikkje minst kan sistnemnde vere eit nyttig innspel i ein debatt som har utallige definisjonar av autonomi som omgrep. Kan hende kan debatten vere tent med å i større grad sjå på heteronomi som eit nyttig omgrep.

3.3 ORGANISATORISKE IDEAL

Det vil alltid vere eit spenningsforhold mellom stat og universitet der ein ventar at forholdet vil endre seg over tid. Hayhoe (1989), Chen (2010), Bleiklie (1998) og Ben-David (1991) skriv alle om endringar i ulike tidsperiodar eller ulike stader. På kinesisk vert dette omtala som *shoufang*. Det skildrar forholdet mellom staten og det kinesiske folk som ein pendel som går mellom to ytterpunkt. Shou tyder avgrensing, eller vil gjerne seie direkte kontroll, medan fang inneber liberalisering og større fridom. Etter at open dørs politikk vart sett i verk har ein del kinesarar hatt ei forventing om at tendensen har gått mot eit meir ope og friare samfunn. I periodar der *fang* er dominerande får somme kinesarar større kontroll over somme område i livet sitt, til dømes eiga forskning (Gold, 1990).

I tillegg til dei normative ideala som eg presenterte over brukar Bleiklie (1998) tre organisasjonsideal som utgangspunkt for ulike handlingsmodellar. Medan dei normative ideala tilbyr ulike måta å rettferdiggjere kunnskapspolitikk på, er dei organisatoriske ideala meir spesifikke og baserer seg på historiske og politiske organisasjonsmodellar, altså korleis universitet vert styrt. Alt dette gir ulike måtar å tolke handlingar som skjer innanfor institusjonen. Som offentleg organ skal universitetet lojalt setje i verk politikk staten fører gjennom lovgjeving og statsbudsjett. Fordi politiske regime endrar seg over tid vil ein vente å finne trekk frå ulike idealformer. Ulike måtar å styre universitetet på viser ulike typar forventningar frå staten og det at ein legg til ei ny forventning vil ikkje seie at ein fjernar ei av dei gamle forventningane (Bleiklie, 1998). Universitetet som verktøy for staten, som bedrift og som autonom kulturell institusjon er dei tre organisasjonsideal Bleiklie brukar. I tillegg har eg utvida dette med eit organisatorisk ideal som samsvarar med konfutsianismen som normativt ideal; altså ein heteronom kulturell institusjon. Idear om organisasjonsstruktur heng

gjernar saman med dei normative ideala for kva eit universitet er forventa å vere, men ein kan samstundes ha dei same normative ideala og finne meir effektive måtar å nå dei på.

Når det gjeld organisatoriske ideal for korleis Fudan vert styrt, kjem eg i analysen til å leggje vekt på formell organisering, politiske føringar og finansiering.

3.3.1 UNIVERSITETET SOM VERKTØY FOR STATEN

Ei sentral problemstilling i forskinga på akademien er knytt til kontrakten universiteta har til samfunnet rundt. Universiteta har ei viktig rolle som kunnskapsprodusent, der forskning og undervisning er dei sentrale produkta (Bleiklie & Byrkjeflot, 2002). Ulikt Europa, der ein har hatt ei sterkare deling mellom stat og universitet, har høgare utdanningsinstitusjonar i Kina vore nært knytt til staten. Likevel finst det grader av dette og Altbach (2001) går inn på fleire døme der fridomen til universitetet har vorte truga i Europa.

Lojalitet er eit sentralt stikkord i synet på universitet som verktøy for staten og universitetet er forventa å setje i verk statleg politikk. Universitetet er ein del av ein hierarkisk struktur og skal produsere kunnskap og kandidatar og gjere desse tilgjengelege for høgare statlege nivå. Sidan finansiering og politiske retningslinjer kjem frå staten er det ei forventning frå denne om at universiteta gjere det dei får betalt for å gjere. Dette kjem gjerne til uttrykk gjennom statlege budsjett og lovverk (Bleiklie, 1998).

3.3.2 UNIVERSITETET SOM AUTONOM KULTURELL INSTITUSJON

Forskning og forskarutdanninga vart ein viktig del av identiteten til universitetet, men sjølv då det moderne forskingsuniversitetet fekk gjennombrøtet sitt har det vore ulikt idealet. Gjennom spesialisering og inndeling i disiplinær og utan å kunne både kombinere forskning på avansert nivå med undervisning og danning av studentane braut det med Humboldt sine idear om korleis universitetet skulle vere. Likeeins sette utvikling av våpen og forskning for industrien universiteta på prøve. Skulle ein vedgå at store delar av universitetet handla utanfor det som hadde vore den historiske kjernen eller skulle ein omdefinere universitetet frå den opne fellesskapen av likesinna som gladleg delte av sine tankar og funn (Wittrock, 1993)?

Fridomen på universiteta er større enn elles i samfunnet (Altbach, 2001). Likevel er det slik at fridomen til universiteta inngår i ein sosial kontrakt med samfunnet og difor heller aldri vil bli

absolutt (Rothblatt, 1995). Institusjonane kan heller ikkje vere meir opplyste og fleksible enn kva historia deira har vore. Autonom forskning og undervisning med humboldtske verdiar og den akademiske kvaliteten som faneberar skildrar universitetet som autonom kulturell institusjon. Det finst ein tilsvarende variant inspirert av det amerikanske systemet. Vernet mot eksterne aktørar er sentralt i modellen (Bleiklie, 1998). Som autonom kulturell organisasjon vil universitetet samsvare best med idealismen. Universitet er i denne modellen fritt frå innblanding frå staten og academia sjølv set standarden for kven som kvalifiserer. Kvaliteten på arbeidet er ein grunnstein i den autonome kulturelle organisasjonen (Bleiklie, 1998).

3.3.3 UNIVERSITETET SOM BEDRIFT

Som bedrift er universitetet ein tenesteytar eller kunnskapsprodusent. Universitetet produserer forskning og undervisning, og har i tillegg til ei leiing akademisk, teknisk og administrativt tilsette. Alle desse gruppene har ulike mål og utfører ulike tenester til grupper internt og eksternt. Effektivitet med forventingar om reduserte kostnader, nyttige tenester og produksjonsmål har vorte den viktigaste målestokken i denne modellen. Produkta skal vere standardiserte og lette å kontrollere. Denne modellen er i stor grad knytt opp til New Public Management og endringar i måten staten styrer på (Bleiklie, 1998). Fleire statar i Asia brukar i dag marknadsreguleringar i måten dei styrer universiteta på (Mok, 2012). Funksjonalismen vil passe best saman med universitetet organisert som bedrift.

Teorien om den evaluerande stat høyrer til i denne retninga og går ut på at staten involverer seg i mindre grad og heller lar marknaden styre slik at staten reduserar kostnadene, samstundes som den kan oppretthalde eigne mål med til dømes resultatstyring. Det einskilde universitet vert meir avhengig av å tilpasse seg marknaden og nasjonale rettesnorar (Neave, 1995). Den politiske definisjonen av akademisk fridom som korporativ, gjerne tilnærma det Bleiklie refererer til som bedrift, går ut på at universitetet vert kompensatorisk i at det får ein eigen fridom frå staten. Burton Clark er sentral i denne retninga.

Overgang frå statleg kontroll til statleg evaluering, der New Public Management, kvalitetssikring og evalueringar er sentrale er ein måte å påverke på (Neave, 1995). Dette oppfattar eg å vere dels samanfallande med dei organisatoriske inndelingane Bleiklie (1998) brukar i sin artikkel, men desse kan vere med på å gi eit noko anna blick på forholdet mellom Fudan og den kinesiske stat, særskilt ettersom artikkelen til Bleiklie er retta mot New Public

Management og utviklinga i Noreg. Til trass for at mange tendensar er globale og ein kan vente å finne fellestrekk, er Kina framleis eit land med sterk sentralisert kontroll.

Neave (1995) går inn på ulike måtar å tolke forholdet mellom stat og universitet på. Staten kan påverke universiteta indirekte på ei rekkje ulike måtar. Ved å delegere funksjonar til lågare nivå, som han kallar "Thickening of the Administrative Rind" kvittar staten seg med den finansielle byrden frå statleg nivå. Dette har vore aktuelt i England, Frankrike og Spania. Korleis universitetsutdanning skal finansierast varierer. I England er det vanleg å regulere konkurranse blant akademikarar på arbeidsmarknaden og fastsette lønsnivå. I Frankrike og Tyskland regulerer staten i større grad pensum, kven som vert tekne opp som studentar, peiker ut kven som skal undervise og kven som skal forske. Maktbalansen vert utjamna av dei uformelle akademiske nettverka, medan det amerikanske systemet i langt større grad er styrt av marknaden (Dill og Sporn, 1995). Dill og Sporn teiknar opp ein trekantmodell mellom statleg autoritet, marknad og akademisk oligarki, som kan vere nyttig for å vise forholdet mellom dei ulike aktørane. Kor tette banda er vil variere i ulike forhold.

I Kina har staten sin prosentdel av finansieringa til det einskilde universitet gått ned dei siste åra (Zhou, 2006). Yang, Vidovich og Currie (Yang, et al., 2007) skildrar endringa der Kina har gått frå eit statskontrollert system til eit system som er evaluert av staten som ein dansande bjørn som har gått frå å vere i lenkjer til å vere i bur, og der den eigentleg skilnaden ligg i at det ser meir elegant ut frå utsida, men at den reelle endringa er liten. Dei er ikkje dei einaste som er kritiske, og det vert påpeikt at sjølv om finansieringsmodellen har endra seg slik at prosentdelen som vert betalt av staten går ned, går den totale summen frå MOE opp. Dette kan føre til at universiteta vert meir avhengige av staten, ikkje mindre (Ngok & Guo, 2008).

3.3.4 HETERONOM KULTURELL ORGANISASJON

Bleiklie brukar ikkje dette som eit organisatorisk ideal i sin artikkel. Eg meiner likevel det kan vere tenleg å trekkje det inn her, av same grunn som for konfutsianismen som normativt ideal. Då kan ein sjå på organiseringa som ein kulturell organisasjon, men altså nærare kollektivismen og på Fudan som ein organisasjon der ein har egne verdiar som er knytt til ei overordna makt, institusjon eller ide, som til dømes staten eller religion. Kulturen vil difor verte prega av eit anna ideal enn det som er dominerande i forskinga på akademia. Som eg har

gjort greie for i kapittel to om konfutsianismen var det å vere eit edelt menneske viktig og ein kan berre endre verda ved først å endre seg sjølv. Lærdom i kombinasjon med eit strengt hierarki vil kunne vere viktige verdiar i ein slik organisasjon og respekt ei sentral forventning.

4 METODE

Metoden eg har brukt er ein casestudie. I dette kapittelet har eg lagt vekt på ei drøfting av fordelar og ulemper ved denne metoden og kva ein kan oppnå ved å bruke case. Eg har lagt vekt på definisjonsmakt og det å bruke mine omgrep i ein kultur som ligg langt frå min eigen. Til sist har eg gått gjennom datakjeldene eg har brukt, samt opplegget og gjennomføring av datainnsamlinga.

4.1 CASE

“A case study is an empirical inquiry that; investigates a contemporary phenomenon within its real-life context; when the boundaries between phenomenon and context are not clearly evident; and in which multiple of sources of evidence are used.” (Yin, 1989, p. 23)

Å gjennomføre ein casestudie kan gi eit heilskapleg bilete der ein kan finne gode karakterstikkar for det typiske ved casen. Det kan gi eit godt rammeverk for vidare diskusjon og gje forskaren ei djupare innsikt og større forståing av fenomenet enn det andre metodar kan (Flyvebjerg, 2006). Dette har vore noko av bakgrunnen for at eg har valt å utføre ein casestudie. Yin (2009) nemner tre kategoriar av forskning; utforskande, skildrande og forklarande. Dei organisatoriske ideala eg har presentert tidlegare ser først og fremst på *korleis* universiteta vert styrte. Etersom eg i stor grad søker å oppnå ei utvida forståing av korleis kinesiske universitet fungerer i dag og kva forhold dei har til staten ser eg på eit utforskande case som den mest tenlege metoden. Gjennom å bruke idealisme, funksjonalisme og rasjonalisme til å forklare ulike trekk ved Fudan kan eg få fram eit heilskapleg bilete der ein òg kan få tydeleg fram korleis ulike teoriar framhevar ulike trekk ved universitetet. Kombinasjonen med normative og organisatoriske (verktøy for staten, autonom kulturell organisasjon, bedrift og heteronom kulturell organisasjon) meiner eg vil gje ei brei forståing for Fudan universitet. Det at teoriane står i kontrast til kvarandre hjelper med å få ei djupare innsikt, både i empirien og teorien.

For at verdien av samfunnsfagleg forskning skal bli høgare framhevar King, Keohane og Verba (Keohane, et al., 1994) to kriteriar. Det eine handlar om at problemstillinga skal ha noko å seie for ei gruppe menneske, slik at ein forskar for å oppnå høgare forståing av saker som er relevante for samfunnet og dei menneska som lever i det. Problemstillinga mi kan gi kinesiske

studentar og akademikarar betre innsikt i korleis kunnskapsproduksjon i Kina fungerer, men eg forventar at den i større grad vil vere relevant og bidra til større læring for utlendingar som prøver å forstå og lære meir om Kina, kinesisk utdanningspolitikk og kinesisk akademia.

Det andre punktet til King, Keohane og Verba er relevansen for teori og utviklinga av ny teori og at det einskilde prosjekt skal ha eit klart mål for å auke den faglege forståinga. Funksjonalismen, idealismen og rasjonalismen har frå tidleg i prosessen vore det teoretiske utgangspunktet mitt for å skildre Fudan og kinesisk kunnskapspolitikk. Det å ha gjennomført ein casestudie der eg har måtta setje meg inn i ei rekkje ulike aspekt ved Fudan og kinesisk kultur har bydd på ein del vanskar og manglande forståing frå mi side, særskilt når det gjeld omgrepet autonomi, som eg har gått inn på i teorikapittelet og som er sentralt i to av dei teoretiske retningane eg har hatt som utgangspunkt. Funksjonalismen og idealismen har som nemnt tidlegare vore dominerande innanfor forskinga på akademia. Begge retningane tek utgangspunkt i autonomi som sentralt for akademia og særskilt innan idealismen er den akademiske fridomen ein kjerneverdi.

I tråd med dette har eg prøvd å bruke teorien til å oppnå ei djupare forståing for Fudan spesielt og universitet i Kina generelt. Dette gjeld mellom anna teori og utgangspunktet ein har i Vesten med vektlegging av det frie individet heller enn kollektivet. Eg har gått ein del tilbake i tid. For Fudan som vart oppretta i 1905 har eg lagt vekt mest på dagens situasjon, men har med noko av utviklinga ved universitetet i andre kapittel. Forventningane har vore at ein case med analyse frå tre ulike teoretiske tilnærmingar ville gi meg den informasjonen eg trengte til å sjå på fenomenet frå ulike vinklar og såleis få ei breiare innsikt til å finne ut av eit komplekst sosial fenomen der grensene til samfunnet rundt er uklare (Yin, 2009). Likevel har det tatt ein del tid før eg har klart å kategorisere nokre av dei bidraga som kjem frå forskarar som konsentrerer seg om Kina. For meg har metoden gjort at eg har sett manglar ved teorien, sjølv om dette ikkje var eit hovudmål då eg starta prosjektet. Kinesisk kultur, historie og forståing for autonomi har gjort at det teoretiske utgangspunktet har skapt vanskar for forståinga av ein del trekk ved Fudan, noko som gjer at eg har stilt spørsmål til denne og etter kvart vorte merksam på ei teoretisk retning som var utanfor utgangspunktet mitt.

Casestudiar kan òg vere til nytte for andre som kan bruke den til samanlikning anten over tid eller på tvers av land (Page i Bleiklie og Kogan, 2006) (Bleiklie & Kogan, 2006). Økonomisk vekst og internasjonalisering og den innverknaden dette har på statusen til universiteta kan ein sjå i ein større samanheng. Det at casen kan brukast som døme på særtrekk ved det nasjonale

eller periodiske, gir rom for generalisering i etterkant. Nettopp det å sjå korleis situasjonen er i dag, med internasjonal utveksling og tendensar innanfor kunnskapsproduksjon og ikkje minst korleis Deng Xiaoping sine opne dørar og masseutdanning har påverka kinesiske universitet kan vise skilnader frå andre periodar i kinesisk historie, og på om internasjonale tendensar har eller ikkje har slått til.

Noko av kritikken mot casestudie er at dei gjerne vert for generelle med for mange variablar og for lite utval eller at dei vert eit slags forstudie til ei anna type undersøking. Eit casestudie gir ikkje først og fremst rom for generalisering for til dømes korleis alle kinesiske universitetet er, men gir i følgje Yin (2003) heller innspel til teoriar og vidareutvikling av hypotesar, noko eg føler eg har oppnådd med min metode. Som Sartori (1970) skriv må ein dessutan utvikle konseptane før ein kan kvantifisere. Dette gjer at det er vore vanskeleg å ha ein nøyaktig definisjon og klare linjer for overgangen mellom autonomi og heteronomi. Når moralen i delar av kinesisk akademia gir uttrykk for å vere einige i den offentlege statlege politikken er det òg vanskeleg å sjå dei klare skilja mellom rasjonalismen som teoretisk retning og konfutsianismen. I så måte har det vore nyttig å sjå om teoriar som vert brukte i ein europeisk kontekst kan brukast om hendingar og situasjonar andre stader. Tendensane i høgare utdanning er dels dei same verda over, mellom anna med overgangen til utdanningssystem som er retta mot massane heller enn elitane og der ein i større grad har eit kunnskapsfunn. Ved å bruke dei same teoriene er det enklare å overføre, forstå og sjå i kva grad det ein forventar er dei same tendensane reint faktisk er det, og casestudie kan som kjend og fungere som svarte svarar, altså ein måte å avkrefte ein teori eller ein hypotese på (Flyvebjerg, 2006).

Idealisme og rasjonalisme er motstykke til kvarandre, medan ein ikkje har eit motstykke til funksjonalismen i dei tre retningane. Det at teoriene er utvikla med tanke på vestlege universitet gjer at dei innimellom har vore tunge å bruke, noko som er nyttig med tanke på å vere kritisk til teoriene. At dei ikkje alltid kan skildre den realiteten eg finn i casen og historia gjer at eg må leite etter andre, meir passende utgangspunkt fordi det finst trekk som ikkje utan vidare kan la seg forklare ut frå rasjonalismen, idealismen eller funksjonalismen. Ein må heile tida bruke så lang tid på å forklare særtrekka ved kinesisk autonomi. Dette har vore bakgrunnen for innspelet mitt i teorikapittelet med vektlegging av kombinasjonen heteronomi- kultur som ein finn i konfutsianismen (sjå tabell 2).

For Taylor (1985) er det grunnleggjande spørsmålet for sosial teori kva det er som eigentleg skjer. Målet med teoriar er ikkje berre å gjere verda og sjølvforståinga meir eksplisitt, men gjennom teoriar å utvide og kritisere eller til om med utfordre den (Taylor, 1985). Også Flyvebjerg (2006) skriv om læring heller enn prov som grunngeving for eit case. Ein skaper eit nyansert syn som gir konkret læring og kan skildre djupare årsaker heller enn symptoma eller frekvens av eit gitt problem eller hending, noko eg meiner er relevant for mi oppgåve og som eg har oppnådd ved å sjå nærare på særskilt konfutsianismen.

Ein slikt studie kan sjå konsekvensar dels av open dørs politikk og politikkendingar etter 1977. Det kan vise i kva grad internasjonale tendensar påverkar det nasjonale universitetssystemet og mellom anna korleis Kina taklar overgangen frå elite til masse når staten er oppteken av stabilitet og legg store avgrensingar i korleis ein kan kritisere eittpartisystemet. Det kan vise at større endringar har fått gjennomslag, gjerne med tanke på menneskerettar og demokratisering som gjev massane verktøy og utdanning som gjer at dei i større grad kan bli politisk medvitne borgarar, verdiar som dels ligg i idealismen. Samstundes kan bruk av rasjonalismen vise at medvitne val er årsaka til og det som i stor grad styrer endringane, slik at det heller styrkar Kommunistpartiet. Endringar i verdisett kan gjere at ein får nye organisasjonsideal, altså at ei endring i kva universitetet er forventa å gjere kan føre til at ein finn ein ny måte å organisere seg på.

Gjennom å avkrefte eller vise tendensar i Kina kan casen bidra til den forskinga som skjer innanfor feltet. Forholdet mellom makt og kunnskap og korleis dette utspelar seg vil kunne sjåast i eit større perspektiv. Det er mogleg å sjå på trekk ein finn ved Fudan og finne tilsvarende tendensar i andre autoritære regime og kan hende i demokratiske statar. Autonomi er eit omgrep som vert drøfta mange stader og som har ei rekkje ulike typar innhald. Det kan tenkjast at heteronomi i somme tilfelle kan vere eit minst like tenleg omgrep å bruke.

4.1.1 ULIKE TILNÆRMINGAR

Mange forskingsprosjekt vil oppleve at studieobjektet og ein sjølv kan ha ulike definisjonar av sentrale omgrep. Subkulturen i ein organisasjon eller ei gruppe kan ha utvikla eit anna språk eller tolking av ulike omgrep som ein ikkje alltid vil oppdage. Forskaren si rolle og forskaren si tolking av språket, og som den som har definisjonsmakt, er noko som ofte kan føre til eit feilaktig bilete av realiteten (Taylor, 1985). Verdiane ein finn i ein kultur treng ikkje alltid

vere tilstades i ein annan. Likevel treng ikkje eit utgangspunkt der ein forventar språklege forviklingar vere negativt, det kan heller gjere ein meir medviten på at her kjem det til å vere vanskar og ta høgde for det i intervju og datainnsamling elles. Igjen kan ein nemne bruken av teori, som diskutert over.

Det å skulle konkurrere og samanlikne seg med internasjonale universitetet skapar ein del problem, til dømes med internasjonale rangeringar. Akademiske og vitskaplege tradisjonar varierer stort verda over og gjennom tidene. For internasjonale studiar av høgare utdanningsinstitusjonar kan omgrepet vitskap ha så ulikt innhald at det i somme tilfelle kan vere vanskeleg og dels poenglaust å definere (Nakayama, 1984). Ulike nasjonar har ulik historie og ulik utvikling av sine universitet. Det er ikkje noko nytt i at organisasjonsformer eller språk flyttar seg over landegrensar og dominerer i periodar slik latin og tysk har gjort tidlegare, slik engelsk gjer det i dag (Altbach, 2004) og kan hende som mandarin vil gjere det i morgon. Likevel skriv Altbach (2004) om internasjonale kåringar og internasjonal konkurranse som nyttige, ikkje minst fordi ein skapar diskusjon om akademisk kvalitet, kva som er eit godt universitet og kva rolle eit universitet skal ha. Samstundes hevdar han at det er uråd å måle akademisk kvalitet og at nasjonale universitet kan tene meir på å konsentrere seg om somme område av nasjonal interesse heller enn å verte verdsleiande totalt sett. Utgangspunktet for samanlikning og konkurranse, verken for forskning på academia eller for rangeringar som ARWU er med andre ord ikkje alltid dei same.

Ein casestudie kan vere ei god tilnærming fordi ein gjennom å finne ulike kjelder kan avkrefte tidlegare oppfatningar, samt gi ei djupare forståing av det respondentane legg i omgrepet. Dette har vore veldig nyttig i samtalar og intervju. Eg har stilt ein del av dei same spørsmåla til ulike personar, ikkje berre intervjuobjekta, for å få avkrefta påstanden eller for å få stadfesta at eg er på rett spor. Det er med på å nyansere dei inntrykka eg har slik at eg kan skildre Fudan betre seinare i oppgåva. Somme situasjonar har likevel vorte klarare for meg etter å ha endra syn på teoriane og korleis desse skulle brukast. Særskilt gjeld dette forholdet mellom autonomi og heteronomi langs kulturaksen. Sjølv om eg var kritisk til omgrepet autonomi kan det vere eg ikkje tok stort nok omsyn til eller var medviten nok under datainnsamlinga, nettopp fordi eg hadde ei forventning om at dei kinesiske akademikarane hadde ei god forståing av det. Likevel ser eg i ettertid at det handlar om den generelle kulturforståinga og innblikk i kva forholdet er mellom staten og samfunnet elles. Når det gjeld litteraturen om vitskap og kunnskapsutvikling er den i stor grad utvikla for vestlege

universitet, dette gjer at ein ikkje kan vente at alle funn vil passe inn i desse teoriane. Dette er ei problemstilling som vert drøfta av Sartori (1970). Han stiller spørsmålet om korleis og kor langt vi kan reise med det ordforrådet og dei teoriane vi har. Ein kan ikkje utan vidare gå vekk frå dei omgrepa ein har utvikla over hundrevis av år og han brukar uttrykket ”*conceptual stretching*” for å illustrere at vi tøyar omgrepa for å tilpasse dei til nye situasjonar, kanskje av og til for mykje i eit forsøk på å gjere dei verdinøytrale. Målet til Sartori er å vere medviten på dei omgrepa og dei teoriane vi brukar utan å verte for bundne til dei eller kome for langt frå dei. Samanlikning av identiske objekt har ingenting for seg. Det har heller ikkje to objekt som er for ulike.

Taylor (1985) tek opp problemstillinga med kontrastar mellom språka og at ein verken kan forstå ein kultur gjennom sitt eige eller deira språk, men i eit felles språk der ein kan klare å formulere begge kulturar på deira eigne premisser. Det å stille mange oppfølgingsspørsmål og bruke tid på å la respondentane forklare si forståing, stille spørsmål ved mi eiga, i tillegg til at det kan vere nyttig at eg sjølv gjer greie for mi eiga forståing for informantane meiner eg har vore med på å unngå noko av dette. I kinesisk kontekst har dette vore dels vanskeleg. Erfaringane er ikkje nødvendigvis at ein har ulik forståing av ulike omgrep, men at ein kommuniserer på veldig ulike måtar. Ein er til dømes ikkje like direkte i Kina som ein er i Noreg. På somme spørsmål får eg kanskje eit klart svar, men det kan vere eit kort svar der det ligg uendeleg mykje informasjon mellom linjene, nettopp fordi den ein snakkar med av ulike grunnar ikkje ønskjer å gi eit utfyllande svar eller fordi dette vert for tidkrevjande. Det å ha deltakande observasjon i tillegg til intervju har vore nyttig, særskilt fordi ein får fram motstridande opplysningar mellom det folk seier og det dei gjer, samstundes som det fyller ut og kanskje kan forklare og nyansere det som kjem fram gjennom intervju eller dokumentanalyse. Det å opphalde seg i Kina har gjeve meg langt betre innsikt i kinesisk kultur og samfunn. Samstundes har det fleire gongar gjennom den deltakande observasjonen vore slik at kinesiske akademikarar har prøvd å legge fram si sak og si forståing for sitt eige samfunn, men både det å godta og forstå dei store skilnadene har tidvis vore vanskeleg.

Dette har ikkje vore er ein komparativ studie. Likevel har eg veldig ofte sett på korleis ulike situasjonar kunne vore ved UiB, men då mest for å bli meir medviten på min eigen bakgrunn. Ofte viser det seg at eg har oppdaga noko som får meg til å så tvil til viktige trekk ved styringa av det kinesiske universitetet og forholdet mellom stat og universitet, for så å oppdage at det same er tilfelle ved UiB.

Eller som Taylor skriv:

”Indeed, what I want to argue is that there are times where we cannot question the one properly without also questioning the other” (Taylor, 1985, p. 125)

Ei viss grad av samanlikning ligg altså i casen. Målestokken vert på mange måtar universitetet i Bergen, delvis som ein kontroll (men på ingen måte fasit) for å sjå likskapar og skilnader. Slik sett ligg det òg ei samanlikning i at eg brukar ”Justifying the Evaluative State” som teorigrunnlag.

Vidare skriv Taylor (1985) om korleis vi validerer sosiale teoriar og korleis vi kan bruke vestlege teoriar i andre kulturar. Skilnaden mellom realfag og samfunnsfag er sentral for korleis vi ser på vitskapleg metode, men Taylor meiner naturfaga i for stor grad vert ein mal for korleis vi driv samfunnsforskning. Samfunnsforskninga tek opp spørsmåla om kva det egentleg er som skjer og kva det er som ligg bak teoriane. Korleis ein oppfattar seg sjølv, sjølvforståinga, er sentral for oppfattinga av institusjonane og verdiane i eit samfunn og for korleis desse kan eksistere. Institusjonar kan ikkje overleve utan sjølvforståing. Marxistisk teori ser på individet sine val som meir eller mindre påtvinga av institusjonane og omgjevnadene, til trass for at individet kan sjå på seg sjølv som uavhengig eller fritt. I mi tilnærming har eg brukt ulike metodar, der intervju og deltakande observasjon vert dei mjukaste variantane og dei som er vanskelegast å etterprøve. Eg meiner likevel desse er sentrale for resultatet av studien og for mi eiga læring og forståing for realitetane ved Fudan.

4.2 DATAKJELDER OG INNSAMLINGSMETODAR

Eg har vore i Shanghai to gongar for å gjennomføre datainnsamling. Den første turen tok eg i april 2011 for å få eit litt betre inntrykk av kva som kunne la seg gjennomføre i praksis. På denne turen gjennomførte eg ein del samtalar med internasjonale (nordiske) og kinesiske studentar. Eg gjennomførte eitt intervju i Bergen i mellomtida. Deretter reiste eg tilbake til Shanghai i midten av juni og var der i to månader. I denne tida har eg hatt mest kontakt med kinesiske studentar, men gjennomførte i tillegg intervju med to internasjonale studentar. I begge periodane har eg brukt ressursane som finst på Nordisk senter på Fudan.

Yin (2009, kap 4) går gjennom seks datakjelder ein kan bruke i casestudie. Kjeldene Yin listar opp (dokumentasjon, arkiv, intervju direkte observasjon, deltakande observasjon og fysiske gjenstandar) har i varierende grad vore aktuelle.

4.2.1 DOKUMENTASJON

Fordelane med dokumentasjon er at den er stabil og kan lesast igjen og igjen. Den er heller ikkje laga som del av eller resultat av studien og innhaldet vert såleis ikkje påverka av denne, slik eit intervju kan bli det. Dokumentasjon er nøyaktig og inneheld namn og referansar til ulike hendingar. Til sist kan dei dekkje eit stort tidsrom og mange hendingar. Ulemper med dokumentasjon er at det kan vere vanskeleg å få fatt i, anten fordi det ikkje finst eller fordi tilgangen er avgrensa og at det kan vere einseitig anten i kva som er samla inn eller i kva som faktisk står skrive (Yin, 2009). Her har eg tatt utgangspunkt i offisiell dokumentasjon gjennom kanalar som nettsidene til universitetet og utdanningsdepartementet for å sjå på den formelle organiseringa av Fudan. Det å finne ut meir om kva organisasjonar Fudan har samarbeid med er tilgjengeleg gjennom nettsider, brosjyrar og interne dokument, sjølv om sistnemnte er noko eg i liten grad har fått tak i. Etter ein del om og men fekk eg fatt i årsrapport for 2009 og statusrapport for 2010-2011. Sistnemnde viser mellom anna er ei oversikt over finansieringa til universitetet, men denne er lite detaljert og det har ikkje lukkast meg å få fatt i meir enn dette. Gjennom eit av intervju mine fekk eg likevel ein litt meir spesifikk gjennomgang av nettopp denne delen.

Eg har funne ein del avisartiklar frå kinesiske aviser. Avisartiklane eg har lese har i liten grad vore spesifikke for Fudan, men har vore med på å gi eit innblikk i problemstillingar som er aktuelle for universitetssektoren under eitt. Det er sjølv sagt heller ikkje gitt at avisene offentleggjer alt av kronikkar eller tek opp dei problemstillingane som universiteta eller akademikarane sjølve er mest opptekne av. Artiklar og bøker av meir akademisk art der det finst ein del informasjon om Fudan har i denne samanheng vore langt nyttigare enn avisartiklar.

Nettsidene til Fudan har vore ei sentral kjelde. Desse er i stor grad tilgjengeleg på engelsk, sjølv om betre kinesiskkunnskapar heilt klart kunne vore til nytte for å få meir informasjon. Det å setje seg inn i den formelle organisasjonen til det kinesiske utdanningsdepartementet har vore tidkrevjande og eg skulle gjerne hatt meir tid til å studere sentrale dokument. Ettersom

eg i liten grad går gjennom strukturen til utdanningsdepartementet her, men meiner mål og politikken som vert ført er viktigare for så å sjå kva utslag det gjer ved Fudan, har eg hatt nytte av boka ”Higher Education in China” som er skriven av Zhou Ji, utdanningsminister i Kina i perioden 2003 – 2009. Denne boka har eg brukt som kjelde til delar av det formelle systemet og til å sjå nærare på kva mål den kinesiske stat har, for så å kunne bruke dette i analysen. Eg ser på denne boka som ei kjelde til det offisielle synet som kinesiske styresmakter har.

4.2.2 ARKIV

Universitetsarkiva er ein annan måte å få informasjon på, men arkiv har ofte avgrensingar for kven som kan lese dei (Yin, 2009). Det finst eit universitetsmuseum der ein kan sjå den historiske utviklinga til Fudan, der har eg vore fleire gongar, men får berre sett det som er offentleg fram til slutten av 70-talet. Den skriftlege informasjonen er dels avgrensa, då det er lagt mest vekt på bilete. Igjen er dette med på å gi betre innsikt og forståing, men dette er i liten grad brukt konkret som grunnlag for analysen. Somme plakatar og utstillingar både der og ved fakultet for journalistikk har likevel vore nyttige.

4.2.3 INTERVJU

Intervju av studentar, administratorar og vitskapleg tilsette har eg hatt fleire av. Å bruke ein kombinasjon av kinesiske og vestlege studentar/akademikarar som informantar har vore ein nyttig inngang og har hjelpe meg å få litt betre innsyn og til å finne ein del skilnader. Mange av dei institusjonelle verdiane som ligg i sjølve universitetet vil ein best kunne finne blant dei tilsette der og ikkje hos staten som kan ha heilt andre interesser. Sjølvforståing og uformelle reglar har vore noko av det eg har vore oppteken av og intervju har hjelpt med å forstå noko av dette. Ustrukturerte intervju (Grønmo, 2004), der eg valte ut tema i forkant, men der sjølve intervju var ganske fleksible, var nyttige i ein tidleg fase. Eg har gjennomført 8 slike med nordiske og kinesiske studentar som eg har fått kontakt med gjennom Nordisk senter. Eg fekk e-postadresser til nordiske studentar ved Fudan og sende ut førespurnad om intervju til desse. Her fekk eg tre intervju og har brukt snøballmetoden til å få kontakt med to kinesiske studentar og to utanlandske studentar. Minuset med den er at eg risikerer eit snevert utval og

at dei som gir meg tips har baktankar med kven dei tipsar meg om. Ettersom eg har intervjuar fire personar uavhengig av kvarandre, har møtt ei rekkje menneske gjennom den deltakande observasjonen og i tillegg har fem intervju med vitenskapleg tilsette, meiner eg å ha tatt høgde for dette. Eit av intervjuar har eg òg fått gjennom Kinanettverk Bergen her heime. I tillegg har eg intervjuar to kinesiske studentar som eg har møtt på nordisk senter. Til saman har eg hatt 14 intervju, der eit av dei var med to personar.

Planen var å ha ustrukturerte intervju med dei utanlandske studentane og strukturerte intervju med dei vitenskapleg tilsette. Det siste for å heve reliabiliteten i oppgåva og enkelt kunne samanlikne svara i intervjuar med kvarandre. Då eg kom så langt at eg fekk intervju med ein professor ved Fudan var dette på kort varsel og utan at eg hadde utarbeidd ein ferdig intervjuguide i forkant. Tre av intervjuar mine fekk eg gjennom feltarbeidet mitt, der to av dei var like etter ein undervisningstime. To intervju fekk eg gjennom Nordisk senter og det første av desse var ikkje stadfesta før eit par timar før eg skulle ha det. Til trass for at eg hadde jobba med spørsmål og tema for intervjuar hadde eg altså ikkje intervjuguiden klar og måtte ta intervjuar mine på sparket. På bakgrunn av dette er ingen av intervjuar bygd opp likt, men har utvikla seg dels etter kva intervjuobjekta har vore villegge til å svare på. Til dømes var det første intervjuet mitt med ein professor som langt på veg står for Kommunistpartiet sitt syn politisk sett og som gjennom førelesingane han hadde presenterte eit syn som var langt unna dei nordiske studentane sine. Han verka noko motvilleg då eg kontakta han og presenterte temaet mitt, som då hadde stor vekt på institusjonell autonomi og akademisk fridom, sjølv om han raskt sa seg villeg til å snakke med meg. Det var i så måte vanskeleg å vite korleis eg skulle førebu meg og kva han var villeg til å svare på, så eg måtte prøve meg fram. Det kom mykje nyttig ut av intervjuet, men eg opplevde fleire gongar at eg måtte trekke meg tilbake og ikkje gå vidare med tema eg hadde tatt opp. Under andre intervju har det vore ei langt meir open og avslappa stemning og eg har i større grad kunne stilt dei spørsmåla eg ønskte, sjølv om det i andre tilfelle har vore vanskeleg å kome til med spørsmåla fordi personen eg intervjuar snakka veldig mykje.

Solinger (2006) framhevar potensielle vanskar og misforståingar som kan kome når den som skal intervjuar ikkje brukar det same språket som intervjuobjektet, ikkje berre i Kina, men òg andre stader. Kultur og språk gjer igjen at forståinga lett kan bli feil og difor òg tolkingane og analysen. Eit av problema her kan vere at ordet autonomi, som under datainnsamlinga mi var sentralt i masteroppgåva, knapt nok eksisterer på kinesisk. I den grad det gjer det har det ei

anna tyding enn den vestlege. Som nemnt tidlegare har dette òg vore med på å gjere bruken av teori vanskeleg. Noko av dette håpte eg å unngå ved å bruke både strukturerte, semistrukturerte, formelle og uformelle intervju (Grønmo, 2004). Etersom dei eg intervjuar har hatt gode engelskkunnskapar og i stor grad internasjonal erfaring har eg ikkje opplevd det språkege som eit stort problem. Det som kanskje har vore vanskeleg å oppnå ei god forståing for og som eg både undervegs og i etterkant av datainnsamlinga ser har vore vanskeleg har vore forholdet til det kollektive versus individet og korleis kinesarar grunnlegg politik og handlingar. Autonomi har eg opplevd at begge partar har forstått, men det kan likevel vere eit omgrep som er vanskeleg å gjere ordentleg greie for i kinesisk kultur.

4.2.4 DELTAKANDE OBSERVASJON

Deltakande observasjon er ei anna av kjeldene Yin (2009) trekkjer fram. Deltakande observasjon er to handlingar om gongen, ein deltek og ein observerar. Ytterkantane av skalaen vert anten å berre observere eller berre å delta. Fangen (2005) framhevar at for å utføre deltakande observasjon skal ein vere med i sosial samhandling og ein treng ikkje utføre same handlingar som studieobjekta. Ved å delta, innanfor visse rammer, unngår ein at dei ein studerer føler seg som objekt, samstundes som ein får meir truverdige data. Ein skal ikkje stille seg utanfor verda ein studerer. Slik ser eg på det feltarbeidet eg har gjort som deltakande observasjon, slik at rein observasjon er mindre aktuelt. I tillegg vert ein lett lagt merke til som utlending i Kina, slik at rein observasjon vil vere vanskeleg å gjennomføre.

Førstehandserfaring er ein av fordelane med feltarbeid og kan vere med på å utvikle forståinga for feltet. Det at ein skal reflektere er ein viktig del av feltarbeidet. Gjennom å stille nye spørsmål heile vegen får ein betre inntrykk av den tause kunnskapen som finst og det som er sjølvstøtt for eit intervjuobjekt eller som aldri vil bli skrive i eit møttereferat. Akkurat dette har vore nyttig og samstundes gjort at eg veit litt om veldig mykje. Vanskane med dette er at det er vanskeleg å dokumentere eller få fram gyldige tal eller meir bastant dokumentasjon på at ”nøyaktig slik er det”. Likevel meiner eg å ha kompensert for dette ved å bruke ulike metodar for datainnsamling.

I løpet av det andre opphaldet mitt i Shanghai tok eg del i to kurs. Det første varte i 3 veker og var eit innføringskurs i kinesisk politikk (Introduction to Modern China). Kurset var først og fremst lagt til rette for nordiske bachelorstudentar og det er ingen krav til forkunnskap for å

bli tatt opp på kurset. Dette var med på å gi ein innfallsvinkel til å observere kor ope ein kan snakke om saker som er skadelege for partiet og som ein frå før av har ei forventning om at kan vere sensitive. Kurset er i regi av Nordisk Senter, men har kinesiske førelesarar.

Det andre kurset "Doing business in China" er for studentar på masternivå og gjekk over ei veke. Kurset var først og fremst nyttig for min del fordi det litt mindre politisk enn det første. Det var færre studentar og studentane var litt eldre. Medan særskilt den første veka på "Introduction to Modern China" vart litt politisk og ein del studentar stilte kritiske og konfronterande spørsmål, var det andre kurset rolegare og ein fekk langt betre svar på ein del spørsmål. Deltakande observasjon på dei to kursa var særskilt i starten av datainnsamlinga ein av dei viktigaste metodane, som eg har brukt mykje tid på. Etter kvart har eg gått noko vekk frå ein del av dei data eg samla inn her og lagt større vekt på intervju og dokumentasjon, mellom anna for å styrke reliabiliteten.

Å bruke eit slikt kurs til å utelukkande konkludere om korleis tilhøva ved Fudan og forholdet mellom internasjonale og kinesiske studentar/akademikarar er kan kritiserast. Det er eit innføringskurs som er lagt til rette for internasjonale studentar og eg er ikkje sikker på om eit tilsvarende kurs halde i Noreg hadde vore veldig ulikt dette. Likevel viser det ein del konfliktar og får i større grad fram desse enn kva som hadde vore tilfelle dersom eg skulle vore deltakande observatør der både førelesarar og studentar er kinesiske. Det at somme av dei nordisk studentane innimellom opptre på ein måte som eg tolkar som dels uhøfleg i eit land der vi er gjestar og på ein heilt annan måte enn kva kinesiske eller meir erfarne studentar ville gjort kan i så måte vere nyttig. Det at dei manglar opplæring i og kunnskap om kva ein "bør" og ikkje bør gjere kan få fram andre sider enn ei gruppe som har ei anna sosialisering. Litt av målet med oppgåva er å få fram det som er ulikt og annleis, og ikkje minst få ei større forståing. Det at førelesarane får spørsmål som vekker reaksjonar kan i så måte vere interessant, om det enn ikkje gir eit fullstendig bilete. Den deltakande observasjonen har vore med på å gi eit meir utfyllande bilete enn det berre intervjuet har gjort. Akkurat det at denne situasjonen er spesiell og dels prega av kultursjokk og mangel på sosialisering, kan tvinge fram og understreke ytterpunktene ved auka internasjonalisering og dei konfliktane som kan kome i møtet mellom Kina og Europa. For som det kjem fram i det eine intervjuet mitt, så ser studentar som kjem til Kina for lengre tid ut til å vere betre førebudde psykologisk sett og er difor meir villege til å forstå korleis ein tenker i Kina. Sjølv om utanlandske studentar har vist noko frustrasjon over akkurat dette og at det er ein del avgrensingar i til dømes korleis ein

skal skrive, har fleire av dei vore i Kina i lang tid, slik at dei vil ha vent seg til og i ulik grad tilpassa seg den akademiske kulturen i Kina.

Ein god del tid har vorte brukt på universitetsområdet og på ulike arrangement der kinesiske og internasjonale studentar har hatt tilgang. Det å opphalde seg på Fudan har gitt godt rom for deltakande observasjon og eg har hatt ei rekkje samtalar med både kinesiske og internasjonale studentar.

Fangen (2005) skriv at det er usemje kring kva grad problemstilling og teori skal vere ferdig utarbeidd før eit kvalitativt, utforskande forskingsprosjekt tek til. Delar av analysearbeidet skjer i feltet, medan ein framleis observerer. Før ein byrjar å observere bør ein ha ein ide om kva det er ein leitar etter. Teorien min var langt på veg klar før eg tok til med den deltakande observasjonen, så eg har hatt nokre klare idear om kva eg har sett etter. Etter kvart har eg endra problemstillinga ganske mykje slik at eg legg vekt på andre ting i kapittelet mitt med funn enn det eg i utgangspunktet hadde tenkt. I utgangspunktet brukte eg mykje tid på deltakande observasjon i klasserommet i form av å skildre dialog og kroppsspråk, særskilt fordi akademisk fridom skulle vere eit sentralt tema. Dette har eg i mindre grad brukt og i staden lagt vekt på kurset i seg sjølv som eit døme på internasjonalisering og marknadsføring.

Vidare skriv Fangen (2005) at det ikkje finst klare svar på om forskning skal ha ei målsetjing om å endre eller ikkje, men for å ha eit klarare forskingsprosjekt kan det vere tenleg å ha tenkt gjennom dette. Samtalar med andre som kjenner miljøet du skal opphalde deg i og gjere deltakande observasjon i, kan vere nyttig og gi gode tips. Skriv ned ny kunnskap slik at du kan gå tilbake til den seinare. Korleis eigne kjensler spelar inn er ein anna viktig faktor. Har ein gjort investeringar ved å velje deltakande observasjon som metode kan det vere nyttig å stille spørsmål som; kva tenkjer eg om meg sjølv som deltakande observatør, kva kjensler har eg kring temaet mitt og kva fordommar og forventingar har eg om feltet og menneska eg skal møte? Kva med motstridande kjensler som kjem fram gjennom kroppsspråk og ord? I somme tilfelle har eg hatt ei veldig klar oppfatning av kroppsspråket der og då, men i etterkant har eg likevel stilt spørsmål ved dette og lurt på om det ikkje kan vere andre forklaringar enn den eg har. Ein må forstå korleis eigne fordommar spelar inn på datainnsamling, spørsmål og resultat og at ein kan ha både sanne og falske fordommar. Personar, tid og stad er tilfeldig fordi ein heile tida må vere budd på at ein møter interessante menneske eller situasjonar (Fangen, 2005). Dette har tidvis vore ganske slitsamt. Det at ein lever meir eller mindre i oppgåva heile tida gjer at ein alltid må vere på vakt, alltid tenkje på teoriar og årsaksforklaring eller at ein

stiller spørsmål til veldig mange hendingar som er rundt ein, ikkje berre på universitetet, men òg i byen elles.

4.2.5 FYSISKE GJENSTANDAR

Fysiske gjenstandar kan gi innblikk i det kulturelle, sjølv om mykje av det fysiske miljøet eg har lagt vekt på handlar om bygningar og teikningar og modellar av planlagde bygg på universitetet. Eg har brukt ein del tid på å gå rundt på universitetsområdet og fotografert bygningar på området. Virtuell privat nettverk (VPN) og brannmuren på internett har vore eit tema som eg i ein periode har diskutert med informantar og tatt opp i intervju mine. Om dette ikkje nødvendigvis er noko ein fysisk kan ta med seg, ser eg likevel på det som ein fysisk gjenstand som påverkar akademisk fridom og korleis universitetet møter avgrensingar i noko så viktig som tilgangen til internasjonal forskning. Dårlig tilgang til ein del internasjonale nettsider kan vere med å gi internasjonale akademikarar og studentar eit dårleg inntrykk.

4.3 GJENNOMFØRING AV STUDIEN

Når det gjeld føresetnader for å kunne gjennomføre ein slik studie listar Yin (2009) opp ei rekkje eigenskapar. Å stille gode spørsmål og å kunne lytte, òg til det som ikkje vert sagt, er viktig. Mi eiga erfaring gjennom deltakande observasjon og dels intervju er at det ligg veldig mykje mellom linjene. Korleis måle eller vurdere innhaldet i det som ikkje vert sagt er naturleg nok vanskeleg, særskilt med tanke på reliabilitet. Eg har prøvd å få dette fram ved å skildre situasjonen slik eg opplevde den. I den grad det som vert sagt ikkje stemmer med dei handlingane som vert utførte har eg prøvd å få fram spenningane og variasjonane. Studiet er utforskande og målet mitt har såleis vore å få mest mogleg informasjon og best mogleg forståing for den konteksten eg er i.

Tida før kurset starta stort sett brukt til å gjennomgå metodebøker. Særskilt brukte eg tid på boka om casestudiar (Yin, 2009) og førebudde ein casestudieprotokoll slik boka langt på veg skildrar. Deretter gjekk eg gjennom intervju (Kvale, 2008) og deltakande observasjon (Fangen, 2005). I tillegg prøvde eg å leggje til rette for analyse på eit seinare tidspunkt, ved å lage skjema og oversikter som gjorde at eg kunne analysere etter kvart, særskilt med tanke på

intervjua. Meir erfaring og større innsikt eller forventningar kunne nok likevel gjort dette betre.

Kvale (2008) legg vekt på at ein bør tenkje på det ferdige produktet gjennom heile prosessen, noko som var til dels krevjande fordi tid alltid er ein sentral faktor. Sluttproduktet ligg nok likevel ganske langt frå det som var intensjonen under datainnsamlinga. Mykje av litteraturen om metode skulle eg gjerne gått gjennom tidlegare i prosessen, men tida gjekk med til å prioritere teori. I ettertid ser at dette har vore nyttig, slik Yin (2009) skriv at det å ha ei forståing av teorien som ligg til grunn for studien er med på å avgjere om ein klarar å halde seg på riktig spor gjennom studien. Igjen, dette har tatt tid og årsaka til at det har vore vanskeleg å analysere funna mine med dei teoriane eg har valt, kan kome både av manglande forståing for teori og kultur. Totalt sett har eg likevel prøvd å få til litt for mykje på litt for kort tid særskilt med tanke på at eg har vore ein god del tid i Kina og at berre det å vere i ein så hektisk storby som Shanghai kan vere krevjande i seg sjølv.

Det å vere tilpassingsdyktig og fleksibel (Yin, 2009) er det området eg opplever eg har takla best. Å vere grundig særskilt i innsamlingsfasen og å aktivt føre ein casestudieprotokoll var viktige utgangspunkt for meg, sjølv om eg etter kvart merka at det å skrive inn notat frå papir til datamaskin var vanskeleg å få til etter ein lang dag med mykje informasjon. Det at ein lett vert sliten er noko av det Yin (2009) trekkjer fram som vanskeleg med ein casestudie. Samstundes er det å sleppe alle heimlege plikter og avtaler eit godt høve til å faktisk bruke tid og overskot til å fordjupe seg i både teori og empiri. Akkurat denne delen syns eg personleg har vore noko av det mest givande ved datainnsamlinga.

4.4 RELIABILITET OG VALIDITET

Grønmo (2004) skriv om univers, utvalstypar og generaliseringsmåtar. Å bruke Fudan som case er eit strategisk val der målet har vore å oppnå større forståing for kunnskapsproduksjon på høgare nivå i Kina, slik at eg har samla inn relativt store mengder informasjon om dette einskilde tilfellet. Datatypen er i første rekkje kvalitativ, men eg har prøvd å bruke statistikk i den grad det er tilgjengeleg. Det at studieobjektet kan målast både kvalitativt og kvantitativt og at ein ikkje treng detaljerte observasjonar kan gjere studien lettare å gjennomføre. Samstundes har ikkje casestudien vore berre enkel å gjennomføre, men tvert i mot stilt store

krav til at eg har måtta vere open for å endre retning eller justere oppfatningane og forventningane mine undervegs.

For å skape validitet er det viktig med fleire kjelder, beviskjede og å få sentrale informantar til å gjennomgå utkastet til casestudierapporten. For intern validitet er det å samanlikne mønster, bygge forklaringar, drøfte motstridande forklaringar og å bruke logikkmodellar viktige tiltak (Yin, 2003). Akkurat her har teoriane mine, med idealismen i spissen gitt ein del vanskar. Det er veldig mykje i kinesisk kultur som ikkje passar inn i denne teorien og eg har kanskje prøvd å legge puslespel som rett og slett ikkje passar saman. Den eksterne validiteten styrkar ein ved å bruke teori i casestudien, men når teoriane ikkje heilt passar det som skjer, vert det vanskeleg. Samstundes meiner eg det å bruke fleire teoriar til å forklare funna mine styrkar denne delen og fyller inn firefeltstabellen styrkar validiteten når eg skal forklare funna mine. Somme av dei internasjonale studentane har oppfatningar om kva eit universitet skal gjere som kan sjå ut til å vere eit stykke frå realitetane i Shanghai. Dette kan ha samanheng med at eg har lagt vekt på å intervjuje internasjonale studentar og kinesiske akademikarar. Erfaring og ståstad kan vere minst like viktige for ulike oppfatningar og vektleggingar som det kultur og nasjonal bakgrunn kan, slik at nokre av funna kunne vore like om eg hadde intervju norske studentar og norske professorar om det same temaet.

Reliabiliteten vert høgare om ein brukar casestudieprotokoll og utviklar ein casestudiedatabase der ein loggførar funna sine. Kritikkk retta mot casestudiar er mellom anna at dei ikkje er operasjonaliserte godt nok, og at dei såleis ikkje vert målbare. Slutningar kan ha vorte gjorde utan at ein har tatt med alle moglege forklaringar, eller utan at alle funn peikar i same retning (Yin, 2003). Noko av årsaka til dette er naturleg nok at verda er meir kompleks enn det enkel statistikk kan få fram. Funna peikar i alle moglege retningar og det er mykje som ikkje treng passe logisk saman, gjerne som resultat av påverknad frå ulike kjelder. Eit universitet høyrer ikkje berre til i den reinskorne teoretiske ramma for nytte eller kultur. Det er eit bytteforhold og universiteta beveger seg ein plass mellom 1 og 99 heller enn på punkta 0 og 100. For å skape høgare reliabilitet kunne det vore tenleg å lage parameter for skalaen autonomi – heteronomi og kultur – nytte, for så å plassere Fudan (og andre universitet) i eit koordinatsystem for å vise meir nøyaktig særskilt kva normative ideal som pregar Fudan. Dei normative ideal handlar om verdiar og er såleis vanskelegare å måle enn organisasjonstypar.

4.5 MINE VAL

Når det gjeld informantintervjua har eg i liten grad tolka desse før i etterkant, først og fremst fordi tida var for knapp til gjennomgang av teori i forkant. Slik gjekk eg under det første opphaldet i Shanghai litt fram og tilbake mellom teori og empiri, for å heve kunnskapsnivået mitt på begge område. Gjennom informantintervjua har eg til eit visst punkt fått avkrefta eller stadfesta ein del hypotesar, samstundes som målet med desse intervjua har vore å finne ut kvar i organisasjonen eg kan leite etter relevant informasjon.

Innimellom har eg brukt leiande spørsmål, men då for å få fram eit poeng og for å setje ting på spissen. I ein del tilfelle har eg stilt spørsmålet meir som ein påstand og etter ei kort pause lagt til at ”eller er det feil?” , ”stemmer det?” eller liknande i håp om å få informanten til å tenkje gjennom korleis det eigentleg er og i kva grad påstanden stemmer eller ikkje stemmer.

Som Kvale (2008) skriv skal ein i eit intervju aller helst analysere undervegs, slik at det meste av analysen er ferdig når intervjuet er ferdig. Gjennom intervjua mine med vitskapleg tilsette har eg i stor grad gjort dette. Innstillinga mi til intervjua var at dette er noko eg gjer for å få betre innsikt i organisasjonen og i etterkant bruke desse som eit tillegg til skriftlege kanalar for å utdjupe desse. Eg ser at det gjev eit nyttig tillegg til den deltakande observasjonen, særskilt der opplysningane som kjem fram ikkje stemmer overeins. Ved nærare gjennomgang av data er det likevel ein del samsvar og nyansar som kjem fram, slik at ein kan sjå samanheng mellom ulike typar data.

Eg har brukt intervjua aktivt for å stadfeste eller avkrefte egne fordommar og forventningar, slik sett ein del av analysen. Ei slik innsikt meiner eg det er lettare å få gjennom ein samtale der ein lyttar og tilpassar seg til intervjuobjektet heller enn å stille fastsette spørsmål. Eg har likevel hatt ei liste med ting eg ønskjer å finne ut av, slik at mykje av informasjonen eg får er samanfallande og dannar ulike bitar av det ferdige biletet. Det å stole på meg sjølv og kjennskapen til oppgåva mi har vore sentralt for å kunne gjennomføre ustrukturerte intervju, slik at eg har fått nyttig informasjon ut av desse, sjølv utan ferdig intervjuguide. For reliabiliteten sin del hadde ein slik guide naturleg nok vore ein fordel.

Temaet mitt var i utgangspunktet sensitivt, noko som gjer at eg har vore skeptisk til bandopptakar fordi det kunne påverke intervjuobjekta. I samtale med andre som har gjennomført ein del intervju i Kina fekk eg samtykke om at det kunne vere betre å ta notat. Ved å utføre eit casestudie vil eg totalt sett få mykje informasjon. Det å skulle transkribere

intervju i tillegg til å tolke, analysere og gå gjennom det transkriberte intervjuet vil bli tidkrevjande og ein endar fort opp med mykje informasjon som ikkje vert brukt i analysen (Kvale, 2008). Ved gjennomgangen av dei data eg har samla inn ser eg fort at dette stemmer og at det å skrive ut intervjuet etter minnet gjer at dei er lette å lese og lette å gå gjennom i etterkant. I samtale med medstudentar som har transkribert har det sterkaste argumentet deira for transkribering vore at det er nyttig med tanke på sitat, noko som gjorde at eg har stilt meg litt tvilande til kor stor nytte eg ville ha av transkribering totalt sett. Då eg har hatt mangel på tid avgjorde eg før oppstarten av datainnsamlinga å notere undervegs i staden og har så gått rett heim for å skrive ut intervjuet. Kvale (2008) skriv dessutan at idealintervjuet i stor grad vert tolka medan det går føre seg og at intervjuaren gjennom intervjuet skal freiste å stadfeste eller avkrefte sine tolkingar av intervjupersonen sine svar i løpet av intervjuet. Dette er òg grunngevinga for at eg har valt å ikkje ta opp intervjuet på band og såleis heller ikkje transkribere.

Ved å bruke bandopptakar kunne eg fått med meg fleire detaljar og nyansar. Det hadde nok gitt meg ei noko anna læring med tanke på eigen framgangsmåte og intervjuteknikk som eg ikkje har fått ved å skrive eit samandrag i etterkant. Det å lytte til mine eigne spørsmål ville kunne gitt meg eit betre grunnlag for å vere kritisk til meg sjølv og det er ein måte å heve reliabiliteten på. For å unngå å tillegge intervjuobjekta idear dei ikkje har, har eg vore særskilt streng med kva eg har skrive ned i etterkant og difor late vere å skrive ting eg trur eg hugsar, men ikkje er heilt sikker på. I ettertid ser eg at eg har fått mykje nyttig informasjon gjennom intervjuet. Dette gjeld gjerne spørsmål og saker som eg i løpet av intervjuet eller datainnsamlinga ikkje har tillagt stor vekt, men som eg i gjennomgangen av data og starten på analysen ser er med på å skape eit større bilete av Fudan. Ein anna fordel med å ikkje nytte bandopptakar er at eg må konsentrere meg og vere fullt tilstades gjennom heile intervjuet for å vere sikker på at eg får med meg all informasjon. Ein fordel med å leggje mindre vekt på kroppsspråk og dialog i den deltakande observasjonen er at reliabiliteten vert høgare.

Særskilt dei vitskapleg tilsette som eg har intervjuet kan vere lette å kjenne igjen ut frå stilling, fagretning og tilknytning til Nordisk senter. Eg har intervjuet fire menn og ei kvinne, alle med doktorgrad. Eg har kome i kontakt med tre personar gjennom kurset eg deltok på. Den eine er professor innanfor internasjonalt diplomati (intervju 1), ein har ei fersk doktorgradsutdanning frå fakultet for journalistikk ved Fudan (intervju 4) og den tredje er ein ung antropolog med doktorgraden sin frå USA (intervju 2). Dei siste to intervjuet har eg fått gjennom Nordisk

senter. Dette gjeld rådgivaren for universitetspresidenten ved Fudan (intervju 3) og ein professor frå elektronikk (intervju 5). Også han har doktorgraden sin frå utlandet, men lågare grad frå Fudan. For å gjere det lettare å lese vil eg i empirien referere til dei etter fagretning. Dette er personar som i stor grad kjenner til grensene for kva dei kan og ikkje kan seie. Når det gjeld dei resterande informantane og intervjuobjekta mine har eg valt å ikkje identifisere dei fordi akademisk fridom har vore så sentralt i store delar av prosjektet. Eg ønskjer ikkje å setje andre menneske i ein vanskeleg situasjon på grunn av mi eiga manglande forståing og velgjer difor å halde meg på trygg grunn slik at min bruk av data og mine koplingar vert mitt ansvar og ingen andre sitt. Informantar utanom intervjuar er i liten grad informerte og eg ønskjer heller ikkje å namngje dei utan deira samtykke eller kjennskap til situasjonen. Dette gjer at eg i somme tilfelle har endra kjønn på personen i den deltakande observasjonen eller at eg har late vere å ta med eit døme, fordi det er så spesifikt at det kan sporast tilbake til ein gitt person. I andre tilfelle har eg kontakta personen det gjeld i ettertid for å klarere at dømet kan brukast. I teksten har eg referert til dette med fotnote ”deltakande observasjon” eller ”intervju” med bokstavkode med referanse til notatane mine.

5 FUDAN

Kapittel fem er ein gjennomgang av funna mine. For å kunne svare på problemstillinga i neste kapittel har eg lagt vekt på å få fram ulike trekk ved Fudan. Problemstillinga mi er, som skrive i kapittel 1.2: *Kva verdiar og organisasjonsformer kjenneteiknar Fudan? Korleis påverkar politiske endringar Fudan? Kvifor ønskjer Fudan å konkurrere på verdsbasis og auke internasjonaliseringa?*

Ved å bruke tidleg historie frå Fudan vil eg sjå nærare både på kva verdiar universitetet hadde frå starten og korleis dette prega organiseringa. Eg ser òg på korleis dette har endra seg og korleis det er i dag. Som eg skreiv i innleiinga og i kapittel 2.2 var 1900-talet eit turbulent hundreår med uro og store politiske endringar i Kina. Desse har på ulike måtar sett sine spor ved Fudan. Internasjonalisering kan påverke den kinesiske kulturen og måten å organisere kunnskapsproduksjon på, altså både dei normative ideala for kva eit universitet skal gjere og dei organisatoriske ideala for korleis det skal styrast. Likeins vil ein kunne forvente å sjå spor av dette i organiseringa av universiteta, altså dei organisatoriske ideala. Som nemnt tidlegare brukar asiatiske styresmakter marknadsmekanismar for å regulere universiteta. For Fudan utgjer dette ein ny måte å finansiere drifta på og i høgste grad ei politisk endring som pregar Fudan og som gjer at ein må sjå nærare på korleis forholdet til staten endrar seg.

5.1 HISTORIE OG STRUKTUR

Fudan universitet i Shanghai vart oppretta i 1905, det same året som ein forbaud det gamle eksamenssystemet (Hayhoe, 1983) som vart gjeninnført etter Kulturrevolusjonen. Ma Xiangbo hadde i 1902 oppretta det såkalla Auroraakademiet (Zhendan), men 3 år etter vart han tvinga ut av den franske kyrkja som tok over styringa og Zhendan vart raskt eit fransk universitet i Kina. Ma og studentane hans hadde tapt det som var investert i det første prosjektet, men held fram med grunnlegginga av Fudan. Den første tida var vanskeleg og i stor grad avhengig av studentane som hadde forlate Zhendan saman med Ma. Kontaktane dei hadde med lokale embetsmenn var sentrale både for undervisningslokale og for å få midlar frå lokale styresmakter (Hayhoe, 1983).

Ma hadde ein uformell undervisningsstil og universitetet var bygd på demokratiske prinsipp der studentane hadde viktige oppgåver. Pensum ved universitetet var frå oppstarten ope og

innovativt. I tillegg var han oppteken av debattar og opna for at politiske aktivistar kunne vere studentar ved universitetet. Fudan vart tidleg kjend for kvaliteten sin og tiltrekte seg ei rekkje studentar i tillegg til akademikarar som hadde returnert frå USA (Hayhoe, 1989). Fudan tilbydde ei rekkje fag, og var særskilt sterke innanfor språk, filosofi og samfunnsfag. Jordbruk, handel og naturvitskapane var andre fag, men særskilt innanfor naturvitskap var kompetansen til dei som underviste ofte tilfeldig og mangelfull (Hayhoe, 1983).

Fudan vart stengd under revolusjonen i 1911 og for andre gong mista dei lokala sine, men takka vere studentane og kontaktnettverket deira, mellom anna i Kuomintang og til dåverande utdanningsminister Cai Yuanpei, klarte dei å skaffe nye universitetsområde og halde fram som organisasjon frå 1912. Dei neste fem åra viste seg vanskelege på grunn av det nye regimet og fleire av studentane reiste til utlandet. Fudan fekk frå tidleg av kontakt med forretningsmenn, mange av dei med band til Kuomintang, som underviste ved universitetet. I 1917 utvida universitetet med ein handelshøgskule (Hayhoe, 1983). Til trass for at mykje av undervisninga var noko tilfeldig var studentane og studentorganisasjonane godt organiserte og effektive. I 1918 hadde dei både barneskule for borna til dei tilsette og eigen bank og butikk organisert som eit kooperativ tilknytt økonomiundervisninga (Hayhoe, 1983). 4. mai-rørsla, som var sterkt kritisk til den utanlandske påverknaden i Kina var ein del av framveksten til universitet på denne tida² og fleire av leiarane for rørsla kom frå Fudan (Hayhoe, 1983). Samanlikna med Zhendan der jesuittane underviste var kvaliteten ved Fudan langt lågare på denne tida (Hayhoe, 1983). I 1929 starta ei assimilering der Fudan tilpassa utdanningssystemet sitt til lova om universitet. Fudan gjekk frå å vere eit privat til å vere eit offentleg universitet, fekk juridisk fakultet³ og byrja som det første universitet i Kina å undervise i journalistikk⁴.

Frå grunnlegginga av var Fudan trufast mot verdiane akademisk fridom og sjølvstende (Hayhoe, 1989), men overtakinga frå det kinesiske til det franske styret viser kamp mellom ulike interesser og forholdet til akademisk fridom og sjølvstende har gått gjennom store endringar (Hayhoe, 1989). Fram mot 1949 var leiinga ved universitetet utvikla av ein kinesar med amerikansk utdanning (Hayhoe, 1989). Etter grunnlegginga av Folkerepublikken Kina

² Universitetsmuseet juli 2011.

³ Universitetsmuseet juli 2011.

⁴ Fakultet for journalistikk, utstilling, august 2011.

vart Fudan ein del av dei nasjonale eliteuniversiteta. Studentar og tilsette ved Fudan var frå same tidspunkt sterkt engasjerte i det nye regimet⁵ og i 1952 valde kommunistiske leiarar Fudan til å vere det viktigaste allmenne universitetet i Sør-Kina. Fudan er eit av dei få universiteta som vart stifta rundt 1900-talet som overlevde revolusjonen i 1911 (Hayhoe, 1983). Frå revolusjonen i 1949 endra Fudan seg og mista mange av faga det var sterkast i då den kinesiske kunnskapsproduksjonen vart tilpassa det sovjetiske systemet med spesialiserte institusjonar. Journalistikk var det faget som vart verande att ved universitetet (Hayhoe, 1989).

I siste halvdel av Kulturrevolusjonen var studentar frå Fudan aktive med, og nært knytt til firarbanden, som var sett saman av kona til Mao og hennar tre næraste. Både gjennom kunnskapsproduksjon og den sosiale rolla si har Fudan frå starten vore eit revolusjonært universitet (Hayhoe, 1989). Samstundes har universitet knytt sterke band med sentrale maktgrupperingar. Eller som Hayhoe skriv:

”Fudan’s proclivity for associating with dominant power factions was evident in its linkage with the Gang of Four during the Cultural Revolution, and the line between an academic freedom that serves vigorous scholarship and an intellectual authority that allies closely with central political authority is easily blurred in the Chinese context” (Hayhoe, 1989, p. 85).

Til trass for at firarbanden kom ut som den tapande part etter Kulturrevolusjonen har Fudan klart å kome gjennom denne fasen. I dag viser universitetet på fleire måtar at det er stolt over tilknytninga til Kommunistpartiet, og formann Mao har skrive namnet Fudan som i dag vert brukt som logoⁱⁱ. På fakultet for journalistikk og på universitetsmuseet er sentrale personar i Kommunistpartiet avbilda, medan det rundt på universitetet er statuar og plakatar som viser viktige hendingar og personar, gjerne knytt til viktige gjennombrøt i forskinga eller til viktige personar i Kommunistpartiet. Særskilt fakultet for journalistikk, som vart oppretta i 1988 som det første i Kina, har ei utstilling med bilete og tekst der det er lagt vekt på kontakten mellom universitetet og representantar for styresmakter lokalt og nasjonalt gjennom universitetet si historie. Fakultetet legg òg vekt på internasjonal utveksling som eit måte for eigne forskarar å

⁵ Universitetsmuseet juli 2011.

utvide horisonten på og for å oppnå ei felles forståing blant kinesiske og utanlandske studentar og forskarar⁶.

Fudan universitetet er som andre kinesiske universitet under direkte administrasjon og kontroll av staten og har to styre. Det øvste er Kommunistpartiet sitt kontrollorgan og det andre universitetsstyret som det utøvande organet. Dei fleste presidentane ved universitetet har hatt roller i Kommunistpartiet og det er Kommunistpartiet som peikar ut presidenten. Også partisekretærene si tilknytning til partiet har vore framtrekandeⁱⁱⁱ. Per i dag er berre to av medlemmene i det utøvande styret ikkje medlem i partistyret ved Fudan, den eine av desse er presidenten sin assistent^{iv}.

Partikontoret, formidlingsavdelinga kontor for tryggleik, kontor for lågare grad og kontor for høgare grad⁷ høyrer alle til under partistyret^v. Kontora har oversikt og kontroll over forskning og formidling og kva som vert formidla og forska på. Kontor for partikomiteen ligg like under Kommunistpartiet sitt kontor ved Fudan. Oppgåvene dreier seg i stor grad om konsultering, inspisering og undersøkingar. I tillegg er kontakt med verda utanfor Fudan ei sentral rolle, der informasjonstenester, sekretærfunksjon og korrespondanse og gjestar er nokre av funksjonane.

Kontor for kontakt og utvikling (liaison and development) står for kontakten med verda utanfor universitetet. Målet er å betre påverknaden og posisjonen Fudan har, og kontoret brukar sosiale ressursar for å skaffe finansiering både frå Kina og utlandet, der alumnigruppene er ein viktig del. Foundation Office, Donation Office og Secretariat of the University Directorate and the Alumni Liaison Office er alle del av kontoret og oppgåvene er mellom anna dagleg oppfølging av Fudan Development Funds, mottaking og vidareformidling av donasjonar, søknader om akademiske prisar for akademikarar ved Fudan og organisering av programma som er sponsa av China Medical Board of New York Inc. (CMB)^{vi}.

Som del av marknadsføringa viser Fudan dei gode studentane som finst ved universitetet og av nettsidene går det fram at av dei studentane som oppnådde master eller doktorgrad har 23 vunne nasjonale prisar for anerkjende bidrag, 27 har vunne prisar i løpet av dei siste ”One

⁶ Fakultet for journalistikk, utstilling, 2011.

⁷ Party Committee Office, Publicity Department, Security Office, Undergraduate Affairs Office, Graduate Affairs Office og Party Affairs Department er dei engelske namna på kontora.

Hundred National Outstanding Doctoral Dissertations” og uteksaminerte kandidatar vert høgt verdsett av arbeidsgivarane sine^{vii}. Universitetet har 20 nasjonale nøkkeldisiplinar, eit nasjonalt nøkkellaboratorium og åtte komande nøkkeldisiplinar gjennom 211. I tillegg har MOE eller helsedepartementet oversyn med ni nøkkellaboratorium og lokale styresmakter har to nøkkeldisiplinar og til saman åtte medisinske senter^{viii}.

Kontor for tryggleik kan sende folk ut på førelesing for å overvake og studentar som viser usømeleg oppførsel kan bli bedne på ”ein kopp te”⁸, ein samtale der dei får pålegg om å endre tilnærming, sjølv om to av dei kinesiske studentane eg intervjuar kjem med døme på eldre historieprofessor som ikkje bryr seg⁹. Eit anna døme som vert nemnt av den eine kinesiske kontakten min er ein kamerat av han som vart beden på ein kopp te etter at han brukte datamaskina si innanfor brannmuren til Fudan. Han hadde lagra eit filmklipp av opprøret på den Himmelske freds plass frå 1989¹⁰ på datamaskina, noko som vart oppdaga då nettverket til universitetet skanna den. Det fekk ingen konsekvensar ut over at han vart beden om å slette fila¹¹. Ein av forelesarane våre fortel likeeins at han er forsiktig med å kva han skriv i sine presentasjonar fordi ei rekkje ord vert oppdaga av søkjemotorane til universitetet og ein risikerer at dette får følgjer¹². Når det gjeld overvaking av kva som skjer på forelesingane nemner studenten eg intervjuar frå London School of Economics at det i somme tilfelle har kome kinesiske studentar på deira førelesingar. Noko engelske studentar i starten oppfatta som interesse, men som dei i etterkant har diskutert om har påverka førelesar¹³. Ideologiske opplæring er ein del av oppgåvene som vert utført ved Fudan. Kontor for lågare grad står ansvarleg for denne^{ix}. Fag som Marxist-leninisme, tenking etter Mao Zedong og teori etter Deng Xiaoping er obligatoriske for alle studentar ved Fudan og i resten av Kina. Min informant seier at førelesar ikkje alltid held seg til pensum, slik at det kan tyde på at det er eit visst rom for førelesarane å leggje vekt på det dei sjølve vil¹⁴. I tillegg undersøker og

⁸ Det kan tilsvare det norske uttrykket ”å verte kalla inn på teppet”.

⁹ Intervju J.

¹⁰ Opprøret er framleis dårleg kjend i Kina og eit av dei tema som vert sensurerte.

¹¹ Intervju T.

¹² Deltakande observasjon.

¹³ Intervju I.

¹⁴ Intervju C.

overvakar kontoret politiske haldningar, lærer opp studentkadrar og arbeider for å betre studentane sine politiske syn, samt studielån, stipend og økonomiske og praktiske forhold knytt til studentbustader^x.

Dei fem intervju mine med akademikarar representerer eit tilfeldig utval av akademikarar ved Fudan, men fordi kurset eg tar er innanfor samfunnsvitskaplege fag høyrer dei fleste til der. Av dei fem er berre ei kvinne, men kinesisk akademia er mannsdominert og dei fleste av forelesarane på "Introduction to Modern China" er òg menn, slik at det er eit visst samsvar her. Tre av mennene eg intervjuar er professorar, den eine av desse er delvis pensjonert og arbeider som rådgjevar for universitetspresidenten ved Fudan. Professoren på internasjonalt diplomati er den som er tydlegast i at han er medlem av og støttar opp om mykje av innhaldet i politikken til Kommunistpartiet. Den femte eg intervjuar er nyleg ferdig med doktorgraden på fakultet for journalistikk og er saman med den kvinnelege antropologen blant dei to yngste eg intervjuar. Medan fakultet for journalistikk har lange tradisjonar ved Fudan, er antropologi eit nytt fag. Journalisten har all si erfaring og utdanning frå Kina, medan antropologen har tatt master og doktorgrad i USA. Både rådgivaren for presidenten og professoren på realfag nemner i løpet av intervju at dei begge var engasjerte då Kulturrevolusjonen kom og at dei reiste på landet for å arbeide ein periode. Begge studerte ved Fudan og gjekk i same klasse. Sistnemnde fortel om at han starta studiane sine ved Fudan i 1977 som første kull etter at Kulturrevolusjonen var over. Lærebøkene var gamle og ikkje særskilt gode. Madame Chen, som då hadde leiinga ved Fudan tok saman med ein akademikar frå MIT med seg pensum og idear frå USA for å byggje eit betre realfag på Fudan, som før Kulturrevolusjonen var mykje frå den russiske modellen¹⁵.

På lågare grad har Fudan eit høgt nivå¹⁶ og universitetet prøver å oppretthalde dette. Mellom anna prøver dei å redusere talet på nye studentar¹⁷ til trass for at staten ikkje ønskjer reduksjon¹⁸. Målsetjingane til Fudan er å verte eit betre universitet og skape leiarar, noko som ikkje er ein ny idé, også Ma hadde ein tanke om at Fudan skulle vere eit eliteuniversitet (Hayhoe, 1983). Dette kjem fram særskilt under intervjuet mitt med rådgivaren og via

¹⁵ Intervju 5.

¹⁶ Intervju 1, 5 og deltakande observasjon.

¹⁷ Intervju 3, 5 og deltakande observasjon.

¹⁸ Deltakande observasjon.

nettsidene. Dei konkurrerer med universitet verda over for å få utanlandske studentar til å studere der. Store delar av nettsidene er tilgjengelege på engelsk, sjølv om det naturleg nok er hovudvekt på kinesisk. For seks år sidan starta ein ”liberal education” eller danning, som har vorte viktigare dei siste åra, fortel rådgivaren. Kvalitet og lang historie er viktige stikkord i marknadsføringa, som står slik på nettsidene:

“We aim at a successful transformation from traditional education to liberal education. We wish to convert our students to young masters of sciences and the humanities, with rich knowledge about history as well as their own time. They are expected to be creative, active and progressive, with sound moral integrity and a strong sense of responsibility. They will learn to synchronize themselves with the frequent changes and intense competitions in the world, and to cooperate and communicate with others.

Fudan's talent cultivation relies heavily on its long history, fine tradition, excellent faculty and advanced facilities for school operation. In the new era, Fudan has faith and confidence enough in its reform and pursuit for preeminence. Endowed with the courage and wisdom to overcome all the difficulties and guided by the goal of constructing a great university in the world, the University will elevate its undergraduate program to a higher level and make greater contributions to the modernization of our country.”^{xi}

Alle studentar må ta seks kurs som på sikt skal endre statusen til Fudan. Kinesisk sivilisasjon og verdssivilisasjon er to av desse og Fudan skal i tillegg kunne tilby eit semester i utlandet for kvalifiserte studentar på lågare grad. Dei prøver å få ein meir allmenn modell i at dei vil ha ei generell utdanning med større fokus på danning og konfutsianske verdiar¹⁹. Til trass for at universitetet dei siste åra har redusert inntaket av studentar og tok inn 3000 nye i 2010, har inntakskravet gått ned. Eit av problema universitetet har hatt eksternt har vore foreldre som er skeptiske til endringa. Kinesarar er pragmatiske og vil at borna skal lære seg noko slik at dei får ein god jobb. Det å lære opp studentane til å verte meir kritiske og til å ha ei meir generell allmenndanning er ikkje utan vidare populært i ein autoritær stat der det har vore farleg å kritisere staten og der ein har høge krav til økonomisk suksess. Foreldra er avhengige av at borna får ein god jobb og for mange kan det vere sikrare med ei utdanning som fører til eit

¹⁹ Intervju 3.

konkret yrke og god inntekt. Dette er nok ei av årsakene til at karakterkravet for å kome inn på Fudan gjekk noko ned i 2010²⁰.

Innanfor budsjettet til Fudan og krava til kor mange studentar ein skal ta inn kan fakulteta frå 2011 av forhandle seg i mellom. Dette vart forsøkt for fysikk og matte, men på grunn av manglande kjennskap til budsjettarbeid gjekk ikkje dette så bra. Prosjektet er likevel vidareført og det vil krevjast opplæring for å få det til å fungere. Etter at ein har fått ny president har ein som mål å overføre makt frå administrasjonen til akademia og det vert gjort fleire organisatoriske endringar ved universitetet. Tidlegare var det vanleg at regjeringa styrte og at presidenten eller partisekretæren avgjorde kva konsekvensen skulle vere dersom ein akademikar vart klagt for fusk. Fagkomitear og budsjettkomitear skal no betre styringa av universitet. Ein akademisk fagkomité skal vurdere saker som gjeld fusk og plagiat og presidenten skal ikkje kunne overstyre dette. Fagkomiteen kan utvise og dette kan ikkje etterprøvast. I tillegg skal Fudan skrive vedtekter, noko som er inspirert av vestlege universitet, men nytt i Kina. Der skal ein mellom anna definere rollene til presidenten og partisekretæren²¹.

Det vert endringar i master og doktorgrad. Om ein student etter to år ikkje kvalifiserer til doktorgrad, får han ei mastergrad. Kvalifiserer studenten, så held ho fram og vil då arbeide i akademia. Ein har byrja å redusere talet på doktorgradsstudentar og kvar professor kan berre nominere ein kandidat. Særskilt på realfag har dette vore konfliktfylt fordi professorane der treng dei til å gjere arbeid for seg. Desse har no blitt erstatta med forskingsassistentar som får betalt²². På institutt for internasjonalt diplomati er erfaringa motsett frå realfag og professoren er særskilt varsam i valet av doktorgradsstudentar fordi dei krev mykje av arbeidstida hans i form av oppfølging og rettleiing²³. Samstundes er det eit mål å fjerne lågare grad på jus, journalistikk og økonomi. Særskilt på journalistikk er pensum sentralstyrt²⁴, sjølv om journalisten meiner den ikkje er det og at det er eit ekspertpanel som set saman ein plan over

²⁰ Intervju 3.

²¹ Intervju 3.

²² Intervju 3.

²³ Intervju 1.

²⁴ Intervju 3.

pensum og at dette så vert tilrådd til MOE²⁵. Rådgivaren vurderer det slik at sidan mange andre universitet har journalistikkutdanning vert denne veldig standardisert. For å skape eit betre tilbod vil ein difor krevje lågare grad frå andre fag før ein kan ta ei spesialisering frå journalistikk. Dette vil heve fagkunnskapen for økonomar, journalistar og juristar²⁶.

Ei nyare mastergrad innanfor journalistikk vert nemnt av den utanlandske studenten på journalistikk. Programmet er retta mot kinesiske studentar med gode karakterar og all undervisning er på engelsk. Sentrale styresmakter har tatt initiativet til programmet og målet er å utdanne journalistar som kan påverke internasjonale media. Journalisten som underviser på kurset mitt har sjølv lese mange artiklar om Kina i internasjonale aviser. Han meiner den einskilde journalist argumenterer godt for seg, men han har etter kvart sett at dei er partiske. Masterprogrammet hadde som mål å skape kandidatar som kan påverke dette, men programmet er no avslutta, sjølv om Fudan prøver å skaffe midlar til å drive det vidare på eiga hand.

Journalistikk har fått nye, separate bygningar like utanfor hovudområdet til Fudan. Fakultet for journalistikk har somme privilegium²⁷ og er blant dei rikaste ved Fudan²⁸. Derimot er det ikkje fritt, heller blant dei mest kontrollerte, meiner antropologen. Noko av årsaka til dette er at dei er maskin for propaganda for staten²⁹. Journalisten på si side opplever ikkje fakultetet som særskilt kontrollert. I den grad journalistikk får privilegium er det fordi fleire administrative leiarar har bakgrunn frå journalistikk og at det er ei vogge for universitetspresidentar³⁰.

Generelt er ikkje inntrykket gjennom intervju mine at Fudan er eit strengt kontrollert universitet. Fudan er friare enn andre universitet, men ikkje like fritt som Peking universitet³¹. Antropologen opplever at ho har stor fleksibilitet i arbeidet sitt og sjølv kan velje kva ho vil

²⁵ Intervju 4.

²⁶ Intervju 3.

²⁷ Deltakande observasjon.

²⁸ Intervju 2.

²⁹ Intervju 2.

³⁰ Intervju 4.

³¹ Intervju 4.

undervise i, kva pensum ho vil bruke og at det er få restriksjonar³². Ein av studentane meiner at ein lettare kan verte angitt ved andre universitet, men at ein ikkje vert det ved Fudan³³. Ulikt ein del andre universitet har ikkje Fudan ekstremistiske grupperingar som jobbar for ein meir maoistisk eller vestleg ideologi. Dette gjer at Fudan er ein relativt roleg stad å arbeide. Universitetet har ei pragmatisk tilnærming og konsentrerer seg om saker heller enn regime³⁴.

Fudan gir ofte råd til regjeringa. Det gjev rom for akademisk fridom i desse dialogane, men vil i mindre grad gå utanfor dette rommet³⁵. Kor tette band Fudan har hatt til staten har variert, men dei var særskilt sterke under Jiang Zemin på 90-talet. Han brukte i stor grad akademikarar frå Shanghai som rådgivarar, særskilt innanfor propaganda, politikktutforming og utanrikspolitiske saker. Wang Huning som var dekan ved juridisk fakultet ved Fudan vart etter kvart personleg assistent for Jiang og etter det leiar for Policy Research Office i Kommunistpartiet sin sentralkomité (Li, 2009).

Fleire vitskapleg tilsette har hatt viktige roller i partiet. Li (2009) nemner ein dekan ved School of International Relations and Public Affairs som tidlegare var viseminister ved Foreign Trade og var forhandlar med WTO før avtalen tredde i kraft, ein tidlegare assisterande partisekretær i Shanghai og ein viseminister i Shanghai propagandadepartement som er æresdekan og dekan ved Fakultet for kommunikasjon og journalistikk ved Fudan. I tillegg er assisterande direktør ved Bank of China International Holdings gjesteførolesar ved universitetet (Li, 2009). Også professoren på realfag nemner at to av klassekameratane frå dei første studiane hans ved Fudan har roller høgt oppe i Kommunistpartiet og at mykje av tida hans går til å skaffe finansiering. Det er mykje nettverk, guangxi, innanfor feltet generelt i Kina. Ein må kjenne dei rette menneska for å få finansiering³⁶. Eit døme på tette band mellom Fudan og dei lokale styresmaktene i Shanghai er Qin Shaode som har ein sentral posisjon i leiinga. Han har utdanninga si frå fakultet for journalistikk og har hatt ei rekkje offisielle verv og stillingar i Shanghai og er i tillegg medlem av kongressen (Fudan universitet, 2011). Blant

³² Intervju 2.

³³ Intervju C.

³⁴ Intervju 1.

³⁵ Intervju 4.

³⁶ Intervju 5.

medlemmene i universitetsstyret er fleire involverte i ei rekkje store og viktige prosjekt utanfor universitetet, nasjonalt eller i Shanghai, gjerne finansiert av staten ^{xii}.

5.2 INTERNASJONALISERING

Fudan er oppteken av å konkurrere internasjonalt og hevde seg i verdstoppen. Universitetet marknadsfører seg både nasjonalt og internasjonalt med brosjyrar og materiell der det er internasjonale samarbeidet er vektlagt. I april 2000 vart Fudan slått saman med Shanghai Medical University ^{xiii}, ei samanslåing som gjer Fudan meir konkurransedyktig i verds målestokk (Jamil, 2009). Frå 2003 til 2009 hamna Fudan i bolken mellom 301. og 400. plass på ARWU, men har som nemnt i innleiinga dei siste tre åra kome inn mellom 201. og 300. plass. Grafen på ARWU sine nettsider viser ei jamn stigning. Dei beste rangeringane får universitetet for ingeniørfag/ tekniske fag og kjemi ^{xiv}.

Fudan har ei lang rekkje samarbeidsprosjekt med universitet frå heile verda. Sidan 50-talet har Fudan som eit av dei første kinesiske universiteta tatt i mot internasjonale studentar innanfor ei rekkje fagfelt. Blant samarbeidsuniversiteta er dei universiteta som tronar høgast på internasjonale kåringar over dei beste universiteta i verda eller dei som er best i sitt land; Harvard, Cambridge, Oxford, Stanford, Yale, National University of Singapore, MIT, Princeton, University of Hong Kong, Vanderbilt University, Chung-Ang University, Peking University og Tsinghua ^{xv}. Gjennom Nordisk senter ^{xvi} har UiB og fleire andre nordiske universitet eit samarbeidsprosjekt med Fudan. Dette senteret har eige bygg med bibliotek og undervisningslokale på universitetsområdet. Dei organiserer utveksling, er til støtte for nordiske studentar/akademikarar ved Fudan og kinesiske studentar som skal til Norden, samt ein del kurs og sosiale arrangement. Japan har eit tilsvarande senter.

Reint konkret fører internasjonale prosjekt til inntekter og sjansen til å heve kvaliteten på forskning og undervisning ved Fudan gjennom internasjonalt samarbeid. Institutt for historie oppretta eit senter for asiastudiar med støtte på 1,6 millionar USD frå Korean Higher Education Consortium. Innanfor samfunnsfaga er det ei rekkje internasjonale prosjekt. Universitetet har mange samarbeidsprosjekt og legg gjennom nettsidene vekt på at samarbeidet skjer med verdskjende institusjonar. Medisinsk fakultet ved Fudan er leiande i Kina og inngjekk i starten av tusenåret 21 internasjonale samarbeidsavtalar ^{xvii}.

Innovasjon er mangelvare og professoren på realfag trekkjer fram innovasjon, internasjonalisering og informasjon som særskilt viktige fokusområde. Mesteparten av pensum og undervisning er på mandarin difor er det få internasjonale studentar innan hans retning. Det er likevel aukande grad av interesse og internasjonalt samarbeid er nyttig særskilt med tanke på innovasjon og nye idear. Ein virtuell campus mellom København Tekniske Høyskole og Fudan er under utarbeiding. Fordi nordiske land er gode på innovasjon er samarbeid Fudan og Norden interessant og nivået er ikkje for ulikt (som om ein til dømes skulle samarbeidd med Ivy league). På lang sikt har ein eit ønskje om å utvide dette til å gjelde Europa³⁷.

Eit døme på internasjonalisering er antropologen som underviser på kurset. Ho har doktorgrad i sosialantropologi frå Minnesota, men har no kome tilbake til Kina. Mykje av undervisninga hennar er på engelsk til utanlandske studentar, men ho underviser i tillegg kinesiske studentar. Det er berre to antropologar ved universitetet, den andre har utdanninga si frå Harvard. Dei har per i dag ikkje eige institutt, men er plassert saman med sosiologi. Etersom faget er ganske nytt i Kina er respondenten min i stor grad med på å forme det sjølv, men må samstundes vere den som står på krava. Rekruttering frå utlandet vert meir og meir vanleg, både kinesarar som har utanlandsk doktorgrad, 1. generasjon utvandra kinesarar og utlendingar elles³⁸. På institutt for internasjonalt diplomati vert det nemnt to konkrete personar frå Europa som har eller skal arbeide der³⁹.

For Fudan er det vanskeleg å rekruttere internt i Kina, sidan berre eit fåtal andre universitet har tilstrekkeleg høg kvalitet på utdanninga si⁴⁰. Mykje vert difor internasjonalt, noko som gjer at ein må ha ein eigen budsjettpost, fordi utanlandske forskarar vil krevje ein noko høgare standard enn kinesiske⁴¹. Mangel på finansiering er ei viktig årsak til at det er vanskeleg å rekruttere internasjonalt fordi ein ikkje har ekstra midlar til å betale utanlandske professorar. Realisten, som sjølv har amerikansk mastergrad og tysk doktorgrad, ønskjer å halde Fudan som eit eliteuniversitet og forskingsuniversitet, men det er vanskeleg å få gode nok forskarar

³⁷ Intervju 5.

³⁸ Intervju 3.

³⁹ Intervju 1.

⁴⁰ Intervju 3.

⁴¹ Intervju 3.

til å kome, noko han meiner universitetet treng⁴². Dei siste åra har Fudan fått fleire engelskspråklege program. Desse rekrutterar frå Europa og USA, ein del av dei frå høgtstående universitet slik at dette er dels dyktige kandidatar. Tidlegare var det stort sett koreanske og japanske studentar som studerte på kinesiske program og kvaliteten på utanlandske studentar har gått opp. Det gjer at kravet til engelskkunnskap går opp og at Fudan brukar ressursar mellom anna til å rettleie avhandlingar for internasjonale studentar⁴³. Konfutse har eit omgrep; jiaoxuegenchang, den som underviser og den som studerar saman kan kome langt. Ein lærer av å undervise, slik at Fudan og tilsette der har utbytte av å undervise internasjonale studentar⁴⁴.

Ad hoc og uformell undervisning med varierende nivå kan sjå ut til å framleis vere ein del av Fudan. Det faglege nivået blant lærarar er eit tema eg diskuterer fleire gongar og der eg frå dei internasjonale studentane får ein del historier om lærarar og undervisningstimar der innhaldet i undervisninga både er tilfeldig og av låg kvalitet. Blant dei internasjonale studentane eg snakkar med både ved Fudan og andre universitet er det oftast språket, den kulturelle forståinga eller den eksotiske opplevinga som er motivasjonen for å studere i Kina. For andre er opplevinga av å studere utanlands eller erfaring frå Kina det viktigaste til trass for det dei meiner er låg kvalitet på utdanninga eller for ei tredje gruppe fordi dei meiner utdanninga er relevant for det dei skal jobbe med. Dei kan likevel verte frustrerte over kommunikasjonen mellom kinesiske akademikarar og vestlege studentar. Den nordiske studenten som studerer økonometri meiner det faglege nivået er bra, men elles er ikkje studentane like nøgde⁴⁵. Ei av dei som tar det same kurset kritiserer Fudan for ikkje å ha krav til forkunnskap for det ho meiner er eit ganske vanskeleg kurs⁴⁶. Den eine internasjonale studenten meiner nivået kan vere sær sårpråkande og at det går frå å vere veldig høgt til å minne om farsar. Eit eksempel som vert trekt fram er eksamen i kinesisk kultur, der førelesar sa studentane burde skrive rett av og at det var viktig at klassen fekk gode resultat fordi desse ville gjenspegle han. Deretter snudde han ryggen til og hadde høyretelefonar med musikk på under prøven. I motsett fall

⁴² Intervju 5.

⁴³ Intervju 1.

⁴⁴ Intervju 1.

⁴⁵ Intervju M.

⁴⁶ Intervju S.

bad ein kvinneleg førelesar om at dei ikkje fuska, fordi plagiat ville peike tilbake på ho⁴⁷. Under eksamen forventar professor at pensum skal verte gjengjeve korrekt, slik at ein altså må pugge bøker og artiklar heller enn å forstå og gjengi med eigne ord eller si eiga forståing. Å ikkje tape ansikt er viktig, slik at studentar unngår å kritisere førelesarar. Førelesarar svarar dersom dei vil, om dei ikkje vil, så unngår dei spørsmålet. Folk handlar i eigeninteresse og vil unngå trøbbel, meiner den eine utanlandske studenten eg intervjuar. Studentar stiller spørsmål i timane fordi det er ein måte å bli hugsa på. Spørsmåla er ikkje alltid spesielt gode. Lærarar vil gjere det dei kan for å sjølve få best mogleg resultat⁴⁸.

Den deltakande observasjonen min, med ein del unge og kritiske studentar er med på å gi eit innblikk i nokre av ytterpunktene av konflikten mellom Kina og Vesten. Det at ein har ulike skrivemåte i Vesten og Kina kan påverke møtet særskilt internasjonale studentar ved Fudan får. Det er ei viss fortviling over at ein ikkje kan vere kritisk i same grad som i Europa. Den kinesiske skrivemåten gøymmer i større grad bort kritikken, men dei av studentane som er der i lang tid lærer seg etter kvart å meistre denne skrivemåten, meiner professoren i internasjonalt diplomati. Før avreise frå London School of Economics var representantar for Fudan innom universitetet. Frå Fudan si side vart det sagt at studentane ikkje kunne skrive om opprøret på den himmelske freds plass, Tibet og Taiwan⁴⁹. Alle desse tre er tema som vert drøfta i undervisninga på dei to kursa eg tok. Også ei av dei andre internasjonale studentane eg snakkar med hevdar at ein velgjer vekk den beste karakteren om ein skriv om eit tema som kan karakteriserast som kritisk til det kinesiske regimet, og journalisten seier ei oppgåve generelt kan avvistast av metodiske eller ideologiske årsaker. Ei konkret hending frå eit anna universitet vekkjer oppsikt under opphaldet. Ein svensk student i Kina vert utvist frå landet fordi han gjennom bloggen sin har oppmoda til ein kortare protestaksjon mot Kommunistpartiet sitt 90-årsjubileum^{xviii}. Professoren frå internasjonalt diplomati nemnde dette uoppmoda då eg intervjuar han og meiner studentar som kjem til landet må rette seg etter kinesiske lovar og reglar og måte å gjere ting på, og dette er eit tema som heilt klart vekkjer kjensler. For studentar som er her over lang tid ser ein ei anna endring og tilpassing til systemet. På spørsmål om det er feil av utanlandske studentar å kritisere tenkjer journalisten

⁴⁷ Intervju R.

⁴⁸ Intervju A.

⁴⁹ Intervju I.

lenge. Han meiner det er delvis feil, men på direkte spørsmål om den svenske studenten som vart utvist, meiner han dette var feil fordi han var her for å studere og brukar det som ein måte å skape politisk ustabilitet.

Journalisten meiner han kan velje fritt og har i liten grad opplevd å bli sensurert. Det er likevel ei avgrensing i at ein bur i ein sosialistisk stat der ein ikkje kan kritisere Kommunistpartiet. Dette er reflektert i utdanninga og det er implisitt kva ein kan snakke om eller ikkje. Han kan ikkje kome på døme på korleis. Skilnaden i academia er at ein kan diskutere ein del i klasseromma. Usagte reglar gjeld, men ein kan diskutere fritt på instituttet og området innanfor Fudan er friare når det gjeld diskusjon enn det er utanfor⁵⁰.

Det å kome inn med amerikansk utdanning, ikkje minst innanfor eit nytt fag i kinesiske samanheng, ser ut til å by på nokre problem, sjølv om antropologen i liten grad problematiserer det sjølv. Samanlikna med andre på sin eigen alder er dei fleste andre førsteamanuensis. Ho fekk ingen særskilte fordelar då ho vart tilsett. Heller ikkje kollegaen hennar har fått opprykk til professor. Sjølv forklarar respondenten min dette delvis med at ein tel publiseringar når ein vurderer opprykk. Skrivestilen i Kina er generell og abstrakt og grunnforskning er ikkje så vanleg, seier ho. Vidare hevdar ho at kvantitet er viktigare enn kvalitet i det kinesiske systemet. Mykje av det akademiske arbeidet som vert publisert i kinesiske tidsskrift har låg kvalitet og ein skriv på ein annan måte. Ho meiner ein må lære seg ein meir vestleg akademisk stil. I USA må ein til dømes gjennom fleire rundar med redigering og det kan ta år å få utgitt ei bok. I Kina betalar ein nokon for å gi ut boka, slik at prosessen går mykje fortare. Eldre, meir konservative akademikarar meiner ho må tilpasse seg, men ho er ikkje einig i dette. Ein av dei internasjonale studentane eg intervjuar meiner at internasjonalt samarbeid kan styrke kravet om akademisk fridom. Utan denne vil ein ikkje klare å hevde seg i konkurransen om studentane. Antropologen eg intervjuar er einig i at aukande akademisk fridom kan fungere som god pr. Men som diplomaten poengterer, så har Fudan i dag eit samarbeid med ei rekkje leiande internasjonale universitet.

⁵⁰ Intervju 4.

5.3 FINANSIERING

Fudan er finansiert både av MOE og Shanghai byråd og må imøtekome krav både frå nasjonale og lokale styresmakter. Dette gjeld forskning, utdanning og sosiale tenester (Ma, 2007). Skattefråtrekk på utvikling innanfor høgteknologi og skatteinntekter frå staten er andre måtar. Mykje av finansieringa til forskning og utdanning kjem gjennom statlege stipend⁵¹.

Semesteravgifter og andre studentavgifter er den nest største inntektskjelda til Fudan. Semesteravgifta for kinesiske studentar er relativt låg, medan utanlandske studentar betalar langt høgare avgifter for å tilbringe eit eller fleire semester ved Fudan. I Kina, som i så mange andre land, er internasjonale studentar noko ein tener pengar på og for Fudan er dette ei viktig inntektskjelde. Semesteravgifta for engelskspråklege kurs er 100 000 RMB⁵² for to år (80 000 for eit år for studentar frå LSE som har eit spesiallaga masterprogram). Kinesiske studentar betalar rundt 5000 RMB for eit semester, men dette er høgt nok til at ein del studentar frå rurale strøk har vanskar med å finansiere studiane sine. Fudan har tatt opp lån for å finansiere av investeringar i infrastruktur og vurderer å auke semesteravgifta for internasjonale studentar for å få opp inntekta⁵³.

Antropologen får mykje av løna si frå Fudan for å undervise, men ho arbeider for ein del private selskap, som oppdragsforskning, og kan i ettertid publisere eiga forskning frå desse stadene. Slik opplever ho ein fridom til å gjere det ho ønskjer. Professoren på realfag er berre dels einig i at ein har tilstrekkeleg finansiering. Ein av skilnadene mellom samfunnsfag og realfag er prisen på prosjekta. Realfag treng dyrare utstyr, medan samfunnsfag i større grad betalar for personell. Av dei 80 millionane RMB han får til sitt prosjekt går store delar til utstyr og han seier han brukar mykje tid på å skaffe tilstrekkeleg finansiering. Mykje av finansieringa kjem frå store prosjekt. For å gjere det han sjølv vil må han setje av pengar frå desse slik at han kan bruke dei på eigne prosjekt i etterkant, sjølv om han jamt over seier dette er ok. Systemet i Europa er betre der ein har høgare grunnbeløp frå staten, som han seier er veldig lågt her.

⁵¹ Deltakande observasjon, intervju 1 og 2.

⁵² 100 RMB = 85 NOK

⁵³ Intervju 1 og 3.

Tabell 3: Rekneskap Fudan 2008

Oversikt i hundre millionar		
Inntekt 27,44 hundre millionar RMB	Tildelingar frå MOE og Shanghai byråd	9,84
	Semesteravgift	7,13
	Forskningsfond	6,46
	Andre kjelder	4,01
Oversikt		
Totale utgifter 33.65 hundre millionar RMB	Infrastruktur	6,54
	Løn og sosiale velferdsordningar til administrativt og vitskapleg tilsette	8,22
	Offentlege fasilitetar	14,26
	Forsking	4,64

Kjelde: Fudan University gaikuang (statusrapport) 2010-2011:9.

Fudan har 16 alumniorganisasjonar utanfor Kina, dei fleste i USA der ein av dei er i FN^{xix}. Kvart år vert det arrangert ei samling for alumni frå heile verda. Målet med den årlege samlinga er å betre relasjonane mellom tidlegare studentar frå Fudan, i tillegg til at det er dette med på å finansiere universitetet. Mellom anna har ein av alumniorganisasjonane i Kina sponsa eit av dei 36 masterprogramma ved universitetet. Innanfor kjemi har Fudan samarbeidd med Zhengzhou universitet for å etablere eit nettverksuniversitet i Zhengzhou^{xx}.

Fudan har sett opp eit fond for rekruttering av særskilt dyktige forskarar og lærarar for å framheve framifrå akademiske forskingsprogram (Zhou, 2006). “Fudan University Education Development Foundation” har som målsetjinga for å gjere det enklare å gi donasjonar til universitetet. Fondet har eksistert sidan 2006 og er lagt til USA.

“Meanwhile, the foundation also serves as Fudan and Shanghai’s bridge with the world so as to raise the university’s profile, strengthen its network and develop strategic partnerships in the United States and the other parts of the world.”^{xxi}

Donasjonane skal i stor grad brukast til vitskapleg forskning og kulturelle aktivitetar. Stipend og finansiell støtte til studentar er ein annan funksjon for fondet. I tillegg kjem infrastrukturen på universitetet som dei siste åra har vore under utbygging og der ein framleis har mange investeringar igjen. Bygningsmassen på Fudan er av varierende kvalitet og stand. Nokre av

dei eldre bygningane på universitetet er nedslitne og dårleg vedlikehaldne. Bak institutt for kjemi er det usikra kjemikaliar og gamalt utstyr i trappene mellom to etasjar. På studenthyblane er det ikkje veldig mykje betre. For studentar på lågare grad, der 4 personar har skrivepult, hyller og seng på eit rom på under 20 kvadratmeter er det trengt og stor variasjon i temperaturen mellom sommar og vinter. Det er planlagt oppgradering av studenthyblane, som per i dag ikkje har klimaanlegg og er dårleg isolerte. Samstundes er det gjort ei rekkje investeringar. Det finst eit nytt idrettsanlegg med symjehall som er tilgjengeleg for studentar og andre. Guanghuatårna er det nye signalbygget til Fudan. Då bygget vart opna i 2005 var det den høgaste bygningen i området, er av høg stand og gir god utsikt til bydelen rundt Fudan. Tårna rommar mellom anna konferanserom, undervisningssalar, kontor, datasal og kafé. Mange av førelesingane for internasjonale studentar er lagt hit. Tidlegare var mandarinstudiar for internasjonale studentar lagt utanfor universitetsområdet i kalde og nedslitne lokale. Bygget nordisk senter held til i er heilt nytt og finansiert av nordiske universitet og styresmakter. Standarden er naturleg nok god, med lokale til ulike sosiale arrangement, bibliotek, kontor og klasserom. Også delar av uteområda er godt vedlikehaldne og universitetsområdet generelt er roleg, med store grøntområde, til kontrast frå livet på andre sida av gjerdet. Rundt på universitetet er det sett opp modellar av planlagde bygg for utvidingar av universitetet, der ein av dei største investeringane er det nye universitetsområdet for ingeniørfag.

Marknadsføring er heller ikkje gløymt og fondet kjem inn som ein del av profileringa til Fudan. Midlar frå tidlegare studentar er velkomne gåver for universitetet og det er ein grunn til å oppretthalde kontaktane sine, men kan vere med på å styrke behovet Fudan har for å skape leiarar ikkje berre i det offentlege, men òg i det private.

Dårleg økonomi er ei viktig årsak til at det er vanskeleg å rekruttere internasjonalt fordi ein ikkje har ekstra midlar til å betale utanlandske professorar⁵⁴, sjølv om det finst ein eigen budsjettpost til nettopp dette på det einskilde fakultet. Heller er ikkje standarden på bustadene for personell særskilt høg og denne må betrast⁵⁵. Mesteparten av Kina har akademikarar dårleg løn, noko som er særskilt vanskeleg i Shanghai. Ein har krysspress, med vanskeleg økonomi og akademisk press. Noko av bakgrunnen for dette er at ein vil ha endring for å

⁵⁴ Intervju 5.

⁵⁵ Intervju 3.

fordele veksten til unge akademikarar. Berekraftig vekst for universitetet betyr betre vekst for akademisk tilsette. MOE endra politikk for nokre år sidan slik at infrastrukturen på universiteta skal bli betre ⁵⁶.

⁵⁶ Intervju 4.

6 ANALYSE

I dette kapitlet vil eg gå nærare inn på funna mine og forklare dei ut frå normative og organisatoriske ideal. Her vil eg bruke både dei tre normative ideala Bleiklie skisserer som dei vanlegaste (idealisme, funksjonalisme og rasjonalisme) i tillegg til den teoretiske retninga som vert brukt i forskinga på kinesisk akademia (konfutsianismen). Ut frå dei data eg presenterte i førre kapittel vil eg gjennomføre ein analyse som gir eit bilete av korleis kinesisk politikk kjem til syne på Fudan og korleis det gjer seg utslag i kva eit universitet skal vere. Vidare skal eg gå gjennom dei tre organisatoriske ideala; verktøy for staten, autonom kulturell organisasjon og bedrift. I tillegg vil eg sjå nærare på den fjerde varianten som eg meiner vert ei motvekt til den autonome kulturelle organisasjonen og som samsvarar med konfutsianismen som eit normativt ideal, altså heteronom kulturell organisasjon. På same måte som framveksten av det europeiske universitetet er prega av spenningar og interessekonfliktar har både det siste hundreåret i Kina og endringane ved Fudan vore prega av ulike interesser, endringar i fagretningar, tilknytning til staten og organisering. Biletet av Fudan er ikkje eintydig og fordi ulike teoretiske retningar vil kunne tolke handlingar og fenomen ulikt har eg tatt med alle dei fire tilnærmingane. I analysen har eg tatt med dei data eg meiner best illustrerer eller får fram særtrekk som berre passar i ein teoretisk retning, men òg dei som passar inn fleire stader og gjerne kan forklarast gjennom alle dei teoretiske retningane. Dette handlar òg om at politikk ikkje berre har tilsikta konsekvensar, men at universitet som er meint å vere rasjonalistiske, ikkje treng organiserast som eit verktøy for staten, men at andre organisasjonsformer kan vere meir tenlege. Ved politiske endringar vil ein framleis vere prega av tidlegare tenkjemåtar og organisasjonsformer, slik at ein vil få ei lagdeling med trekk frå ulike organisasjonstypar og ideal. Først går eg gjennom dei normative ideala for ulike oppfatningar om kva Fudan skal gjere. Så vil eg oppsummere kva organisasjonsformer som kjenneteiknar Fudan.

6.1 NORMATIVE IDEAL

Humboldt var oppteken av den akademiske fridomen ved universiteta. Som er har skrive i kapittel 2 var dette eit minst like stort problem internt og i forhold til kollegiet som til staten fordi det var konstallasjonar og interessegrupper eller losjar som var interesserte i å fremje sine egne saker. Difor meinte han det var viktig at staten kunne verne om fridomen frå trugsmål internt og eksternt. Ser ein på Fudan er det klart at staten har sterke føringar. Samstundes arbeider dei for auka internasjonalisering og liberalisering av utdanninga og for at

unge studentar skal lære seg å tenkje kritisk i eit land der den akademiske fridomen kan vere sterkt avgrensa.

Gjennom datainnsamlinga og særskilt intervju med dei fem akademikarane meiner eg å ha fått ei oversikt over nokre av hovudaktivitetane til Fudan universitet. Dei kan tolkast gjennom dei ulike ideala, men handlingane representerer samstundes ulike verdiar. I størsteparten av oppgåva har eg brukt teoriar som ein måte å forklare ulike fenomen på, men eg vil i denne delen kome litt inn på verdiane som ligg i det og korleis individ eller organisasjonar handlar ut frå desse verdiane.

6.1.1 RASJONALISME

Ei sentral problemstilling i akademia er nettopp forholdet til staten og i kva grad ein har fridom og autonomi frå denne. I endringane og internasjonaliseringa, som dels kan vere ei frigjering frå staten i det at ein går frå kontroll til regulering og overvaking, fyller Fudan ei rolle for staten. Den kinesiske stat satsar stort på universiteta sine, som er grunnsteinane i både den politiske og økonomiske utviklinga, og Fudan er eit viktig universitet i Kina. Fudan universitet har særskilt gjennom dei strukturelle endringane og fysiske investeringane vist at det klarar å følgje med politiske endringar og satsa på dei områda som er til nytte for staten. For dei kinesiske universiteta er forholdet til staten viktig, noko ein viser på ei rekkje måtar og som eg vil kome nærare inn på når eg ser på Fudan som verktøy for staten.

Undervisning og rettleiing til studentar er oppgåver som kan passe inn i alle dei fire normative ideal. For dei som driv med mest rådgjeving og forskning for staten kan det vere tenleg å ha eit verdisett som er nærat knytt til rasjonalismen. Fudan driv moralsk opplæring som ein del av dei sosialpolitiske måla til staten. Dette er eit tema som er vagt og unyansert og gjennom diskusjonane mine med akademikarar og studentar har eg ikkje fått ein heilt klar definisjon på kva det er, men det handlar dette om sosial kontroll. Ein del er obligatoriske fag som læra etter Mao, ein annan at det finst kontor for tryggleik og at dei driv kontroll av dei politiske haldningane til studentane. Det er varierende grad av forståing for dette, men det er ein måte å produsere dei riktige haldningane for staten. Basert på dei samtalane eg har hatt og som eg har referert til i førre kapittel, ser det likevel ikkje ut til at dette er ein viktig del av Fudan sitt verdigrunnlag. Det er der, men universitetet unngår dei største politiske konfliktane. Fordi universitetet oppfyller så mange av staten sine målsetjingar, som eg vil kome tilbake til i det

organisatoriske ideal med Fudan som verktøy for staten, er det vanskeleg å sjå heilt vekk frå at det ved Fudan finst sterke krefter som er opptekne av at dei skal produsere nyttig kunnskap og at denne skal vere til gode for staten.

Tradisjonelt har høgare utdanning ført til gode posisjonar i forvaltninga. For Fudan er det å vere eit eliteuniversitet og skape leiarar viktig og det gjer at dei kan tolkast til å ha verdiar som er heteronome med fokus på nytte.

Ved å ta inn så mange internasjonale studentar, samt sende eigne studentar som er tenkte å verte morgondagens leiarar til utlandet kan Kina på sikt få stor grad av indirekte innverknad på verdspolitikken. I så måte kan Fudan, som eit av dei leiande kinesiske universiteta med historie for tette band til styresmaktene få makt òg utanfor Kina. Gjennom å undervise internasjonale studentar både i språk og kultur kan ein på sikt oppnå større indirekte makt. Dette er ikkje eit tema for mine intervju, men er likevel ein funksjon der Fudan på lang sikt kan utføre ein særskilt nyttig jobb for staten. Å skape band og å påverke dei internasjonale studentane kan såleis vise Fudan som eit universitet som er heteronomt og som i stor grad legg vekt på nytte.

Det å oppnå ei større forståing for kinesiske standpunkt internasjonalt er ei viktig målsetjing for kinesiske styresmakter, noko ein kan sjå på som del av utøvinga av indirekte makt. Ei av mastergradene på journalistikk var starta av staten og skulle kunne påverke internasjonal journalistikk om Kina på sikt. Frå eit kinesisk ståstad er mykje av det som kjem fram om landet negativt ladd og dei ønskjer å endre dette. Faget vart undervist på engelsk og det var høge krav for å kome inn. For journalisten eg intervjuar var dette eit viktig tema. Han var sjølv særskilt oppteken med å betre den internasjonale forståinga for Kina og kinesisk kultur og håpa Fudan fekk fatt i midlar til å drive det vidare på eiga hand.

6.1.2 FUNKSJONALISME

Antropologen har ingen vanskar med å selje forskinga si til bedrifter og får betalt for å undervise utanlandske studentar, realisten brukar mykje tid på nettverksbygging og finansiering, medan rådgjevaren prøver å heve standarden på bustader og tiltrekkje seg akademikarar med høg kompetanse. Konkurransen om å få gode nok akademikarar til å kome er stor og ein har få kandidatar som er gode nok i Kina, medan ein elles konkurrerer internasjonalt, til ein høgare pris. Diplomaten og hans kollegaer har byrja å bruke meir tid på

å rettleie internasjonale studentar. Alle desse aktivitetane kan vise til Fudan som ein autonom organisasjon som må selje produkta sine for å skaffe midlar og som ikkje har nokon garanti for inntektene sine. Under intervju mine er dette i liten grad problematisert, det er noko ein gjer og som ein har aksept for at er naturlege gjeremål. Dette viser eit verdisyn som kan stemme med funksjonalismen. Det ein gjer har ein nytteverdi, samstundes som organisasjonen er autonom, slik at det opnar for ein viss valfridom.

Skiljet mellom masseuniversitet og eliteuniversitet kan tolkast frå ein funksjonalistisk ståstad. Då vil det vere naturleg å leggje større vekt på masseutdanninga som eit behov frå samfunnet rundt og eliteinstitusjonane som ei naturleg vidareføring av tradisjonar og historie, ikkje ulikt det som skjedde i England med allmenne universitet for aristokratiet og spesialiserte yrkesutdanningar for middelklassen. For eliteuniversiteta vil ein kunne vente ei større grad av autonomi enn for masseuniversiteta. Kanskje kan ein seie at dei nye masseuniversiteta svarer på mange av behova knytt til økonomisk utvikling og produksjon, medan eliteuniversiteta produserer leiarar som svarar på behovet for internasjonal kompetanse, innovasjon og tilpassing til og innverknad på globale tendensar. Fokuset på elite og internasjonalt samarbeid, i tillegg til aksept for ei rekkje av dei organisatoriske endringane som skjer ved universitetet kan vitne om at Fudan har eit verdisyn som stemmer med funksjonalismen. Inspirasjonen frå USA og tidleg historie viser Fudan som ein innovativ institusjon, der studentane starta egne bedrifter, verdiar som kjem nært funksjonalismen. For realisten er dette eit særskilt viktig tema og samarbeidsplattforma med KTH er tenkt å skape dette på sikt. Han ønskjer likevel meir finansiering frå staten og er særskilt oppteken av at innovasjonen må betrast.

Fudan har klatra oppover på ARWU sine rangeringar. Dette tyder på at dei er opptekne av effektiviteten og konkurransen, igjen verdiar som passar med funksjonalismen.

6.1.3 IDEALISME

Fri forskning, deltaking i internasjonalt samarbeid, undervisning, engasjement i diskusjonar og det å tiltrekkje seg kompetanse er alle punkt som Fudan utøver og som kan vise til at dei har eit idealistisk verdisett. Fudan si lange historie med internasjonal påverknad frå 1905 og frå internasjonal utveksling på 50-talet til samarbeidet med kjende internasjonale universitet i dag gjer at Fudan kan ha sterke preg av internasjonale tendensar og motar innanfor kunnskapsproduksjonen. Dette kan svekke det særprega kinesiske. Konflikten mellom Ma Xiangbo og den franske kyrkja hadde bakgrunn i ulike syn på kva universitetet skulle gjere.

Ma var oppteken av frie diskusjonar og godtok studentar som var politisk aktive. Gjennom desse handlingane støtta han eit ope samfunn. For han og studentane var det naturleg å sjå forbi landegrensar og dei kinesiske utdanningsinstitusjonane. Fordi det opne, politiske stod så sterkt vil eg hevde at Ma og studentane hans hadde mykje av dei same verdiane som prega det humboldtske universitetet, til trass for at modellen òg såg mot Frankrike og dei spesialiserte skulane der.

I dag er deltaking i internasjonalt samarbeid vanleg på Fudan, men mange av prosjekta er innanfor medisin eller realfag, og kan difor lett karakteriserast som nytte, heller enn kultur. Den sterke posisjonen Fudan har hatt innanfor samfunnsfag og humaniora kan gjere at ein har større vekt på kultur enn nytte samanlikna med andre universitet. Det finst rom for diskusjonar både for studentar og akademikarar ved universitetet og desse kan skildrast gjennom idealismen. Samstundes opnar nye universitetsområde for ingeniørfag og nasjonale samarbeidsprosjekt for større innovasjon. Dei eldste verdiane ved Fudan legg vekt på at diskusjonar skal vere opne, men det ligg ei avgrensing i at ein held seg innanfor universitetsområdet og at ein i liten grad kan kritisere Kommunistpartiet. Ser ein det i samanheng med at det er så få store saker der studentar eller akademikarar vert straffa for politisk åtferd, kan Fudan ha ei ganske brei aksept for opne diskusjonar og ha eit verdigrunnlag som ligg opp mot idealismen. Det at så mange akademikarar ved Fudan har utdanninga si frå utlandet og at fleire og fleire utanlandske akademikarar kjem til Fudan kan styrke dei idealistiske verdiane for kva Fudan skal gjere, sjølv om langt frå alle har eit idealistisk ideal.

Antropologen eg intervjuar meiner sjølv at ho stor fleksibilitet og få restriksjonar i arbeidet sitt og ho kan velje kva ho vil undervise i og kva pensum ho vil bruke. For hennar del er ikkje opprykk så viktig, det er viktigare å lære og ta seg tid til å gjere grundig arbeid. Ho kunne valt å publisere meir, men kvaliteten på arbeidet er for viktig og ho er ikkje villeg til å inngå kompromiss. I dette ligg verdiar som er nærare kultur enn nytte og der danning og refleksjon står fram. Igjen har Fudan lang historie med å satse på nye fag, særskilt innanfor samfunnsfag og humaniora. Dersom universitetet er tidleg ute og staten ikkje har klare føringar, kan dei i større grad tenkjast å påverke den nasjonale utviklinga av faget. Det at ein har ei historie med å vere tidleg ute med fag, kan kome av at organisasjonen har sterke evner til å sjå utanfor egne grensar og for innovasjon.

At Fudan går tilbake til danning kan styrke kjerneverdiane til universitetet. To av akademikarane eg intervjuar hadde heile eller delar av utdanninga si frå USA, og etter Kulturrevolusjonen var mykje av inspirasjonen henta der. Universitetet legg stor vekt på danning, refleksjon og internasjonalt samarbeid. Alt dette kan vere med på å gjere Fudan meir autonomt og til å leggje vekt på kultur, tilsvarande dei verdiane dei var tufta på. Realisten er likevel ikkje berre positiv til satsinga på danning, fordi det ikkje kjem til så stor nytte på realfag som han meiner det gjer på samfunnsfag og det vil kunne gå i mot satsinga på å verte eit universitet i verdsrålestokk (i allfall om ein måler etter ARWU). Når det gjeld Fudan sitt fokus på danning og konfutsiansk refleksjon kjem dette inn under kultur. Det er danninga og utviklinga av den einskilde student eller forskar som er viktig. Universitetet ser utover og er oppteken av utveksling som ein del av dette, sjølv om ein gjennom å oppleve andre kulturar gjerne lærer minst like mykje om seg sjølv og sin eigen kultur. Målet er, som den eine respondenten min seier, å lære seg ulike kulturar og å tenkje meir kreativt, nettopp fordi ein skal kultivere Kinas nye leiarar. For desse komande leiarane får ein altså ein viss fridom og ein del gode, men på grunn av dei tette koplingane mellom stat og kunnskap er det vanskeleg å rettferdigjere ei plassering i idealismen.

Det å skulle tiltrekkje seg kompetanse og fleire vitenskapleg tilsette med utanlandsk utdanning kan knytast til kvalitet, difor er det naturleg å plassere dette punktet under idealismen. Fleire av dei eg intervjuar er opptekne av at kvaliteten på det akademiske arbeidet må gå opp.

6.1.4 KONFUTSIANISME

I den konfutsianske tradisjonen der klassesdelinga skal vere etter intellekt er det naturleg at dei lærde skal styre og at ein skal ha respekt for dette. Gjennom å leite etter den gylne middelveg skal ein vekse som menneske. Gjennom lære finn ein det moralsk rette. Det at Fudan har få ekstreme grupperingar kan kome av verdiar som litt nær konfutsianismen. Universitetet unngår dei største konfliktane. Verken i marknadsføringa frå Fudan eller frå akademisk tilsette legg ein skjul på at ein ønskjer å skape leiarar og at Fudan vil vere eit eliteuniversitet. Det gir ein noko større fridom til kva dei kan gjere og det opprettheld det eldgamle systemet der kunnskap og makt er knytt saman. Konfutsianismen vil kunne forklare dette som ein god bruk av ressursar og den beste måten å styre samfunnet på fordi det er dei lærde og dei med mest kunnskap som skal styre landet og vere høgast respekterte.

Ei av konfliktane ved universitetet er forholdet til staten. Gjennom å bruke dei gamle klassikarane og leggje vekt på den moralske danninga som ein får gjennom konfutsianismen opprettheld ein stabiliteten, hierarkiet og eit tett forhold mellom kunnskap og makt. Om ein ser til Europa og reformasjonen der på 1500-talet, gjekk ein vekk frå det religiøse aspektet, som altså kan sjåast på som heteronomt, at ein rettar seg etter verdiar som ligg utanfor ein sjølv. Eit eventuelt brot med konfutsianismen kan innebere at det er vanskelegare å rettferdiggjere den sterke statlege kontrollen i Kina.

Gjennom ideologisk opplæring både i klassikarane og obligatoriske nyare fag som tenking etter Mao og teori etter Deng Xiaoping legg ein vekt på det moralske, slik at ein skal kunne finne sanninga (eller middelvegen) ved å bruke dei. Denne delen av utdanninga har ikkje først og fremst nytte i form av økonomisk utvikling, men større fokus på danning skal skape meir reflekterte menneske som skal vere skodd til å ta over leiinga av landet. Staten har sosiale mål så vel som politiske, og Fudan har tradisjonelt vore oppteken av dei kinesiske klassikarane og har no tatt dei fram att. Både faga om Mao og Deng kan seiast å kome inn i denne kategorien av moralsk opplæring. Intervjua mine viser eit visst spenn på kva haldningar som finst til endringar og internasjonalisering. Dette kan vise ein intern maktkamp om saker som er viktige både for den politiske utviklinga i Kina og korleis universitetet opererer. Medan det finst krefter som ønskjer større grad av akademisk fridom, er andre meir tilbakehaldne og meiner at dei som kjem frå utlandet for å studere må akseptere og tilpasse seg det landet dei er i.

Antropologen eg intervjuar kan vere eit døme på ei konflikt mellom det tradisjonelle og det nye. Det å kome inn utanfrå og med eit nytt fag er nok litt vanskelegare enn respondenten min seier direkte. For ho sjølv ser det ut til at det står ein del hinder i vegen for at ho skal nå høgt opp i systemet. At ho står for ei meir vestleg tilnærming kan opne for konfliktar, mellom anna om ho tek autonomi som ein viktig premiss for korleis universitetet skal fungere og dette ikkje samsvarar med det eller at andre meiner fagretninga hennar ikkje viktig nok. Det at verken ho eller den andre antropologen har fått opprykk som hadde vore naturleg tilsvarende aldersgruppa deira er ikkje større tal enn at det kan vere tilfeldig, slik at eg ikkje kan påvise ein klar tendens eller prov på maktkamp som bakgrunn for manglande opprykk. Samstundes kan ein sjå på det som ein del av ein større maktkamp, eller kan hende paradigmeskifte, som føregår ved Fudan og der noko av det ho representerer gjerne vil få endringar på lang sikt. Eg får i liten grad inntrykk av antropologen som ein særskilt konfliktsøkande person, men i den

faglege retninga si representerer ho langt på veg den akademiske utdanninga ho fekk i USA og dei verdiane som er knytt til det, noko som kan vere kjelde til konflikt. Mangel på opprykk kan vere eit signal om at det dei gjer er ”feil” ut frå eit normativt ideal om kva Fudan universitet skal gjere.

Det at ein skal lytte til dei høgare i hierarkiet kan stemme med rasjonalismen, som ser på uplanlagt forskning som bortkasta ressursar. Kollektivet er alltid viktigare enn individet, noko som gjer at kinesiske styresmakter kan planleggje langt fram i tid og prioritet til det beste for Kina som stat og med det kan hende felles økonomisk vekst for dei mange fattige i verdas mest folkerike land. Jiaoxuegenchang; ved å undervise internasjonale studentar kan ein samstundes lære, noko som med utviding i kurstilbodet for internasjonale studentar viser at Fudan er oppteken av. Dette vil på sikt heve kvaliteten ved Fudan og kan tolkast som Fudan som ein heteronom institusjon.

Mastergraden i journalistikk der målet var å endre oppfatninga vestlege media har om Kina kan plasserast under konfutsiansimen. Journalisten eg snakkar med viser ein viss frustrasjon over den manglande forståinga, og det kan for mange handle om at ein ønskjer at kinesisk kultur skal verte forstått.

Respekten for kunnskap og visdom, som er ein sentral del av Konfutse si lære er med på å styrkje utdanningssystemet og deira interesser. Det at mykje av læra til Konfutse er motstridande kan gje rom for særskilt ulike måtar å analysere og tolke innhaldet og læresystemet på. For makthavarane og byråkratiet er det tenleg å støtte opp om dette for å styrkje sin eigen posisjon. Innanfor idealismen vil ein leggje vekt på essensen i visdom og kunnskap, medan rasjonalistane vil sjå dette som ein måte for leiande akademikarar og politiske leiarar til å styrkje sin eigen posisjon, særskilt ettersom banda er så tette som i Kina. Skiljelinene mellom konfutsianismen og rasjonalismen er nok eit av dei trekka det er vanskelegast å forklare i kinesisk samanheng, nettopp fordi dei går i kvarandre.

Mangel på innovasjon høyrer ikkje først og fremst til konfutsianismen som ideal, men kan heller sjåast på som ein konsekvens av den. Respekten for dei som er lærde og visare og autoriteten som ligg noko utanfor universitetet og individet sjølv kan forklare at Kina og Fudan har eit problem med lite innovasjon. Mellom anna som er nemnt av eit par av dei internasjonale studentane og eit par av dei kinesiske akademikarane er det skilnad i skrivestilen, og i Kina gøymer ein vekk noko av kritikken. Dette kan forklare at Kina treng

internasjonale samarbeidsprosjekt for å få opp innovasjonen, fordi kritikk er noko ein må vere varsam med. Forventninga om at internasjonale studentar skal tilpasse seg og ikkje gjere opprør, verken politisk eller akademisk, viser til haldningar som er knytt til konfutsianismen. Det at ein gøymer vekk kritikk i skrivemåten og legg vekt på å skrive rett av kjeldene er ein annan indikasjon på det.

Tabell 4: Normative ideal ved Fudan

FUDAN normative ideal	Kultur	Nytte
Autonomi	<ul style="list-style-type: none"> - Forventningar frå internasjonale studentar og akademikarar. - Utveksling - Ma Xiangbo og ideala hans frå grunnlegginga og inspirasjon frå Europa - Politisk engasjerte studentar - Internasjonalt samarbeid - Behov for kunnskapsproduksjon frå staten - Inspirasjon frå det europeiske idealet frå grunnlegginga 	<ul style="list-style-type: none"> - Fudan Education Development Foundations - Internasjonale studentar som finansiering - ARWU og satsing på konkurranse - Samarbeidsprosjekt med vestlege universitet - Innovasjon - Ma og inspirasjon frå USA frå grunnlegginga - Handelsskule - Ny president som arbeider for å gjere universitetet friare.
Heteronomi	<ul style="list-style-type: none"> - Danning og kinesiske klassikarar, Deng Xiaoping-teori - Ideen om Fudan som eliteuniversitet - Få ekstreme grupperingar - Rådgeving til styresmakter - Sjølvsensur - Utveksling av kinesiske studentar for å lære andre stader - Skrivemåte - Mangel på innovasjon - Haldningar frå internasjonalt diplomati og sosiologi om at akademikarar og studentar må tilpasse seg 	<ul style="list-style-type: none"> - Statleg politikk og satsing på universiteta som del av økonomisk vekst og sosiopolitiske utvikling - Kinesisk historie med vektlegging av universitet som verktøy for staten - Universiteta som verktøy for å påverke internasjonalt - Haldningar om at utanforståande skal vere forsiktige med å kritisere? - Pragmatisk historie og få ekstreme grupperingar - Fudan utfører i stor grad staten sin politikk

6.2 ORGANISATORISKE IDEAL

I dette delkapittelet vil eg sjå nærare på korleis Fudan vert styrt og plassere universitet i ulike organisatoriske ideal. Eg ser på finansiering, politiske mål og formell struktur som dei viktigaste måtane å påverke universitetet på her.

6.2.1 FUDAN SOM VERKTØY FOR STATEN

Den formelle organiseringa med kontor for tryggleik og ansvar for ideologisk opplæring som ligg under partikontoret viser at universitetet i stor grad vert styrt som eit verktøy for staten og makthavarane sine interesser. At universitetet er under direkte kontroll av staten og at rektor vert peikt ut av og må vere medlem av Kommunistpartiet er ein formell struktur som byggjer opp under det same argumentet. Den øvste leiinga og ei rekkje tilsette er medlemmer av Kommunistpartiet. Med den politiske endringa og overgangen frå privat til offentleg universitet i 1929 knytte Fudan seg nærare opp til staten. Endring i organisering som skjedde i 1949 med større spesialisering var eit utslag av det same.

Det har vore eit mål for kinesiske styresmakter å slå saman medisinske universitet med allmenne universitet. Dette er òg tilfelle for Fudan som i april 2000 slo seg saman med Shanghai medisinske universitet, noko Fudan meiner har gjort universitetet betre utstyrt og meir robust. Ikkje minst legg Fudan vekt på at dei no er eit steg nærare å verte eit leiande universitet på verdsbasis og legg til rette for ei betre rangering i ARWU. Sjølv om betre rangering på ARWU ikkje er eit mål i seg sjølv, er det å vere i verdsklasse eit statleg mål der Fudan både handlar i eigeninteresse og i samsvar med måla i 985.

Det nye idrettsanlegg til Fudan er med på å leggje til rette for å nå det statlege målet i 211 om betring i fysisk helse. Oppgradering av bygningsmasse og utbetring av laboratorium og forskingssentra er ei anna målsetjing som høyrer til under dette prosjektet. Fudan arbeider med alle desse punkta. Danning som nytt kurs er med på å skape moralsk utvikling, slik som opplæring i marxisme og læra etter Mao og teori etter Deng. Både fokus på danning og heving av kvaliteten på undervisninga og forskinga svarar til den statlege målsetjinga om intellektuell og moralsk utvikling. Det at kontor for studentar på lågare grad framleis har ei viktig oppgåve i den ideologiske opplæringa er med på å setje i verk det staten ønskjer. Korleis og kva studentane tenkjer skal påverkast gjennom ideologisk opplæring.

Undervisning og kurs retta mot internasjonale studentar for å betre forståing deira for Kina og kinesisk kultur høyrer òg til som del av den statlege. Konkrete døme er kursa eg sjølv deltok på sommarkurset, antropologen med utdanning frå USA og mykje undervisning blant internasjonale studentar, mastergraden i samarbeid med LSE og ei rekkje kurs i mandarin. Indirekte makt på lang sikt kan vere ein mogleg konsekvens av dette. Mastergraden på journalistikk der studentane på sikt skal påverke internasjonale media er eit anna døme på at Kina ønskjer å bruke universiteta for å skape indirekte makt til å få større innverknad og forståing for si sak internasjonalt. Det same er det at ein skal sende kinesiske studentar på utveksling. Mastergraden i journalistikk som var retta mot å betre måten Kina vert framstilt på i internasjonale media kan karakteriserast som eit akademisk nøkkelprogram og del av prosjekt 985.

Gjennom dialogar med staten driv universitetet rådgjeving til staten i aktuelle saker og er slik ein direkte leverandør av forskning staten treng.

Internasjonalisering er eit mål for den kinesiske stat gjennom prosjekt 985. Gjennom større internasjonalisering, som inneber internasjonale samarbeidsprosjekt, utveksling med utanlandske universitet og tilsetjing av kandidatar med doktorgrad frå utanlandske universitet, oppnår staten høgare kvalitet og lærdom som kan danne grunnlaget for økonomisk vekst. Det å utdanne leiarar og dyrke talent for framtidige generasjonar er ei målsetjing i prosjekt 985. Fudan legg vekt på si rolle som eliteuniversitet og det å skape leiarar. I tillegg til at det vil kunne skape gode nettverk som kan brukast til finansiering, politisk påverknad og indirekte makt, ikkje berre i Kina, men òg utanfor. Indirekte makt og nettverksbygging kan heilt klart vere tenleg for staten så vel som Fudan, særskilt om dette vert brukt internasjonalt. Alumninettverk og strategiske partnerskap kan såleis kategoriserast som Fudan som verktøy for staten. Fudan har ei lang rekkje samarbeidsprosjekt med internasjonale universitet og er i tillegg opptekne av at mykje av rekrutteringa skal skje internasjonalt om nivået skal opp. Alt dette stemmer med måla for prosjekt 985 og er noko staten støttar økonomisk.

Gjennom utstillingar, plakatar, statuar og universitetsmuseet viser Fudan på mange måtar tilknytninga til statsleiarar. I den kinesiske konteksten er nettverk og status særskilt viktig og det kan vere med å teikne eit bilete av Fudan som eliteuniversitet. På somme av fakulteta er det plakatar av 90-årsjubileet til Kommunistpartiet, men generelt på universitetsområdet er ikkje dette dominerande. Lojalitet til dei styrande og høg kvalitet på forskning og utdanning er blant det som vert framheva.

6.2.2 FUDAN SOM AUTONOM KULTURELL INSTITUSJON

Frå grunnlegginga av var Fudan tufta på eit demokratisk ideal om autonomi og akademisk fridom. Pensum var ope og innovativt og universitet tok gjerne opp nye fag. Mangelen på finansiering og samarbeidspartnarar gjorde at universitetet ikkje var avhengig av ein særskilt aktør når det skulle velje forskingsprosjekt og undervisningsmetode. Brotet med den franske kyrkja viser kor viktig fridomen var. Organiseringa av Fudan kan i oppstarten best skildrast som ein autonom kulturell organisasjon. Ma Xiangbo, studentane hans og somme av dei tilsette såg særskilt mot USA og korleis systemet fungerte der, men var altså frie i korleis dei organiserte seg. Studentane ved Fudan har historisk sett vore viktige og universitetet er framleis kjend for at særskilt dei yngste studentane heldt eit høgt nivå. For studentane har det vore stor grad av fridom og mange har vore engasjerte politisk. Dette kan ein sjå historisk ved at Ma godtok studentar som ikkje vart godtekne av andre universitet, ved deltaking i 4.mairørsla og ved at fleire var aktive og reiste på landet under Kulturrevolusjonen.

Dagens vektlegging av internasjonalisering og samarbeid med internasjonale universitet passar inn i sjølve grunntanken for Fudan. Forståinga for kva som skjer utanfor Kina kan samstundes styrke dei verdiane som har lagt i Fudan frå 1905, der ein har hatt sterk innverknad frå Frankrike. Samstundes kan ei internasjonalisering vere med på å svekke det særprega ved systemet. Det kan vere interessant å sjå på den kinesiske målsetjinga om å påverke internasjonale akademia og i kva grad kinesisk indirekte makt kan gjere seg gjeldande på verdsbasis, òg innanfor akademia på lang sikt.

Universitetet er friare enn området rundt og ein kan diskutere sensitive saker internt i større grad enn det ein kan utanfor universitet og i andre fora, noko som historisk sett er godtatt ved Fudan.

Ser ein ut frå universitetet som autonom kulturell organisasjon vil ein kunne forklare at Fudan er oppteken av å skrive vedtekter og definerer rollene til presidenten og partisekretæren klarare. Dette kan svekke Kommunistpartiet og avgrense desse to funksjonane, sjølv om det altså samsvarar med dei politiske måla. At Fudan i tillegg skal ha ein fagkomité og budsjettkomité vil gje større makt til akademia, og dermed støtte opp under Fudan som autonom kulturell organisasjon. Ikkje minst kan det at akademia sjølv skal vurdere fusk vere eit steg i retning ein autonom kulturell organisasjon der kvalitet skal vurderast av kollegiet og vere ein kjerneverdi.

Dei organisatoriske endringane samsvarar samstundes med politikken i prosjekt 211 der ein skal ”fordjupe den administrative omstruktureringa”. Endring i oppbygginga av gradstrukturen der ein skal fjerne lågare grad og bytte den ut med høgare grad, vil vere med på å heve kvaliteten og der ei skal endre opptak til doktorgradsstudier passar inn med prosjekt 985. Etersom Fudan i stor grad er kjend for høg kvalitet på studentane på lågare grad, kan det vere tenleg å satse på å heve nivået blant dei andre studentane òg. Kvalitet er eit viktig stikkord for at Fudan skal skape leiarar og verte eit universitet i verdsklasse. I tillegg vil det fjerne noko av styringa, som særskilt på journalistikk vert sett på som å vere ganske streng, slik at ein får større akademisk fridom og autonomi ved Fudan.

Oppretting av fond, som gjev andre kjelder til finansiering enn staten, samt betalande internasjonale studentar er med på å gjere Fudan friare frå staten og til i større grad velje korleis dei ønskjer å bruke midlane sine. For Fudan handlar internasjonalisering både om å heve kvaliteten og å skaffe pengar. Gjennom å satse på engelsk språk kan ein publisere noko friare enn om ein publiserer på kinesisk. Det same gjer internasjonale samarbeidsjakt som gir eit større utval for kva ein kan forske på. Dette skapar dessutan større tilgang til kapital.

Det at Fudan får finansiering både frå lokalt og sentralt hald kan gjere universitetet mindre avhengig av sentrale styresmakter, samstundes som interessene til Shanghai byråd spelar sterkare inn. Slik som kampane og usemja i Europa på 1200-talet skapte rom for institusjonell autonomi for universitetet der, kan kamp mellom ulike fraksjonar i Kommunistpartiet skape noko rom for Fudan, sjølv om det nok ikkje vil bli i tilsvarende stor grad.

Reduksjonen i talet på studentar, til trass for at staten ønskjer satsar stort på utdanning og treng fleire kandidatar med universitetsutdanning viser at Fudan har ein viss fridom til å gå i mot staten i saker som er særskilt viktige for universitetet. Dette viser òg at dei satsar på kvalitet.

Konfliktar og spenningar som kjem som resultat av den statlege politikken kan vere det som best viser Fudan som autonom kulturell organisasjon. Det at ein trekkjer inn akademikarar med internasjonal erfaring og har fleire internasjonale studentar kan gi nye maktkampar om kva som er eit godt universitet og korleis universitetet bør drivast. Akademisk fridom, plagiering og skrivemåte kan vere nokre av dei felte der ulike aktørar ved universitetet har vidt ulike syn. Universitet er til trass for sterk statleg styring og lang historie med nære band mellom kunnskapsprodusent og stat ein eigen organisasjon og leiarane har høg utdanning og

syn på kva som kan vere til beste for universitetet. Dette treng ikkje stemme med det som er til beste for staten. Historisk har Fudan vore lojale til kinesiske styresmakter og det tette bandet til staten kan vere til fordel for universitetet, men det problematiserer noko av autonomien til Fudan.

6.2.3 FUDAN SOM BEDRIFT

Fudan sin finansieringsmodell der dei er avhengige av betalande kundar og der dei må marknadsføre seg nasjonalt og internasjonalt for å få finansiering er ein måte å sjå Fudan som bedrift på. Fondet og oppbygging av alumninettverk med fokus på finansiering er som Mok skriv og som nemnt i kapittel 3.3.3 ein del av tendensen som finn stad i Asia, der fleire universitet vert regulerte på denne måten. Det inneber ein større autonomi for universitetet fordi dei kan styre noko meir sjølv. Men som Yang er inne på i 2.2.1 er det ikkje utan vidare slik at fridomen vert merkbart større så lenge staten framleis har ei tett overvaking av det som skjer. I den kinesiske konteksten handlar det likevel mykje om korleis den politiske realiteten er, slik at det i periodevis kan vere stor fridom, eller *fang*.

I organiseringa si vert Fudan meir lik ei bedrift fordi den er avhengig av å selje varene sine og tene pengar. Universitetet vert mellom anna målt gjennom ARWU og andre rangeringar. Samanslåing med Shanghai medisinske universitet, som resulterer i at Fudan kan gjere det betre på ARWU sine rangeringar er med på å endre organiseringa av Fudan og dette vert målt etter eksterne indikatorar for kva som er bra eller ikkje. Altså det ein vil kategorisere som bedrift eller målstyring.

Sosialantropologen arbeider med internasjonale studentar og underviser mykje på engelsk.. At antropologen har utdanninga si frå USA og har gode engelskkunnskapar gjer at Fudan enkelt kan selje antropologi som kurs til utanlandske studentar. Kurs i mandarin er ei anna viktig salsvare for Fudan. Det er mogleg å studere frå nokre veker til fleire år for utanlandske studentar. Fleire av intervjuobjekta mine nemner som eg har skrive i førre kapittel internasjonale studentar som ei viktig inntekt. Å setje opp kurs om sommaren er med på å auke inntektsgrunnlaget for Fudan og senke risikoen for utanlandske studentar som er usikre på om dei vil ta opp studiar i Kina for ein lengre periode. I denne samanheng passar det inn med Fudan som bedrift.

Fokus på engelsk språk generelt ved universitetet vil kunne betre resultatene på ARWU fordi rangeringa legg vekt på engelske publikasjonar. Dette vil i tillegg gjere det lettare å tiltrekke seg internasjonale studentar og gjere akademikarar og studentar betre rusta til å forske og samarbeide med internasjonale miljø, noko som viser ein klar nytte, samstundes som publiseringar på engelsk er noko friare enn på kinesisk slik at ein samstundes oppnår større autonomi. Både auka bruk av engelsk og opplæring i språket, samt sommarkurs kan føre til auka belastning og høgare kostnader på kort sikt, men ein kan sjå på det som bedriftsutvikling, eit mål om å skape eit betre produkt og særskilt sommarkursa som ein del av marknadsføringa. Engelsk språk på nettsidene og fleire engelskspråklege kurs opnar for ein større målgruppe. Det gjer det òg enklare å rekruttere internasjonalt og ta del i internasjonale samarbeidsprosjekt. Internasjonalisering er samstundes ein del av målsetjinga om å heve kvaliteten på forskinga og undervisninga ved universitetet; eller meir kompetente tilsette arbeidar meir effektivt.

Politiske målsettingar om auka behov for innovasjon kan vere med på å gje Fudan universitet større fridom, samstundes som det ligg ei klar forventning om effektivitet i dette, noko som passar inn i bedrift som organisatoriske ideal. Igjen er internasjonale samarbeidsprosjekt ein måte å styre dette på.

Ved å redusere talet på kinesiske studentar gjer ein produktet meir eksklusivt og kan til dømes ta høgare betalt, kanskje først og fremst blant dei internasjonale studentane, men sikre at kvaliteten på dei kinesiske studentane som kjem heldt eit høgt nivå. Ved samstundes å styrke kvaliteten på dei akademisk tilsette og ikkje redusere talet, vil desse kunne bruke meir tid på forskning og å publisere meir, som vert målt av ARWU.

Å setje krav til utdanningsnivået til nye akademikarar er med på å heve kvaliteten og kan sjåast på som ei form for målstyring. Samstundes kan ein få ei større standardisering til dømes med skrivestil og bruk av metode, noko som er med på å effektivisere. Somme av historiene dei internasjonale studentane fortel vitnar om at det er kvalitetsforskjell på lærarane og at det ikkje alltid ser ut til å vere klare reglar for kva som utgjer ei god oppgåve. Ved å berre ha tilsette med doktorgrad vil universitetet kunne prestere på eit jamnare nivå enn i dag. For staten (eller ARWU) vil ein kunne gå inn og kontrollere nivået ved å sjå vitnemåla til dei tilsette.

Internasjonale studentar vert i sin tur brukt som del av marknadsføringa, både nasjonalt og internasjonalt. Gode resultat frå egne studentar og tilsette vert òg brukt her for å skape eit biletet av Fudan som ein vellukka leverandør av utdanning og forskning. Det at ein har ei eiga avdeling som jobbar med å utarbeide søknader til ulike prisar passar inn i dette biletet og viser noko av fokuset Fudan har på anerkjenning.

Fudan University Education Development Foundation er ein eigen organisasjon som leverer tenester til universitetet. Dette dreiar seg om marknadsføring, nettverksbygging og innsamling av pengar. Det at organisasjonen er registrert i USA sikrar fridom frå den kinesiske stat. Samstundes er dette ein organisasjon som kan vere med på å byggje strategiske partnerskap internasjonalt. Dette kan gjere at Fudan klarar å opparbeide seg ein viss fridom mellom ulike finansieringskjelder. Alumniorganisasjonane arbeider for å styrke banda til tidlegare studentar. Finansiering er ein del av det universitet oppnår med dette, noko som gir universitetet ein noko større autonomi frå staten. Samstundes kan det tenkjast at alumniane har eigeninteresser i kva dei ønskjer å donere pengar til og korleis dei brukar sine egne ressursar til å bidra til Fudan. Det at alumniar gjer det bra og at dei kan tale Fudan si sak både nasjonalt og internasjonalt gjer at Fudan kan styrke sin posisjon, rekruttere meir internasjonalt og bygge opp omdømet sitt.

Eit av dei viktigaste produkta Fudan skal produsere er leiarar. Fudan marknadsfører seg internasjonalt og har lange tradisjonar med internasjonale studentar. I dagens samfunn er internasjonal forståing og erfaring viktige delar av det å kunne vere leiar i det kinesiske systemet. Ein må forstå og ha kontaktar i land utanfor Kina om ein skal kunne leie landet framover og nå ein del av dei politiske måla Kina har sett seg. Dette er eit punkt eg meiner høyrer heime bedrift, som verktøy for staten og kan hende både som autonom og heteronom kulturell organisasjon.

Endringa i organisering med forhandling mellom fakulteta om budsjett og studentar er ein måte å organisere seg som bedrift.

Når det gjeld ARWU legg rangeringa dessutan større vekt på realfag enn på samfunnsfag og den måler etter totale utgjeingar slik at den favoriserer store universitet. Realfag er eit viktig satsingsområde for Kina og Fudan har store utbyggingsplanar med eige universitetsområde for ingeniørfag, slik at det kan vere mogleg å klatre på rangeringane enno ei stund. Engelsk

språk og internasjonale samarbeidsprosjekt opnar òg for ein noko større fridom for kinesiske akademikarar.

6.2.4 FUDAN SOM HETERONOM KULTURELL ORGANISASJON

Styring av Fudan som ein heteronom kulturell organisasjon kan kome til syne i tilknytninga til staten og den formelle organiseringa der Kommunistpartiet står sterkt. Sett ut frå eit ideal om at ein skal ha respekt for dei lærde er det riktig at ein har eit strengt hierarki med inndeling i elite og masseuniversitet etter intellektuelle evner. Fleire av dei eg møter i løpet av datainnsamlinga mi prøver å forklare forholdet til staten. For fleire av dei som underviser i løpet av kurset er det òg ei semje med Kommunistpartiet og mykje av politikken dei fører.

Ordninga med ”ein kopp te” kan vere ein måte å lære opp studentane på. Fokuset på ideologisk opplæring passar òg inn under Fudan som ein heteronom kulturell organisasjon, sjølv om dette ikkje har vore i klassikarane, men i kommunistisk tenkesett.

Gjennom dialogar med staten er det rom for refleksjon og for at visdom og lære kjem i sentrum, begge delar viktige i konfutsianismen. Samstundes er skrivemåten framleis slik at den gøymer kritikk og mykje av det akademiske arbeidet baserer seg på at ein kopierer det andre har gjort.

Å leggje vekt på danning, refleksjon og internasjonalt samarbeid der ein skal lære av kvarandre kan høyre inn under Fudan som heteronom kulturell organisasjon. At ein tek fram att konfutsianismen som del av dette vil styrke kinesisk kultur og dermed passe best inn som heteronom kulturell organisasjon, då konfutsianismen underbyggjer heteronome verdiar. Det at staten har eit politisk mål om å auke moralsk utvikling (danning) gjennom 211 og 985 er med på å styrke dette. Ma Xiangbo og studentane var frå starten av opptekne av vestlege idear. Dei gjekk likevel ikkje heilt vekk frå dei kinesiske klassikarane. Ein gjer det same i dag. Ved å ha læra etter Mao og teori etter Deng i tillegg til at ein på nytt satsar på gamle klassikarar byggjer ein opp under moralen til studentane. I kombinasjon med at ein importerer teknologi gjennom store internasjonale samarbeidsprosjekt kan ein altså satse på økonomiske og sosiale mål og ha organisasjonar som i større grad er heteronome, noko Ma òg gjorde.

Det at Fudan vart valt til å vere eit nasjonalt eliteuniversitet, at det vart valt til å vere det viktigaste allmenne universitetet på 50-talet og at det var så engasjert i Kommunistpartiet frå

starten av, viser at det finst sterke band mellom Fudan og staten. Den politiske aktivismen med 4. mai-rørsle og Kulturrevolusjonen viser eit felles verdigrunnlag med fraksjonar av dei styrande. Det kan sjølvstund òg vise til intern maktkamp og ikkje alle fraksjonar treng vere like støttande til dei tette koplingane. Døme som at somme forelesarar ikkje bryr seg om kva dei seier, at somme oppmodar til fusk medan andre ikkje gjer det, kan vise skilnad i status. Det same kan handtering av ”vanskelege” spørsmål frå utanlandske studentar. Dei beste svara får ein ofte frå dei som er partimedlemmer og som støttar offisiell politikk, medan andre er meir unnvikande.

Meir innovasjon er ei av målsetjingane til kinesiske styresmakter, men både kulturelle og organisatoriske trekk kan stå i vegen for det. Mangel på innovasjon kan ha ei kulturell årsak og kan tenkjast å forklast godt gjennom konfutsianismen som legg vekt på respekt for det etablerte og at ein ikkje skal endre noko før ein kjenner det godt. Med eit utdanningssystem som er tufta på dei kinesiske klassikarane vil heteronomi stå sterkt blant høgare utdanningsinstitusjonar i Kina. Det er òg eit hierarki der alder og erfaring er sentralt og der ein ikkje skal opponere mot det etablerte. Fudan si formelle organisering med eit strengt hierarki kan difor passe inn i den heteronome kulturelle organisasjonen. Det same kan satsinga på å verte eit eliteuniversitet, men det kan altså gå noko mot målsettinga om å verte meir innovative.

Gjennom satsing på alumninettverk og guanxi, der studenten er venta å respektere professoren kan det vere eit mål for Fudan å styrke rolla som heteronom kulturell organisasjon. Kina er framleis eit strengt hierarkisk samfunn der sosial kontroll er viktig og som passar inn i rasjonalismen. I kinesiske akademiske tekstar vert kritikk ofte gøymt vekk og er berre ein liten del av innhaldet. Dette er òg tilfelle ved Fudan. Det at ein i verste fall kan verte fengsla eller at universitetspresidenten har kunna utvise tilsette for det akademiske arbeidet deira og ein heller ikkje har ein klageinstans kan vere faktorar som hindrar innovasjon og nytenking. Internasjonalt samarbeid skapar rom som kan vere særskilt nyttig for innovasjon og nye idear. Ved å sende akademikarar ut av landet gir ein dei fordelar og større fridom som kan auke innovasjon i kinesisk academia. I den grad academia er ein elite som sjølv har tette band til staten, er med på å styre og har stor makt, treng ikkje fridomen og fordelane dei sjølve har verte utvida til resten av samfunnet. Kunnskap og makt er tett knytt saman i Kina og konfutsianismen som det no er børsta støv av, er med på å støtte opp under dette.

Tabell 5: Organisatoriske trekk ved Fudan

Verktøy for staten - lojalitet	Autonom kulturell organisasjon - kvalitet	Bedrift - effektivitet	Heteronom kulturell organisasjon - respekt
Dialogar med og rådgjeving til staten	Stort rom for diskusjon og forskning internt	Betalande kundar i form av internasjonale studentar	Dialogar med og rådgjeving til staten
Formell organisering.	Reduksjon i talet på studentar, i strid med statlege ønskje.	Reduksjon i talet på studentar, i strid med statlege ønskje.	Plagiat og mangel på innovasjon. Skrivemåten gøymer kritikk.
Alumninettverk og fokus på strategiske partnerskap	Internasjonale samarbeidsprosjekt med andre universitet	Internasjonale rangeringar og konkurranse som ARWU	Alumninettverk og fokus på strategiske partnerskap og guanxi.
Statlege stipend	Utveksling.	Måling etter utgjevingar	Samarbeid med Kommunistpartiet frå opprettinga av folkerepublikken og under Kulturrevolusjonen. Tette band til Cai Yuanpei, Kuomintang og forretningsmenn frå perioden før dette.
Samarbeidsprosjekt og rekruttering internasjonalt.	Fond/internasjonale studentar /kundar.	Internasjonale samarbeidsprosjekt	Politisk aktivisme.
Utbetring av infrastruktur og bygningsmasse.	Endring av grader for å unngå standardiseringa på lågare grad.	Fond og alumninettverk med fokus på finansiering og strategiske partnerskap.	Moralsk (danning) og intellektuell utvikling.
Fysisk, moralsk og intellektuell utvikling.	Lang historie med internasjonalt samarbeid.	Sommarkurs for internasjonale studentar.	Tette band til staten, oppslutnad om Kommunistpartiet og statleg styresett.
Endring i struktur og samarbeid med Kommunistpartiet frå -49.	Danning.	Engelsk språk.	
Høgare rangering på ARWU	Engelsk språk.	Engelsk språk.	
Ideologisk opplæring.	Vedtekter, fagkomité og budsjettkomité, definisjon av rollene til presidenten og partisekretæren.	Internasjonal rekruttering.	
Teknologisk, sosial og økonomisk utvikling.	Antropologi som fag.	Antropologi og mandarin som fag.	
Utveksling.	Studentane er sentrale og har høgt nivå.	Marknadsføring av gode resultat, internasjonale studentar eller viktige politiske leiingar.	
Internasjonale studentar - med fokus på kinesisk kultur og språk.	Ope og innovativt pensum frå 1905.	Produsere leiingar.	
Fakultet for journalistikk.	4. mai-rørsla.		
Lov om universitet, 1929.			

7 KONKLUSJON

I dette kapitlet vil eg gå gjennom problemstillinga som eg presenterte i kapittel 2.1. Eg har delt første del av kapitlet inn i tre underkapittel, der kvar del svarar på ein del av problemstillinga. Til sist vil eg oppsummere.

7.1 SVAR PÅ PROBLEMSTILLING

7.1.1 KVA VERDIAR OG ORGANISASJONSFORMER KJENNETEIKNAR FUDAN?

Det høgare utdanningssystemet i Kina har vore tufta på heteronome verdiar. Konfutsianismen har vore ein sentral del av utdanningsinstitusjonane som kultur, men banda mellom kunnskap og makt har vore så sterke at det nok vil vere mest tenleg å kategorisere dei som eit verktøy for staten og at det er rasjonalismen som er det normative idealet som best skildrar det kinesiske meritokratiet og det kinesiske utdanningssystemet. I kombinasjon med konfutsianismen gir det eit godt innblikk i korleis det kinesiske systemet har vore. Fudan var på si side grunnlagd på andre premisser.

Frå brotet med den franske kyrkja var den autonome kulturelle organisasjonen som sjølv måtte skaffe finansiering gjennom sine nettverk sentral. Inspirasjon frå Vesten, både i fagval og tenkjemåte var grunnleggjande frå starten, og vektlegginga av kinesiske klassikarar var inspirert av engelsk fokus på sine klassikarar. Studentane var det berande elementet i organisasjonen og det var deira innsats som fekk den til å overleve. Gjennom å opne for ei brei rekruttering av studentar og ved at studentane vart sentrale for framdrifta fekk ein òg sjølvstende. Samanlikna med institusjonar som ikkje var like prega av studentane sine ønskje var kvaliteten likevel dårlegare, og sett frå organisasjonsidealet om universitetet som ein autonom kulturell organisasjon burde kvalitet vere i fokus. Det politiske og det sosiale vart derimot tillagt større vekt. Det normative idealet for kva eit universitet skal vere var på starten av 1900-talet sterkt prega av kultur heller enn nytte og diskusjonar og retorikk var i fokus.

For Fudan har fokuset på autonomi periodevis vore noko sterkare, særskilt frå starten. Politisk opposisjon var viktig i ein tidleg fase og politisk engasjement har vore viktig heile vegen. Det at ein klarte seg utan ei overordna makt var grunnlaget for oppstarten. Universitetet ser likevel ut til å velje ei pragmatisk tilnærming og har historisk vist ei evne til å knyte band til viktige politiske krefter utanfor eigen organisasjon. Slik kan ein òg sjå på overgangen frå privat til

offentleg universitet. I dagens situasjonen er det framleis tenleg for Fudan å ha tette band til staten, fordi det sikrar finansiering, fridom og større politisk påverknad frå universitetet.

Inspirasjonen frå vestlege universitet kan ha vore med på å styrke det autonome idealet. Samstundes kan ein med stor vektlegging av klassiske kinesiske tekstar trekkje linjene noko nærare det heteronome universitetet og konfutsianismen, sjølv om oppstarten i stor grad ber preg av sjølvstende og opprør mot det etablerte. Kooperativet ved Fudan har samstundes trekk av bedrift som måte å finansiere drifta på og inspirasjonen frå USA handla dels om nytte, særskilt når studentane dreiv bedrifta som del av undervisninga. Når det gjeld det akademiske innhaldet vil eg plassere det nærare det autonome, med kultur som ei viktig drivkraft for kunnskapsproduksjon. Fordi mykje av inspirasjonen var frå USA, der det var eit langt større fokus på det praktiske og på nytte, kan ein likevel ikkje kan sjå heilt vekk frå funksjonalismen og universitetet som bedrift i den tidlege fasen.

4. mai-rørsla var aktiv ved Fudan. Denne var i opposisjon til det etablerte og danna seinare grunnlaget for Kommunistpartiet. Fudan knytte seg tettare til Kommunistpartiet då Folkerepublikken Kina vart grunnlagt og Kommunistpartiet er framleis synleg i dei formelle strukturane og i undervisninga elles. Rørsla var i motsetning til Ma og Cai sine ideal sterkt i mot det vestlege. Frå 1949 gjekk ein òg bort frå det opne, innovative og autonome og satsa på spesialisering i staden, slik at Fudan mista er rekkje av faga si og spesialiserte seg i journalistikk.

I dag har Fudan ei rekkje mål som stemmer med kinesisk politikk. Så mange sentrale trekk er samanfallande at det kjem eit klart bilete av Fudan sin kunnskapsproduksjon som nytte og heteronom i det universitetet utfører staten sin politikk. Dei formelle strukturane og tilsette med tilknytning til partiet gjer at rasjonalismen heilt klart er ein av verdiane som finst ved universitetet i dag. Særskilt gjeld dette dei som er nærast knytt opp til partiet og som står for den offisielle politikken. Etersom kinesisk kunnskapsproduksjon er sentralstyrt og mykje av finansieringa kjem frå staten er det mest naturleg å konkludere med at det er lite autonomt. Dette stemmer likevel ikkje med alle empiriske fakta. Dette kan anten gjere at autonomien reint faktisk er stor eller at heteronomi og ei introvert sanningssøking er meir naturleg for ein del kinesiske akademikarar. Det er dette som er avgjerande for plasseringa langs aksen autonomi- heteronomi og med det om kunnskapssynet kjem nærast rasjonalismen eller funksjonalismen. Samstundes har Fudan gode nettverk og dei kan bruke desse til å skape den fridomen dei treng og klare å påverke i nokre av dei sakene som er viktige for dei. Det å skape

framtidige leiarar er viktig for Fudan, både med tanke på at mange returnerer til universitetet etter ei tid, at dei kan gi donasjonar eller andre fordelar for universitetet.

Mange av dei organisatoriske endringane som skjer ved Fudan i dag går mot eit meir autonomt universitet, der dei sjølve må skaffe finansiering og der staten har store krav til kva dei skal oppnå. Slik kan ein altså seie at Fudan i stor grad går over til å fungere som ei bedrift, men at dette er i staten si interesse og at staten er ei drivkraft for endringa. Samstundes er fokuset på danning og moralsk utvikling ei styrking av dei heteronome verdiane, men då med fokus på kultur heller enn nytte.

For dei normative ideala for kva eit universitet skal gjere, er det blanda tilbakemeldingar frå respondentane mine og i den deltakingande observasjonen. Banda til staten er sterke og det vil ikkje utan vidare vere tenleg for Fudan å bryte desse, iallfall ikkje så lenge dei er rekna blant dei aller beste i Kina og har gode kontaktar til lokale og sentrale styresmakter. Det er ein aksept for at Fudan utfører ein del oppgåver for staten. Det som skjer ved Fudan er i stor grad samanfallande med offentleg kinesisk politikk, slik at det er umogleg å gå heilt vekk frå denne. Ser ein på tabell 2 med oversikta over dei konfutsianske verdiane kan det forklare kvifor det er så vanskeleg å sjå skiljelinene mellom rasjonalismen og konfutsianismen i Kina. Kunnskap og makt er så tett knytt saman, at det er veldig vanskeleg å definere kva som er kva. Ruth Hayhoe sin påstand om at linjene mellom statsmakta og den intellektuelle fridomen er uklare kan svare på vanskanen eg har med å plassere ulike trekk i ein kategori, men at ganske mange av dei kan forklarast med nesten alle. Fudan og staten har samanfallande interesser på ei rekkje område og sett ut frå kinesiske historie er det naturleg at ein satsar på høgare utdanning. For den delen av Fudan som ikkje støttar opp om dei politiske måla, kan det gjere at dei framleis vil oppleve ei sterk grad av kontroll.

7.1.2 KORLEIS PÅVERKAR POLITISKE ENDRINGAR FUDAN?

Tida frå 1905 til i dag har vore turbulent for Kina og det har vore fleire store politiske endringar i landet. Overgangen til republikk i 1911, 4. mai-rørsla i 1919, Folkerepublikken Kina i 1949, Kulturrevolusjonen frå 1966-76 og open dørs politikk frå 1979. Universitetet er ein del av tendensane i samtida, der fleire lærde såg mot Vesten. Fudan er eit av dei få kinesiske universiteta som har overlevd heile denne perioden og som samstundes har vore ein av aktørane i utviklinga. Universitetet ser ut til å leve godt med politiske endringar og

tilpassar seg det politiske regimet som til ei kvar tid dominerer. Koplingar mellom handelsmenn i Shanghai og studentane ved Fudan, der Fudan allereie i 1917 hadde starta handelshøgskule kan ha lagt grunnlaget for den sterke effekten av 4. mai-rørsla i Shanghai. Det gjer òg at Fudan kan oppnå ei breiare støtte enn berre frå dei politiske kreftene, sjølv om dei på starten av førre hundreåret var i opposisjon til det etablerte.

Nettverk og kontaktar med forretningsmenn og politiske aktørar vitnar samstundes om ein vilje til vekst og forståing for at universitetet var avhengig av desse for å overleve. Kan hende var viljen til å overleve så stor at universitetet har inngått kompromiss som var langt frå grunntanken til Ma. Overgangen i 1929 til universitetslova og frå å vere eit privat universitet kan vise engasjement og at sentrale aktørar ved Fudan trudde på eit heteronomt universitet som skulle fungere delvis som eit verktøy for staten og kanskje følte ein at utviklinga eller brotet frå den dominerande kulturen hadde gått for langt. Alternativt kan det har vore ein naturleg del av endringane som dei sjølve var pådrivarar for og som difor ikkje vart oppfatta som særskilt styrt, men at universitetet framleis var ein stad der dei kan fordjupe seg i eige arbeid. Sidan Fudan var sentral i 4. mai-rørsla og den intellektuelle opposisjonen som starta Kommunistpartiet, er ikkje dette eit utenkeleg alternativ. Ei anna forklaring kan vere at Fudan såg nytten av å ha tettare band til styresmaktene, nettopp fordi det opnar for andre kjelder til finansiering. Slik vil ein ha mista noko av fridomen, men bruke mindre tid på å skaffe inntekter. Konflikten med den franske kyrkja og revolusjonen i 1911 innebar dessutan økonomiske tap som gjorde organisasjonen sårbar, slik at studentane gjorde det dei måtte for å overleve.

211 og 985 er politiske prosjekt som femnar vidt og handlar om opprustning og styrking av universitetssektoren som del av den økonomiske og teknologiske utviklinga i landet og som Fudan er ein del av, som eg har gått gjennom i kapittel 2 og 5. Fudan er eit av dei viktige universiteta i Kina, til trass for at dei hadde nære band til firarbanden, som kom ut av Kulturrevolusjonen som tapande part. Politikken i 211 og 985 vert i stor grad følgt opp av Fudan. Sjølv om mykje av politikken heilt klart er med på å styrke universitetet sitt omdømme, kvalitet og status og i så måte i Fudan si interesse, er det heilt klart at Fudan fungerer som eit verktøy for staten. Sjølv om dette fell saman med eigeninteressene til Fudan, noko som kan vise tette band og politisk gjennomslag frå Fudan si side, ser Fudan ut til å verte påverka av endringane i det politiske systemet, men dei har ei pragmatisk evne til å

knytte dei riktige banda og ikkje berre å overleve dei endringane som kjem, men til og med til å styrke si eiga rolle.

Opning for internasjonalisering og ein finansieringsmodell som krev nye inntektskjelder kan passe godt for ein organisasjon som har hatt inspirasjon frå Vesten og har måtta stå for si eiga finansiering frå starten av. Fudan har ein viss fridom, men er samstundes avhengig av gode forhold til staten. Universitetet er gjennom alumniorganisasjonane og det tradisjonelle kinesiske guanxi opptekne av å ha gode forhold til tidlegare studentar, nettopp fordi dei kan returnere til universitetet for å arbeide, tale Fudan si sak i ulike fora eller bidra med midlar. Det er heller ikkje utenkjeleg at Fudan er ein pådrivar bak dei politiske endringane, utan at eg har undersøkt dette. Ved å skape leiarar og ved å ha sterke band til styresmaktene er Fudan i stand til å styrke sin eigen posisjon, sjølv om dei i stor grad har vorte påverka av politiske endringar, gjennom overgangen frå privat til offentleg, tilknyttinga til Folkerepublikken Kina, stenginga av universitetet under Kulturrevolusjonen og Wang Huning som var sentral under Jiang Zemin. Det gjer at organisasjonsformer endrar seg og at noko av verdigrunnlaget vert prega, men universitetet ser ut til å ha ei sterk vilje til å overleve, og det er kan hende den verdien som pregar universitetet mest. Slik sett kan ein vel seie at Fudan er kooptert inn i det særprega systemet der makt og kunnskap var knytt tett saman og som mange av studentane ved grunnlegginga protesterte så sterkt mot. Kanskje viser det òg kor vanskeleg det er å endre systemet og at dei dominerande kulturelle trekka ikkje forsvinn, men at ein snarare vert ein del av dei.

7.1.3 KVIFOR ØNSKJER FUDAN Å KONKURRERE PÅ VERDSBASIS OG AUKE INTERNASJONALISERINGA?

Internasjonalisering er ein naturleg del av historia til Fudan. Universitetet er tufta på verdiar som ligg ein stad mellom det kinesiske og det vestlege. Dette treng ikkje vere konfliktylt ved Fudan, men ei forventning om at utveksling er til gode for både universitet og for samfunnet elles, ved å undervise og studere kjem ein langt saman. Det at ein i dag går noko tilbake til danning og satsar på internasjonal utveksling og internasjonale samarbeidsprosjekt kan tolkast som å gå tilbake til røtene. Fudan har fleire viktige personar i historia si som har erfaring frå amerikanske universitet, slik at det ikkje er unaturleg at dei ser mot USA. For akademikarane

sjølve kan det vere ein klar verdi for å utvikle og styrke si eiga rolle som akademikarar, tett opp mot universitetet som kultur.

Staten stod før for all finansieringa, men har endra dette slik at Fudan må finne nye måtar å finansiere drifta si på. Sidan Fudan òg har hatt internasjonalt samarbeid og utveksling som ein sentral del av utviklinga si, er det i samsvar med Fudan sine interesser at staten styrkar dette og at dei sjølv får friare spelerom til å både undervise, delta i internasjonale prosjekt og ta seg betalt av internasjonale studentar. Sidan så mykje av finansiering til Fudan er kjem frå krefter utanfrå Kina, som internasjonale forskingsprosjekt og studentar og fond, er internasjonalisering viktig for å heve kvaliteten ved Fudan. Det at fleire akademikarar ved universitetet har bakgrunnen sin frå eit utanlandsk universitet kan styrke desse interessene.

Styrking av Fudan sine relasjonar opp mot staten kan vere eit mål frå Fudan si side, fordi universitetet er forventa å vere lojalt til staten, kan det vere tenleg å utføre somme oppgåver primært for å styrke bandet til staten. Universitetet, kanskje særskild leiinga, kan i tillegg ha eigeninteresser i å ha nære band til den kinesiske stat og gjennom nettverka der og egne nettverk internasjonalt kunne påverke både nasjonal og kan hende internasjonal politikk på lang sikt. Ser ein Fudan si satsing på internasjonale studentar og internasjonal utveksling saman med kinesisk utøving av indirekte makt internasjonalt, kan Fudan vere ein av dei viktigaste aktørane Kina har. Satsinga på å skape leiarar for framtida og auke internasjonal utveksling passar godt saman med utanrikspolitikken Kina fører og måten dei arbeider for å påverke ikkje berre universitetssektoren, men òg sin eigen posisjon og rolle internasjonalt.

For akademikarane som underviser og forskar ved Fudan opnar internasjonalisering for nye impulsar, eiga læring og høve til internasjonalt samarbeid eller forskingsprosjekt som er godt finansierte. Desse prosjekta kan opne for ein større akademisk fridom enn reine kinesiske prosjekt. Internasjonalisering er med på å auke finansieringa til universitetet, den styrkar det akademiske arbeidet, kan gi større økonomisk og akademisk fridom, gir nye faglege impulsar og utfordringar. Dette er òg med på å gjere universitetet friare frå staten og i betre stand til å starte kurs som ikkje er pålagde og som ikkje er sentralstyrte. Målet om å skape leiarar kan gjelde både i Kina og internasjonalt, noko som igjen kan styrke Fudan sin posisjon endå meir.

Styrken i internasjonaliseringa må vere at det både er i staten si interesse og akademikarane sjølve, mellom anna med tanke på akademisk fridom, slik at det i utgangspunktet ikkje kan vere store konflikhtar om auken i internasjonalisering.

7.2 AVSLUTNING

Dei teoretiske tilnærmingane er alle med på å forklare trekk ved Fudan og det kinesiske universitetssystemet. Til trass for at eg sjølv heller mest mot den rasjonalistiske forklaringsmodellen for Kina og meiner den framhevar maktstrukturane og maktkampen betre enn dei andre teoriane, vert den litt for snever i at den ikkje tek omsyn til kulturelle verdiar og heller ikkje nylege politiske endringar som går mot ein meir marknadsretta måte å styre universiteta på. Ved å bruke fire ulike tilnærmingar meiner eg å ha fått fram eit meir nyansert bilete av Fudan og korleis delar av den kinesiske utdanningspolitikken fungerer.

Konkurranse mellom dei tyske universiteta tidleg i europeisk historie var mykje av forklaringa på suksessen deira, på same måte som amerikanske universitet har vorte rekna som dei mest vellukka det siste hundreåret. Difor er det ikkje urimeleg at konkurranse, som til dømes gjennom ARWU og marknadsmekanismar er den kinesiske taktikken for å skape universitet i verdsklasse. At Kommunistpartiet ikkje kan kritisere ope av kinesiske akademikarar treng ikkje vere til hinder for at universiteta deira klarar å kome høgare opp på internasjonale rangeringar så lenge somme akademikarar er einige med dei og dei klarar å fokusere på tekniske fag. Lojalitet frå universiteta og ein periode der *fang* dominerer kan gjere det akademiske arbeidet lettare.

Tette band og samanfallande interesser mellom kunnskap og makt gjer at det er mange felles interesser mellom Fudan og Kommunistpartiet. Gjennom tiaokuai kan Fudan arbeide med ulike fraksjonar i partiet og skape støtte lokalt eller sentralt alt etter kva som er mogleg og tenleg i den einskilde sak. Samstundes ligg det strenge føringar i desse forholda. Dei normative ideala for kva eit universitet skal gjere er ikkje utan vidare endra, sjølv om internasjonalisering og ein ny finansieringsmodell endrar måten universitetet er styrt på og kan påverke straumen av nye idear. Kollektivet og forholdet til staten står sterkt. Danning og refleksjon er framleis viktig for morgondagens kinesiske leiarar, men om dei er meir autonome er usikkert.

For Fudan er auka internasjonalisering ein måte å heve kvaliteten på forskning og undervisning på, auke inntekta, styrke eigen posisjon inn mot staten og få større autonomi. Konkurranse på verdsbasis vil styrke posisjonen ytterlegare, både med tanke på inntekter, indirekte makt, forståing for kinesiske verdiar verda ogver, nettverk og kvalitet på det vitskaplege arbeidet.

Det at fleire trekk ved Fudan er meir som ei bedrift treng ikkje innebære at forholdet til staten vert svekka. Så lenge det er i Fudan si interesse å oppretthalde sterke band til denne er det truleg at interne aktørar som ønskjer eit meir autonomt og sjølvstendig universitet vil tape, sjølv om finansieringa og delar av organiseringa er i ferd med å gje Fudan større autonomi. I så fall må det vere så sterke økonomiske insentiv andre stader at det er naturleg for størstparten av akademia å ønskje det. Den kinesiske stat er så sterk at det vanskeleg kan tenkjast at eit brot med denne er tenleg eller mogleg i nær framtid og Fudan vert i stor grad påverka av, og kan vere pådrivar for, politiske endringar i Kina.

Det finst trekk av alle dei fire normative ideala så vel som dei organisatoriske ideala ved Fudan, sjølv om dei organisatoriske altså går mot bedrift. Det at Fudan ser mot Vesten for å lære er ikkje noko nytt, men har inspirert universitetet sidan oppstarten. Satsinga på konfutsianismen er heller ikkje ny. Eller så er kommentaren frå internasjonalt diplomati den mest dekkjande til å skildre verdiane til Fudan. Universitetet har først og fremst ei pragmatisk haldning. Fudan har vist vilje og evne til å overleve og verte sterkt i løpet av dei første 100 åra, og det er kanskje eit av dei viktigaste fellestrekkka det har med det europeiske universitetet.

8 LITTERATURLISTE

- Altbach, P., 2001. *Academic freedom: International realities and challenges*. Netherlands: Kluwer Academic Publisher.
- Altbach, P. G., 2004. Globalisation and the University: Myths and Realities in an Unequal World. *Tertiary Education and Management*, 10:1, pp. 3-25. Tilgang: 30.04.12 <http://dx.doi.org/10.1080/13583883.2004.9967114>
- Ben-David, J., 1991. Universities and Academic Systems in Modern Societies. In: *Scientific growth. Essays on the Social Organizations and Ethos of Science*. Oxford, England: University of California Press, p. Kap 1.
- Bleiklie, I., 1998. Justifying the Evaluative State. *European Journal of Education*, Vol 33 No 3. Tilgang: 15.11.10 <http://www.jstor.org/stable/1503585>
- Bleiklie, I. & Byrkjeflot, H., 2002. Changing knowledge regimes: Universities in a new research environment. *Særtrykk nr 12. Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap*.
- Bleiklie, I. & Kogan, M., 2006. Comparison and Theories. In: M. Kogan, M. Henkel, M. Bauer & I. Bleiklie, eds. *Transforming Higher Education: A Comparative Study*. Dordrecht, Nederland: Springer, pp. 3-22.
- Chen, H., 2010. *Toward General Education in Higher Education: Chinese Model*. s.l., s.n. Paper utdelt på konferanse
- Chen, H. J., Shen, W. & Cai, L., 2012. Toward General Education in the Global University: The Chinese Model. In: A. R. Nelson & I. P. Wei, eds. *The Global University*. New York: Palgrave Macmillan, pp. 177-187. Medforfatters kopi
- Chesneaux, J., Le Barbier, F. & Bergère, M.-C., 1977. *China from the 1911 Revolution to Liberation*. Hassocks: The Harvester Press.
- Clark, B. R., 1972. The Organizational Saga in Higher Education. *Administrative Science Quarterly*, Vol. 17 No. 2, Jun., pp. 178-184. Lasta ned 02.12.12 <http://www.jstor.org/stable/10.2307/2393952>.
- Clark, W., 2006. *Academic Charisma and the Origins of the Research University*. Chicago and London: The University of Chicago Press.
- Dehon, C., McCathie, A. & Verardi, V., 2009. Uncovering excellence in academic rankings: a closer look at the Shanghai ranking. *Scientometrics*, 25 Mars, pp. 515-524. Tilgang: 08.04.12 DOI 10.1007/s11192-009-0076-0
- Dill, D. D. & Sporn, B., 1995. The Implications of a Postindustrial Environment. In: *Emerging Patterns of Social Demand and University Reform*. s.l.:Redwood Books.
- Evasdottir, E. E., 2004. *Obedient Autonomy: Chinese Intellectuals and the Achievement of Orderly Life*. 1. ed. Vancouver: UBC Press. Tilgang: 17.11.2012 http://www.google.no/books?hl=en&lr=&id=H3is2aQpzl8C&oi=fnd&pg=PR8&dq=obedient+autonomy&ots=EY6WHn5PI6&sig=6Jcr6olB5hr0pi0pnrwi5E1J9D4&redir_esc=y
- Fangen, K., 2005. *Deltagande observation*. Malmø: Liber.
- Flyvebjerg, B., 2006. Five Misunderstandings about Case-Study Research. *Qualitative Inquiry*, 2, pp. 219-242.
- Fudan universitet, 2011. *Fudan daxue gaikuang 2010-2011*, Shanghai: Fudan universitet.
- Gold, T. B., 1990. The Resurgence of Civil Society in China. *Journal of Democracy*, Vinter, pp. 18-31.

- Goodman, D. S., 1994. *Deng Xiaoping and the Chinese Revolution : a political biography*. 1. ed. London: Routledge.
- Gore, J. L., 1999. The Communist Legacy in Post-Mao Economic Growth. *The China Journal*, No 41 Januar, pp. 25-54. Tilgang: 03.12.12
<http://www.jstor.org/discover/10.2307/2667586?uid=3738744&uid=2&uid=4&sid=21101395047253>
- Grønmo, S., 2004. *Samfunnsvitenskaplige metoder*. s.l.:Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Hayhoe, R., 1983. Towards the Forging of a Chinese University Ethos; Zhendan and Fudan 1903-1919. *The China Quarterly*, juni, pp. 323-341. Tilgang: 01.05.12 <http://www.jstor.org/stable/653885>
- Hayhoe, R., 1989. *China's Universities and the Open Door Policy*. Armonk, New York and London, England: M.E. Sharpe Inc..
- Hayhoe, R., 1996. *China's Universities 1895-1995 - A Century of Cultural Conflict*.. London and New York: Garland Publishing Inc..
- Hayhoe, R. & Liu, J., 2011. China's Universities, Cross-Border Education, and Dialogue among Civilizations. In: D. W. Chapman, W. K. Cummings & G. A. Postiglione, eds. *Crossing Borders in East Asian Higher Education*. Nederland: Springer, pp. 77-100. Tilgang: 23.03.12 <http://www.springerlink.com/content/jw353749185m3582/>
- Hayhoe, R. & Zha, Q., 2006. China. I: J. J. Forest & P. G. Altbach, red. *International Handbook of Higher Education*. Dordrecht, Nederland: Springer, pp. 667-691. Tilgang: 23.03.12
<http://www.springerlink.com/content/p8347r9005760156/fulltext.pdf>
- Huang, Y. & Ding, S., 2006. Dragon's Underbelly: An Analysis of China's Soft Power. *East Asia*, Volume 23, Issue 4, Vinter, pp. 22-44. Tilgang: 22.10.12 <http://link.springer.com/article/10.1007%2FBF03179658?LI=true>
- Jakobson, L., 2007. China Aims High in Science and Technology - An Overview of the Challenges Ahead. In: *Innovation with Chinese Characteristics. High-Tech Research in China*. Basingstoke: Palgrave Macmillan, p. Kap 1.
- Jamil, S., 2009. The Challenge of Establishing World-Class Research Universities in Developing Countries. In: L. E. Weber & J. J. Duderstadt, eds. *University Research for Innovation*. London, Paris, Geneve: Economica Ltd, 2010, pp. 271-286. Tilgang: 26.07.12
http://www.glion.org/pdf_livres/g10_University_research_for_innovation.pdf#page=304
- Jin, Li & Rousseau, 2004. Long-Term Influences of Interventions in the Normal Development of Science: China and the Cultural Revolution. *Journal of the American Society for Information Science and Technology*.
- Keohane, R., Verba, S. & King, G., 1994. *Designing Social Inquiry*. s.l.:Princeton University Press.
- Kvale, S., 2008. *Det kvalitative forskningsintervju*. s.l.:Gyldendal akademisk 11. opplag.
- Law, W.-W., 1996. Fortress State, Cultural Continuities and Economic Change: Higher Education in Mainland. *Comparative Education*, Vol. 32, No. 3 November, pp. 377-393. Lasta ned 13.10.11
<http://www.jstor.org/stable/3099813> .
- Li, C., 2009. China's New Think Tanks: Where Officials, Entrepreneurs, and Scholars Interact. *China Leadership Monitor*, No 29, pp. 1-21. Tilgang: 13.10.11 media.hoover.org/documents/CLM29CL.pdf

- Liu, N. C., Liu, L., Cheng, Y. & Wan, T. T., 2003. 985 Project' Narrows Down the Gap between Chinese Top Universities and Other World-Class Universities. *Liu, N. C., L. Liu, Y. Cheng, and T. T. Wan. "985 Project' Narrows Down the Gap between Chinese Top Univer Chinese.] Chinese Higher Education* , 17, pp. 22-24.
- Li, Y., Walley, J., Zhang, S. & Zhao, X., 2008. The Higher Educational Transformation of China and its Global Implications. *NBER Working Paper Series*. Tilgang: 09.09.12 <http://www.nber.org/papers/w13849>
- Ma, W.-h., 2003. Economic Reform and Higher Education in China. *CIDE Occasional Papers Series: Higher Education*, CIDE Contributions No. 2. Tilgang: 20.02.11 <http://www.gseis.ucla.edu/cide/publications.php>
- Mertha, A. C., 2005. China's "Soft" Centralization: Shifting Tiao/Kuai Authority Relations. *The China Quarterly*, pp. 791-810. Tilgang: 18.10.11
<http://journals.cambridge.org/pva.uib.no/action/displayFulltext?type=1&fid=358801&jid=CQY&volumeId=184&issueId=-1&aid=358800&bodyId=&membershipNumber=&societyETOCSession=>
- Min, W., 2004. The Legacy of the Past and the Context of the Future. In: *Asian Universities - Historical Perspectives and Contemporary Challenges*. Baltimore & London: The Johns Hopkins University Press, pp. 53-84.
- Mok, K. H., 2010. *Global Imaginings and Strategizing for World-class Status: New Modes of Higher Education Governance and the Emergence of Regulatory Regionalism in East Asia*. s.l., s.n. Paper utdelt på konferanse
- Mok, K. H., 2012. Global Aspirations and Strategizing for World-Class Status: New Modes of Higher-Education Governance and the Emergence of Regulatory Regionalism in East Asia. In: A. R. Nelson & I. P. Wei, eds. *The Global University*. New York: Palgrave Macmillan, pp. 25-53. Medforfattars kopi
- Mok, K. H. & Chan, Y., 2008. International Benchmarking with the Best Universities. *Higher Education Policy*, No 21, pp. 469-486. Tilgang: 03.12.12 <http://www.palgrave-journals.com/hep/journal/v21/n4/abs/hep200821a.html>
- Musselin, C., 1997. State/University Relations and How to Change Them. *European Journal of Education*, No 2 Evaluation and Quality in Higher Education Vol 32. Tilgang: 23.02.11 <http://www.jstor.org/stable/150354>
- Nakamura, H., 1968. *Ways of Thinking of Eastern Peoples: India - China - Tibet - Japan*. USA: East West Center Press Third Printing.
- Nakayama, S., 1984. *Academic and Scientific Traditions in China, Japan and the West*.. Tokys: University of Tokyo Press.
- Nelson, A. R., 2012. Introduction. In: A. R. Nelson & I. P. Wei, eds. *The Global University*. New York: Palgrave Macmillan, pp. 1-21. Medforfattars kopi
- Ngok, K. & Guo, W., 2008. The Quest for World Class Universities in China:. *Policy Futures in Education*, No 5 Volume 6, pp. 545-557. Tilgang: 19.09.12 <http://dx.doi.org/10.2304/pfie.2008.6.5.545>
- Pan, S.-Y., 2006. Economic globalization, politico-cultural identity and university autonomy: the struggle of Tsinghua University in China. *Journal of Education Policy*, 21: 3, p. 245 — 266. Tilgang: 06.06.11
<http://www.informaworld.com/smpp/title~content=t713693402>
- Pan, S. Y., 2007. Intertwining of Academia and Officialdom and University Autonomy: Experience from Tsinghua University in China. *Higher Education Policy*, 20, p. 121–144 Tilgang: 06.06.11
doi:10.1057/palgrave.hep.8300149.

- Perkin, H., 2006. History of Universities. In: *International Handbook of Higher Education*. s.l.:s.n. Tilgang: 04.11.12 <http://www.springerlink.com/content/h7w23551240r3674/fulltext.pdf>
- Rongen, O., 1999. *Middelvegen og Den store læra. To klassiske konfutsianske tekstar..* s.l.:Det Norske Samlaget.
- Sartori, G., 1970. Concept Misformation in Comparative Politics. *The American Political Science Review*, Vol 64, No 4 Desember, pp. 1033-53. Tilgang: 01.12.12 <http://links.jstor.org/sici?sici=0003-0554%28197012%2964%3A4%3C1033%3ACMICP%3E2.0.CO%3B2-A>
- Solinger, D. J., 2006. Interviewing chinese People: From High-level Officials to the Unemployed. In: M. Heimer & S. Thøgersen, eds. *Doing Fieldwork in China*. s.l.:University of Hawaii Press.
- Taylor, C., 1985. "Social Theory as Practice" og "Understanding and Ethnocentricity" kap 3 og 4 i *Philosophy and the Human Sciences..* Cambridge: Cambridge University Press.
- Wang, Q. H., Wang, Q. & Liu, N. C., 2011. Building World-Class Universities in China: Shanghai Jiao Tong University. In: P. G. Altbach & J. Salmi, eds. *The Road to Academic Excellence: The Making of World-Class Research Universities*. Washington D.C.: The World Bank, pp. 33-52. Tilgang: 19.11.12 http://www.google.no/books?hl=en&lr=&id=NA8zvn-zoMEC&oi=fnd&pg=PT76&dq=academic+excellence+china+211+985+wang+wang+liu&ots=oVdfHEXcf8&sig=IQ0Wdlv8tG0Kh7YjpT8sMlvbS8Q&redir_esc=y#v=onepage&q&f=false
- Wang, X., 2010. *Higher Education as a Field of Study in China - Defining Knowledge and Curriculum Structure*. Tilgang: 02.12.12 http://www.google.no/books?hl=en&lr=&id=ZWZcl36avEQC&oi=fnd&pg=PR7&dq=Higher+Education+as+a+Field+of+Study+in+China+-+Defining+Knowledge+and+Curriculum+Structure&ots=b89QpSSg5q&sig=eqv6eKysSRM328DWT2PLefKHrwl&redir_esc=y ed. Plymouth: Lexington books.
- Wittrock, B., 1993. The ironies of university history. In: S. Rohtblatt & B. Wittrock, eds. *The European and American university since 1800. Historical and sociological essays*. Cambridge: University Press, pp. 303-362.
- Xu, X. & Xue, S., 2012. The Changing Role of the Academic: Historical and Comparative Perspectives. In: A. R. Nelson & I. P. Wei, eds. *The Global University*. New York: Palgrave Macmillan, pp. 153-173. Medforfatters kopi.
- Yang, R., 2011. Self and the other in the Confucian cultural context: Implications of China's higher education development for comparative studies. *International Review of Education*, 11. August, pp. 337-355. Tilgang: 16.11.11 DOI 10.1007/s11159-011-9208-x
- Yang, R., Vidovich, L. & Currie, J., 2007. "Dancing in a Cage": Changing Autonomy in Chinese Higher Education. *Higher Education*, Vol. 54, No. 4 Oktober, pp. 575-592. Tilgang: 05.03.12 <http://www.jstor.org/stable/29735132>
- Yin, R. K., 1989. *Case Study Research. Design and Methods*. 2nd ed. Newbury Park: Sage.
- Yin, R. K., 2003. *Case Study Research. Design and Methods*. 3rd edition ed. s.l.:SAGE Publications.
- Yin, R. K., 2009. *Case Study Research. Design and Methods*. s.l.:SAGE Publications 4th edition.
- Yoder, B., 2006. *Globalization of Higher Education in Eight Chinese Universities: Incorporation of and Strategic Responses to World Culture*. 1. ed. Pittsburgh: University of Pittsburgh. Tilgang: 17.11.11 <http://www.gime.dufe.edu.cn:8001/jecresearch/UserFiles/files/20110325144058551.pdf>

Yoder, B., 2011. Adaption of Globally Held Ideas about Research in China's Universities. In: D. W. Chapman, W. K. Cummings & G. A. Postiglione, eds. *Crossing Borders in East Asian Higher Education*. Nederland: Springer , pp. 103-126. Tilgang: 23.02.12 http://link.springer.com/chapter/10.1007%2F978-94-007-0446-6_5?LI=true

Zhong, N. & Hayhoe, R., 2001. University Autonomy in Twentieth Century China. In: G. Peterson, R. Hayhoe & Y. Lu, eds. *Education, Culture & Identity in Twentieth Century China*. Michigan: Ann Arbor, The University of Michigan Press.

Zhou, J., 2006. *Higher Education in China*. Singapore: Thomson.

ⁱ <http://www.shanghairanking.com/ARWU-2012-Press-Release.html> 10/10-12

ⁱⁱ <http://fudan.edu.cn/englishnew/about/history.html> 8/4-12

ⁱⁱⁱ <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/about/formadmin.html> 26/11-12

^{iv} <http://fudan.edu.cn/englishnew/about/preadmin.html> 26/11-12

^v <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/about/formadmin.html> 26/11-12

-
- ^{vi} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/about/liaison.html> 28/8-12.
- ^{vii} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/admission/graduate.html> 8/4-12
- ^{viii} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/medical/medicine.html> 28/8 2012
- ^{ix} <http://fudan.edu.cn/englishnew/about/studentsoff.html> 8/4-12
- ^x <http://fudan.edu.cn/englishnew/about/studentsoff.html> 8/4-12
- ^{xi} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/admission/undergraduate.html> 28/8-12
- ^{xii} <http://fudan.edu.cn/englishnew/about/guiyonghao.html>
<http://fudan.edu.cn/englishnew/about/chelimin.html> 30/11-11
- ^{xiii} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/about/history.html> 26/7-12
- ^{xiv} <http://www.shanghairanking.com/Institution.jsp?param=Fudan%20University> 18/10 -12
- ^{xv} <http://www.fudan.edu.cn/fudannews/englishnews.html> 3/6-11
- ^{xvi} <http://www.nordiccentre.org/> 3/6-11
- ^{xvii} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/research/program.html> 28/8-2012
- ^{xviii} <http://www.dn.no/forsiden/utenriks/article2178890.ece> 9/7-11
- ^{xix} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/alumni/listasso.html> 28/8-12
- ^{xx} <http://www.fudan.edu.cn/englishnew/alumni/association.html> 28/8- 12
- ^{xxi} <http://www.fuedf.org/usa/AboutUs.aspx> 17/11-11